

# Mannesport i kvinneklær

Ei kvantitativ og kvalitativ analyse av kvinner si rolle i NRK-sporten.



Anette Hjelle Volden

Masteroppgåve i medievitskap

Institutt for informasjons- og medievitskap

Universitetet i Bergen

Våren 2014

Bergen 15.05.14

Vegen har vore lang og krunglete, men desto enda betre er det å komme i mål.

Takk til Lars Arve Røssland for god rettleiing, engasjement og inspirerende samtalar om sport.

Takk til mine fire informantar som gav meg eit heilt nytt innblikk i kva det vil seie å vere kvinne i sporten: Karen- Marie Ellefsen, Anne Rognerud, Ida Nysæter Rasch og Kristine Norvik Skeide.

For latter, glede og uendeleg med støtte, takk til alle på lesesal 539.

Ein siste stor takk til venner og Daniel for tålmod og oppmuntring.

# Innholdsliste

<b>1. Introduksjon.....</b>	<b>5</b>
1.1 Problemstilling.....	5
1.2 Oppbygging av oppgåva .....	6
1.3 Forskingsfelt .....	7
<b>2. Historie og bakgrunn .....</b>	<b>8</b>
2.1 TV-sporten veks fram i NRK-fjernsynet .....	8
2.2.1 Kvinnene inntar sportsjournalistikken .....	10
2.2 Tidlegare undersøkingar om kjønn på TV .....	11
2.2.1 Sportsjournalistikk – noko for kvinner? .....	14
2.3 Roller i sporten .....	15
2.3.1 Ankerperson .....	17
2.3.2 Journalistar .....	18
2.3.3 Kjelder og publikumsforskning .....	19
<b>3. Metode .....</b>	<b>20</b>
3.1 Dagsrevyen .....	21
3.2 Kvantitativ innhaldsanalyse.....	22
3.2.1 Dei 32 sportssendingane .....	22
3.2.2 Analyse .....	24
3.3 Kvalitative intervju.....	25
3.3.1 Dei fire informantane .....	25
3.3.2 Gjennomføring av intervju .....	26
3.3.3 Transkribering.....	27
3.4 Metodekritiske refleksjonar .....	27
<b>4. Teoretiske perspektiv .....</b>	<b>30</b>
4.1 Frå reproduksjon til konstruksjon .....	30
4.1.1 Kjønn som habitus .....	32
4.1.2 Kjønn som performativitet .....	32
4.2 Å passe inn i «kjønnsbiletet».....	33

4.2.1	Hegemonisk maskulinitet og feminitet .....	36
4.2.2	Ein av gutta .....	37
4.3	Sport som maskulint verkemiddel.....	38
4.3.1	Fotball – for «sterke og kraftige gutter og mænd» .....	39
4.3.2	Sportsjournalistikkens felt, habitus og kapital .....	40
<b>5.</b>	<b>Kvinneunderskot i TV-sporten .....</b>	<b>43</b>
5.1	Kvinner oftast på skjermen som anker.....	44
5.1.1	Snakkar lengre .....	46
5.2	Ein av fem er kvinnelege reporterar.....	46
5.2.1	Mindre taletid.....	48
5.3	Tause kjelder .....	48
5.3.1	Falske bilete.....	49
5.4	Usynleggjering i mediesporten.....	50
<b>6.</b>	<b>Kvinnene som våga .....</b>	<b>52</b>
6.1	Kamp for likeverd .....	52
6.1.1	Kvinneleg alibi.....	56
6.2	Fallgruver.....	59
6.2.1	Prestasjonspress.....	63
6.2.2	Likestilling.....	65
6.2.3	Nedstøva kvinnekjeldearkiv .....	67
6.3	Ambivalent kvinnesak .....	69
6.3.1	Fragmentert identitet.....	71
6.3.2	Mannleg dominans.....	73
6.3.3	Sportsjournalistikkens identitetskrise .....	76
<b>7.</b>	<b>Avslutning – kvinners plass i sporten.....</b>	<b>78</b>
8.	Litteraturliste .....	81
9.	Vedlegg .....	88
10.	Kodebok .....	93
11.	Intervjuguide.....	95

# 1. Introduksjon

Den 11. juni 1978, atten år etter den fyrste fjernsynssendinga i Noreg, ser ein ei kvinne i sportssendinga på Norsk rikskringkasting (NRK). Karen-Marie Ellefsen har blitt den første kvinnelege sportsreporteren på norsk fjernsyn (Lohne 1980). Reaksjonane er sterke. Mest av alt kommenterer folk utsjånaden hennar, og etter kvart går diskusjonen også over på kunnskap. Den, skal det vise seg, er det ingenting å utsette på. Ellefsen meiner sjølv at ein av grunnane til dei sterke reaksjonane er at samfunnet speglar eit bilete om at sport berre er for «far», og at dette gjer at førestillinga om at sport berre er for menn blir haldt i live.

Merksemda som kvinne i sporten kjem ho likevel ikkje i frå. I eit intervju med VG fortel Ellefsen:

Oppmerksomheten har to sider. Egentlig er det diskriminerende at jeg blir «stoff» på grunn av jobben min. Vi burde etter hvert ha lagt bak oss tiden med kjekke oppslag om kvinnelige heisførere og skogsarbeidere og sportsjournalister. Er det ikke egentlig en selvfølge at kvinner kan ha slike jobber? (Lohne 1980).

Når me i dag tenkjer på likestilling mellom kjønn, vil nok dei fleste nordmenn meine at me har det ganske bra. På mange område har me kome lengre enn mange av dei tidlegare kvinnekjemparane hadde våga å håpa. Kvinner har kome langt og bana veg slik at dei mange kvinnene som kjem etter kan gjere det same. Dei har kjempa hardt og fortent fått tildelt prisen – ein veg inn i dei mannsdominerte yrkene.

Men på mange område er me framleis få. På mange område ser det ikkje ut til at kvinner skal meine så altfor mykje, snakke så altfor mykje eller vise at dei kan så altfor mykje. I denne oppgåva er det desse eg skal skrive om, kvinnene i sporten. Ikkje sjølv idrettsutøvarane me ser på TV, men dei som viser oss høgdepunkt, referat og intervju med mange av idrettsstjernene me ser på skjermen. Eg vil skrive om kvinnene som jobbar i sportsredaksjonen til NRK, og ikkje minst skal eg la dei kome til orde sjølv om korleis det er å jobbe innanfor kanskje ein av dei siste mannsbastionane i media, sportsredaksjonen.

## 1.1 Problemstilling

Det tok ikkje lang tid før eg skjønnte at kjønn, media og sport var noko eg ville skrive om. Eigne erfaringar som sportsinteressert har gjort at eg lenge har vore vitne til

idrettsarrangement, fotballkampar og sportssendingar og lurt på kvifor det har vore så få kvinner.

Media er med på gi oss ein idé om korleis verda fungerer og korleis menneske samhandlar. Dette gjer at mange av våre referansepunkt blir henta frå media, og ved at media gjentar mange handlingar, gir dei oss ein idé om kva som er naturleg og «normalt». Sjølv om mange ser på media med ein viss distanse, er det vanskeleg å ikkje la noko av det synke inn. Eit stort fokus på menn i sporten kan gi oss eit bilete av at menn er dei viktigaste når det kjem til sport. Dette skapar ei oppfatning om at sport er ein maskulin sfære, etter som menn er mest framtrедande både i innhald og på produksjonssida, i bilete og i tale.

Ein kan likevel ikkje seie at kvinnene er fråverande. Sakte, men sikkert har dei dukka opp som programleiarar, reporterar og kjelder. Men kvifor er dei så få?

I denne oppgåva skal eg spesielt gå inn på rolla som reporterane og ankerpersonane har på fjernsynet. Fokuset vil ligge på NRK og kvinnene vil få den største merksemda. Problemstillinga mi vil derfor ta utgangspunkt i kjønn og sport på fjernsyn.

I dette prosjektet har eg har valt å analysere sportssendingar kvantitativt, og i tillegg snakke med kvinnene som jobbar der. Problemstillinga vil derfor vere todelt. Den første problemstillinga går på korleis kjønnsrepresentasjonen er i sportssendingane til NRK, medan den andre går på korleis kvinnene sjølv opplever det å jobbe i ein sportsredaksjon.

1. I kva grad er kvinner representert i TV-sporten på NRK samanlikna med tidlegare?
2. Kva betyr det, i eit kjønnsperspektiv, at kvinner er representert i ulike roller i TV-sporten?

Sidan eg har valt å ha to problemstillingar, vil også analysen vere todelt. I kapittel fem vil eg først leggje fram resultata eg har fått av å analysere sportssendingane, og i kapittel seks vil eg ta for meg intervjuar eg har hatt med kvinnene som jobbar i sportsredaksjonen i NRK.

## **1.2 Oppbygging av oppgåva**

Mykje av bakgrunnen og historia for denne oppgåva er basert på andre studiar som har sett på kor ofte kvinnene slepp til i sporten med taletid som ankerpersonar og reporterar. Sidan fokuset mitt ligg på kven som jobbar med sport, i staden for dei som driv med idrett, vil eg starte kapittel to med å ta for meg sportsjournalistikken si historie på fjernsynet og tidlegare

undersøkingar av same type som det eg har gjort. I kapittel tre vil eg gjere greie for dei metodiske vala eg har gjort undervegs. I kapittel fire vil eg ta for meg den teoretiske bakgrunnen om kjønn, sport og media. Fokus i denne delen vil ligge spesielt på kjønn og kvinnene sin plass i sportsmedia. Teoriar som har vore viktig for kjønnsforskninga i Noreg vil vere sentrale. Kapittel fem er ein analyse av sportssendingane på NRK, og kapittel 6 vil ta for seg dei tilsette sine tankar om sin eigen arbeidssituasjon.

### 1.3 Forskingsfelt

Sjølv om Noreg er eit likestilt land på mange område, er det framleis rom for fleire kvinner på TV-skjermen, særleg i sporten. Mange av dei tidlegare undersøkingane som har fokusert på kjønn i sporten, har fokusert på kor ofte eller korleis idrettsutøvarane blir framstilt på fjernsyn. Det kan virke som om kvinnene som del av nyheitsbiletet har vore meir interessant enn kven som presenterer og skapar nyheitsbiletet. Medan dei fleste bøker, tidsskrift og artiklar eg har tatt for meg handlar om korleis idrettsutøvarane er representert i media, er det få som har sett på dei som faktisk jobbar med sportsnyheitene. Rolla som ankerperson og reporter er som oftast nemnt i forbifarten der eg har funne stoff. Det er likevel nokre rapportar som har vore viktige. Dette er blant anna *Hvem snakker i NRK?*<sup>1</sup> og Birgit Eie sin europeiske studie frå 1998 *Who speaks in Television? An international comparative study on female participation in television programmes*.

*Hvem snakker i NRK?* vart utført over fleire år, der den siste undersøkinga vart gjort i 1994. Fokuset i desse undersøkingane var kven som snakka i NRK sine sendingar. Her tok ein høgde for eksterne og interne<sup>2</sup> som slapp til med taletid. I 1998 kom Birgit Eie med ei liknande undersøking. Denne vart gjort i samarbeid med fleire land i Europa. Det som har vore interessant med desse rapportane er å sjå korleis utviklinga har vore over tid.

Medan desse rapportane hadde store kvantitative undersøkingar, vil ikkje mi oppgåve bli så omfattande med tanke på analysmateriale. I staden har eg valt å supplere med intervju av kvinnene som jobbar i NRK sin sportsredaksjon.

---

<sup>1</sup> *Hvem snakker i NRK?* er ei undersøking som vart gjort internt i NRK. Desse vart gjort i 1973, 1983, 1988, 1991 og 1994.

<sup>2</sup> Interne vil her seie dei som er tilsette i NRK. Dette utgjer i mi oppgåve ankerperson og reporter. Eksterne vil her seie alle som ikkje er tilsett som kjem med taletid. Eg vil i mange tilfelle kalle desse kjelder.

## 2. Historie og bakgrunn

Historia til sportsjournalistikken på TV i Noreg starta samtidig med opninga av fjernsynet i 1960. Sidan det er kvinnene som er i fokus i denne oppgåva, vil eg gå djupast inn på deira rolle som sportsjournalistar, samtidig som framveksten av sporten i NRK fjernsynet vil stå som ein sentral del<sup>3</sup>. Det vil også bli lagt vekt på korleis kvinner tidlegare opplevde det å drive med sportsjournalistikk, og eg vil i denne samanhengen også vise til tidlegare undersøkingar som handlar om kva plass kvinnene har hatt historisk i sportsmedia.

NRK si rolle som sportskringkastar vil bli sett lys på. Eg vil også trekke fram rollene ein kan ha i sporten som er viktig i mi analyse. Dette vil seie ankerperson og reporter, men kjeldene vil også få merksemd. Ankerperson vil i mi oppgåve seie den som presenterer sportsnyheitene, og snakkar mellom innslaga av sportsnyheiter. Reporter vil i denne samanhengen seie dei som presenterer ei sak. Dette vil vere den personen som snakkar om hendingar som har skjedd eller skal skje. I denne delen vil også kjelder i nyheitsbiletet bli presentert. Kjelder vil her seie alle eksterne som slepp til med taletid i sportssendinga. Sjølv om kjeldene ikkje har ein sentral plass i sjølve oppgåva har eg likevel valt å ha med desse i bakgrunn- og analysedelen. Ved å ha med kjeldene får ein eit større bilete på kva plass kvinner har i sporten generelt. I tillegg er kjeldene relevant i diskusjon omkring kvinner sin plass som anker og reporter.

### 2.1 TV-sporten veks fram i NRK-fjernsynet

Norsk rikskringkasting blei etablert i 1933, og radioen blei i løpet av 30-åra allemannseie. Mediet hadde ei eineståande evne til å distribuere nyheiter, sport, vêrmeldingar, opplysande program og underhaldning. Samtidig sette det lyttarane i kontakt med verda utanfor (Gripsrud 2007). Kringkasting handla ikkje utelukkande om å informere og kontrollere, den dreidde seg også om å setje heile befolkninga i samband med den sentrale offentlegheita og gjere folk flest i stand til å danne ei oppfatning og foreta sine egne val på grunnlag av kunnskap om kultur og samfunn. Radio og fjernsyn skulle vere tilgjengeleg for heile befolkninga for ein rimeleg penge på linje med vegar, vatn, elektrisitet og andre «offentlege godar» (Gripsrud 2007:288).

---

<sup>3</sup> Sport og idrett vil her bli brukt om kvarandre. Når eg snakkar om sport og idrett snakkar eg om profesjonell toppidrett i media.



Eit av dei viktigaste kriteria for korleis fjernsynet utvikla seg i Noreg var at løyvet til å starte prøvesendingar blei gitt til den statlege radiokringkastaren. NRK tok ivrig på seg oppgåva. Radioerfaringane var nok ein fordel, men la samtidig klare føringar på korleis det blei tenkt rundt utforminga av det nye mediet. Blant anna blei dei programformene ein hadde frå radioen overført til det nye biletmidiet. NRK var ikkje heilt ukjent med levande bilete, men det innebar likevel ei stor utfordring å skulle utforme og etablere eit heilt nytt medium. Det vart derfor naturleg at ein såg til sine kollegaer i utlandet som allereie hadde fleire år med erfaring, og utgangspunktet av programplanlegginga vart derfor inspirert av blant anna BBC. Sport fekk ein sentral plass i NRK sine programplanar, slik det var tradisjon for i nabolanda (Hodne 2001:30). NRK starta sine prøvesendingar i januar 1954. Dei første overføringane av idrett kom allereie i februar same året, med overføring av VM på skøyter på Bislett og frå Holmenkollrenna (ibid.).

I 1994 skulle Noreg arrangere vinter-OL, og NRK fekk ansvar for sendingane. OL på Lillehammer blei ein stor suksess, både for NRK og Noreg som vintersportnasjon. Fjernsynet sine sportssendingar bidrog til å popularisere idretten på ein ny måte. Sendingar frå store arrangement som VM og OL fekk store sosiale tydingar ettersom det begynte å innebere avbrot i kvardagen sine rutinar og fekk folk samla rundt fjernsynet (Dahlén 2008:218). No kunne dei ikkje berre høyre kva som skjedde, slik dei tidlegare hadde gjort med radioen, men med egne auge følgje med på dei store hendingane.

Sjølv om dei store arrangementa fekk mange sjåarar, inneber ikkje sport på fjernsyn berre direkte overføringar. For NRK har *Sportsrevyen* vore eit fast innslag nesten sidan starten. NRK satsa også i seinare år på daglege sportsnyheiter. I september 1995 innførte NRK ei sportsnyheitsending kvar kveld klokka 21.25 i vekedagane. Det var lenge eit ynskje for NRK å få sport til å bli ein del av nyheitssendinga, og etablere det på lik linje med andre nyheiter som politikk, kultur og økonomi. Sport var nemleg blitt ein stadig viktigare ingrediens i nyheitsbiletet generelt i 1990-åra. Nyheitsleiinga i NRK meinte sportsnyheiter kunne vere med på å oppretthalde, bygge opp og eventuelt tilfredsstillе den interessa som fanst for sport (Eileng 2002:45). I 1999 introduserte NRK sportsnyheiter integrert i nyheitssendinga.

### 2.2.1 Kvinnene inntar sportsjournalistikken

Bjørge Lillelien var ein av dei som fekk ansvaret for å byggje opp ein sportsredaksjon i NRK på 1960-talet. Lillelien sette sitt preg på overføringar av store idrettsarrangement i over 20 år, og blei internasjonalt berømt for sine fargerike kommentarar (Loland 1995:189).

At det var menn som var med å bygge opp sporten på NRK slik me kjenner han i dag, er noko ein kan lese i dei fleste historiebøker. Menn var dei første som dreiv med sport, skreiv om sport og las om sport. Kvinnene måtte kjempe for å komme til, for oppfatninga var at kvinner ikkje hadde nokon plass i sporten. Oppfatninga blant folk var at sporten var mannen si verd og kvinner hadde ikkje interesse nok til å drive med sportsjournalistikk.

Det finnes så få kvinnfolk som er interessert i f.eks. fotball – og så har de ikke samme dramatiske blikk for idrett. [...]. Dessuten skulle det medføre en enorm folkestorm. Folk vil absolutt ikke høre en kvinnelig ski-referent. Det ville bli en forferdelig reaksjon blant disse menneskene som ikke vil ha noe nymotens – høre et fruentimmer snakke om ski – og enda verre om det var fotball (Vogt 1984:1).

Sitatet er henta frå ei undersøking blant svenske journalistar og seier mykje om kva skepsis dei første kvinnene som våga seg inn på sportsjournalistikken blei møtt med i 1974.

Då den første kvinna søkte om medlemskap i Norske Sportsjournalisters Forbund (NSF) i 1973 vart det nesten panikk i forbundet sine øvste organ. Søknaden blei trenert i det lengste. Årsaken var at ein pleidde å vise pornofilmar på medlemsmøta (Vogt 1984:1). Tydlegare kunne det knapt demonstrerast at sportsjournalistikken si verd ikkje var nokon stad for kvinner om å stå på like fot med menn.

På det historiske møtet, der den første kvinna som blei tatt opp som medlem i NSF var med, satt ei 19 år gammal jente og stirra i veggen medan fulle mannlege kollegaer underholdt seg med grove pornofilmar. Heile opplegget blei så pinlig at filmtradisjonen blei droppa (ibid.).

I 1984 var det framleis ikkje meir enn fire kvinner i NSF, i tillegg til nokre kvinner som dekkja sport i lokalaviser når mennene hadde fri. Alle var dei blitt fortalt at sport ikkje passa for kvinner, mykje på bakgrunn av at mannfolka ikkje ville akseptere det. Ein anna unnskyldning som blei brukt var at sportspublikummet ikkje ville finne seg i å bli informert av ei jente. Dei kvinnene som hadde forsøkt seg som sportsjournalistar stadfesta at dei blei møtt med forundring den første tida. Likevel virka det som at skepsisen var større innad i sportsredaksjonen enn ute i idrettsmiljøet og blant publikum (Vogt 1984:2).

At kvinnene ikkje kunne gå inn i garderoben til gutane var også eit argument som vart brukt mot å sleppe til kvinner i sportsjournalistikken. Når det aldri vart brukt som argument at

mennene ikkje slapp til i jentegarderoben, hang dette saman med at kvinneidrett ikkje vart vurdert som så viktig at ein trengte å dekke det på det same intense nivået.

I USA har konkurransen om idrettsstoff vore enda hardare. For å ha ein sjanse til å hevde seg i konkurransen om reportasjejobbane måtte kvinnelege sportsjournalister i USA gå til rettssak mot arrangørar og lagsleiarar som nekta dei tilgang til garderobane. Hausten 1978 vant Melissa Ludtke frå tidsskriftet *Sports Illustrated* den første rettssaken mot det amerikanske baseballforbundet og eigarane av Yankee Stadium i New York. Dommaren, som var ei kvinne, meinte at alle journalistar måtte ha lik tilgang til å snakke med spelarane etter kampen (Vogt 1984:3).

Ein serie liknande rettssakar følgde innanfor fotball, basketball og ishockey. Resultatet vart eit medieopprør retta mot dei kvinnelege journalistane som blei skulda for å ha valt å jobbe med sport berre for å få anledning til å sjå på nakne mannfolk.

I Noreg har ikkje nakenheit vekka dei same hysteriske reaksjonane, norske kvinnelege sportsjournalistar gjekk uansett inn i garderoben dersom dei ikkje hadde tid til å vente på at spelarane skulle skifte. Men dei måtte likevel tåle kritikk fordi dei var kvinner. Ei kvinne opplevde å bli ringt av ein mannleg kollega frå ei konkurrerande avis som skulda ho for å ha «lege seg til» eit intervju med ei idrettsstjerne (Vogt 1984:3).

## 2.2 Tidlegare undersøkingar om kjønn på TV

Som ein kan sjå i avsnittet ovanfor hadde kvinner vanskeleg for å skape seg eit namn som sportsjournalist. Men problemet fanst ikkje berre i sportsredaksjonane, det var fleire kvinner som følte seg oversett. Dette førte til at kvinner som jobba i NRK bestemte seg for å dokumentere kvinner sin taletid i eteren. Den første rapporten *Hvem snakker i NRK?* blei laga i 1973 og tok for seg kvinner sin medverknad<sup>4</sup> på fjernsyn og radio. 1970-talet bar preg av å vere ei tid der det blei arbeida for å synleggjere skeivheit mellom kvinner og menn i samfunnet. Kvinnene i NRK var opptatt av likestilling og kravde at kringkastinga skulle sette likestillingsspørsmål på dagsorden. Poenget med rapporten var at ein skulle dokumentere kvinner og menn si taletid på fjernsynet og i radio og presentere dette for leiinga i NRK. Resultatet var hardtslåande. Berre 25 prosent kvinner medverka i løpet av ein firevekersperiode på fjernsyn.

---

<sup>4</sup> Kvinner sin medverknad vil (akkurat i denne samanhengen) seie alle kvinner som kom til orde i programma, både interne medarbeidarar og eksterne.

Oppfølgjaren kom i 1983. Likestillingslova hadde på denne tida blitt ein del av Noreg sine lover og NRK vart pålagt å jobbe med likestilling innad i bedrifta. Eit korps av NRK-kvinner talte alle som kom til orde på fjernsynet, og prosenten hadde stige til 27. *Hvem snakker i NRK?* rapportane blei også laga i 1988, 1991 og 1994. Kvinnene i NRK kunne dokumentere at det gikk sakte med likestillinga på dette området. I NRK sin handlingsplan blei det uttalt at dei skulle ha ei målsetting på 40 prosent kvinnedeltaking innan utgangen av 1994. Den siste rapporten som kom i 1994, viste at målsettinga ikkje var nådd. Ein tredjedel av dei som snakka i NRK var kvinner. Kvar kvinnene slapp til, varierte mykje (Skretting 1996:165).

I 1998 kom den europeiske undersøkinga *Who speaks in Television? An international comparative study on female participation in television programmes* (Eie 1998). Her tok dei igjen for seg kven som snakka på NRK TV. Resultatet viste at det framleis var store kjønnsforskjellar når det kom til kven som snakka i fjernsynet, og sporten var den kategorien der færrest kvinner slapp til. Også dei tidlegare undersøkingane frå NRK viste at kvinnene hadde vore ei marginal gruppe i sporten.


Det dei konkluderte med i *Hvem snakker i NRK?*-rapporten frå 1983 var at NRK hadde lagt for mykje vekt på å ikkje vere verken høgre- eller venstreorienterte, og det å snakke nok nynorsk, at dei gløymte eit anna viktig balansespørsmål: det mellom kvinner og menn (*Hvem snakker i NRK?* 1983). I kapittelet *Sport* kan ein lese at andelen kvinner er veldig låg. I *Sportsrevyen*, *Sportsrunden* og *Sport i dag* var det nesten fråvær av kvinner tidleg på 1980-talet. Andelen menn var overveldande.

Frå 1988 hadde dei også tatt med taletida<sup>5</sup> til den som snakka på skjermen. Andelen kvinner som snakka i NRK fjernsynet i 1988 var 32 prosent. I 1994 var talet gått ned til 30 prosent. Dei nyare undersøkingane innehaldt også ein oversikt over kva program kvinner og menn medverka i, og sporten var eit av dei programma der kvinnene var minst representert. Kvinnene snakka 8,9 prosent av den totale taletida i fjernsynet når ein viste sport i 1994. Når ein derimot ser på kor mange kvinner som medverka i sportssendingane er prosenten oppe i 28,2 (*Hvem snakker i NRK?* 1994:23-24). I rapporten frå 1994 kom det fram at kvinner framleis var underrepresentert i sportssendingane (*Hvem snakker i NRK?* 1994). Frå 1991 til 1994 hadde kvinnene gått opp 6 prosent som medverkande i sportsprogramma. Taletida til kvinnene hadde derimot gått ned over 5 prosent, sjølv om kvinnene var blitt fleire. I figuren under kan ein sjå den generelle utviklinga kvinnene har hatt frå 1973 til 1994.

---

<sup>5</sup> Tidlegare hadde ein berre talt med kor mange som medverka i programma. I 1988 byrja dei også å ta tida på dei som snakka og kunne derfor dokumentere kor lenge kvinnene snakka i forhold til mennene.

**Figur 1:** Kvinner og menn si totale taletid og medverknad i NRK. 1973 til 1994.<sup>6</sup>



Kjelde: *Hvem snakker i NRK?* 1994.

Som ein kan sjå her låg kvinnene sin medverknad og taletid ganske stabilt, medan menn sin medverknad har gått litt ned. Det er likevel rart at sjølv om kvinnene sine medverknad har auka, så har taletida gått ned frå 1988 til 1994.

I den globale undersøking kalla *Who makes the news? Global media monitoring project 2000* gjort av Spears og Seydegart (2001), kan ein sjå at kvinnene låg jamt med menn når det gjeld ankerrolla tidleg på 2000-talet. Kvinnene låg på 44 prosent, medan mennene låg på 56 prosent. I denne undersøkinga, som i dei andre eg har nemnt, kan ein finne dei største forskjellane under sportskategorien. Her stod kvinnene for 39 prosent av ankerrollene, medan menn regjerte med 61 prosent. Den same kjønnsforskjellen har dei også funne blant reporterar på fjernsyn. Sjølv om kvinner generelt er lågare representert som reporterar enn som ankerpersonar, med 36 prosent kvinnelege reporterar og 64 prosent for menn, er det igjen under sportskategorien kvinnene har sleppe minst til. Med 15 prosent kvinnelege sportsreporterar og 85 prosent menn kan ein kanskje slå fast at sporten er mannen si verd (Spears og Seydegart 2001).

Tendensar på at kvinner har vore fråverande på sportsarenaen kan me også sjå innan idretten. Kvinner sin underordning gjennom idretten har sine historiske røter heilt tilbake til dei første olympiske leikane i Athen i 1896. Her deltok det ingen kvinner og det fanst ei stor

<sup>6</sup> Tabellen er i prosent.

misnøye mot kvinnelege idrettsutøvarar. Dei styrande menn sitt argument gjekk ut på at kvinner var meir sårbare enn menn, og at deira fertilitet kunne synke dersom dei dreiv med aktivitet. Ved sommar-OL i Mexico 1968 utgjorde kvinner 14 prosent av dei konkurrerande. I år 2000 låg føresetnadane til rette for at kvinnelege idrettsutøvarar kunne delta i fleire greiner, men sommar-OL i Sydney viste likevel at kvinner berre utgjorde 38 prosent av utøvarane.

Denne skeive kjønnsstrukturen er enda tydelegare innan IOC (Den Internasjonale Olympiske Komité) som organisasjon. Fram til 1980 var det berre menn i leiinga, og for nokre år sidan utgjorde kvinner 10 prosent (Dahlén 2008:475). Desse historiske fakta viser at kvinner har vore, og framleis er, ein annanrangs borgar i idretten si verd. Men kva er grunnen til at kvinner framleis er fråverande i sporten? Allereie på 70-talet gjorde kvinnene seg meir og meir gjeldande på sportsarenaen og kvinnekampen hadde byrja å slå ut for fullt. I 1978 kom likestillingslova som særleg skulle ta sikte på å betre kvinner si stilling. I media var det likevel ein intern kamp i mange sportsredaksjonar for å få kvinner til å sleppe til med taletid.

### **2.2.1 Sportsjournalistikk – noko for kvinner?**

Ei kartlegging av norske journalister utført av Institutt for Presseforskning i 1974 viste at åtte prosent av dei mannlege journalistane jobba med sport, mot ein halv prosent av kvinnene. I 1984 var situasjonen framleis den same (Vogt 1984). Når sportsjournalistane sjølve vart spurt om kvifor det var så få kvinner som søkte seg til yrket, vart det nemnt fire viktige faktorar.

1. *Miljø*: Damer og sprit vart her tatt opp som eit tema. Kvinnene i dei norske sportsredaksjonane meinte at ein måtte vere tøffe og fulle av sjølvtilitt for å overleve i det spesielle miljøet som sportsjournalistane utgjorde. Du måtte vere med på mannen sin «prat» for å bli akseptert, og oppføre deg halvvegs som mannfolk. «Du må ikke sippe, og ikke se ut som en fotomodell. Du må være med på en halvgrisete jargong [...] og ikke på død og liv snakke kvinnesak» (Vogt 1984:5).
2. *Arbeidsforhold*: Journalistane meinte den ukvæme arbeidstida hadde innverknad. Arbeidsmiljølova frå 1977 endra noko av dette, men framleis var det slik at i dei mest hektiske sesongane jobba mange kvar helg. Den tradisjonelle oppfatninga var at kvinner prioriterte familieliv framfor karriere og derfor unngikk arbeidssituasjonar som innebar mykje helg- og kveldsjobbing.

3. *Status*: Sportsjournalistar har låg status. Sportsjournalistar blei oppfatta som annanrangs journalistar. Denne oppfatninga var utbreidd både blant sportsjournalistane sjølv og dei andre journalistane i andre redaksjonar, men sånn sett burde jo sportsjournalistikk eigna seg godt for kvinner på denne tida då dei såkalla kvinnfolk-yrkene på dei fleste felt i samfunnet nettopp var dei som gav minst prestisje (Vogt 1984:6).
4. *Tradisjonar*: Under samtalar med norske kvinnelege sportsjournalistar kom det fram at dei trudde det var interesse for sport blant jenter, men at dei ikkje turte å søke fordi dei såg at det var så få jenter som klarte det. Utsiktene mot å kanskje bli den einaste jenta i eit mannsdominert miljø heldt jentene vekk frå å søke (ibid.).

Dei kvinnene som begynte som sportsjournalistar på denne tida fekk fort lære at det menn presterte var viktig uansett, medan kvinnene sine idrettsprestasjonar berre var interessant dersom dei hevda seg i verdstoppen. Som ovannemnte undersøking viser følte mange av dei kvinnelege sportsjournalistane at dei måtte bevise sin kompetanse på ein annan måte enn det kanskje mennene måtte. Førebilete kom også fram som noko som mangla for kvinnene. Dei hadde ingen å sjå opp til og dette førte til at kvinner ikkje turte å søke seg til jobbar som var dominert av menn. Det kan virke som om heile miljøet var veldig mannsdominert og dette prega kvinnene sin kvardag på forskjellige måtar. Det som kom fram i 1984 var at det var fleire grunnar til at kvinnene vegra seg for å steppe inn i sportsjournalistikken, og at dette samla kunne utgjere ein årsak til at det var så få kvinner der. Men tidene har forandra seg sidan 80-talet, fleire kvinner har fått plass i norske sportsredaksjonar, men dei er enda få. Det verkar framleis som at kvinner passar betre til nokre roller, og mindre til andre.

### **2.3 Roller i sporten**

Abalo og Danielsson (referert i Dahlén 2008:303) har i sin studie også prøvd å gi nokre svar på kvifor kvinner er underrepresentert i sporten. Eit viktig utgangspunkt er at sporten er laga av og for menn, og dette har gjort at det framleis er ein arena der få kvinner har fått innpass. Dahlén (2008) trekker fram fire punkt frå Abalo og Danielsson som han meiner er viktige forklaringar på kvifor kvinner er sjeldan å finne i sporten:

1. For det første får ikkje idrettskvinner like mykje plass i media som menn. Dette gjeld både idrettar som blir sett på som kvinnelege og mannlege.
2. Det andre er at kvinner sine prestasjonar ofte blir sett ned på i media, dei blir marginalisert og trivialisert.
3. Det tredje punktet til Abalo og Danielsson (i Dahlén 2008:303) er at det sportsjournalistiske språket kan tenkast å driva vekk kvinner fordi det er fylt med mannlege sjargongar frå krig, jakt og teknikk. Dei sportsjournalistiske tekstane er tydeleg adressert til menn og derfor er det rimeleg å tru at også menn blir meir tiltrekt av språket.
4. Det siste punktet dei trekker fram er at sportsredaksjonane hovudsakleg består av menn. Sportsjournalistikken blir vinkla, framstilt og fortalt av og for menn og dette blir derfor påverka av kva kjønn ein har. Det er med andre ord ikkje rart at kvinner blir mindre tiltrekt av mediesporten enn menn (Dahlén 2008:304).

Her kan ein sjå at Abalo og Danielsson (referert i Dahlén 2008) trekker fram nokre av dei same punkta som Vogt (1984). At sportsredaksjonen er dominert av menn både diskursmessig og ideologisk verkar å vere avskrekkande på nokre kvinner. Kvinnene risikerer å måtte jobbe i ein redaksjon der deira arbeid og måte å vere på kan bli sett ned på fordi dei ikkje har det «riktige» kjønnnet.

Det er likevel slik at ingen menn eller kvinner er like. Ingen kvilar sikkert eller trygt i identiteten som kvinne eller mann, me skapar alltid oss sjølv. I denne skapingsprosessen samhandlar me med og speglar oss sjølv i andre kvinner og menn, både dei me møter ansikt til ansikt, og dei me kjem i kontakt med via media (Skretting 1996:164). Både film og fjernsyn er med på å gi levande bilete av korleis identiteten som kvinne eller mann kan bli levd. At kvinner har få førebilete i sporten kan vere ein årsak til at mange ikkje vågar å prøve seg. Det kan virke som at nokre roller er skapt for kvinner, medan andre er skapt for menn. Eg skal no ta for meg nokre av rollene ein kan ha i ein sportsredaksjon. Her vil ankerperson, journalist og kjelde vere tre viktige punkt. Under desse punkta vil eg også ta for meg nokre av dei undersøkingane som er gjort på desse rollene tidlegare.



### 2.3.1 Ankerperson

Programleiaren eller ankerpersonen er det berande element i studiobaserte program og samtidig TV-media sin fremste formidlar mellom institusjon og sjåar. Vedkomande stiller spørsmål til andre i studio, gir ordet vidare og står fram som den som bestemmer framdrifta i fjernsynsprogrammet. Programleiaren kan nærast bli sett på som institusjonen si personifisering i konkurranse om sjåarane sin merksemd, lojalitet og identifikasjon. Ofte er programleiaren også populærkulturelle ikonar og rikskjendisar. Gundersen og Mühleisen (2006) tar utgangspunkt i at kjønn blir iscenesett. Det betyr at me tenkjer oss kjønn som noko som kan bli forandra, noko som inneber val, og ikkje som noko naturleg – gitt ein gang for alle. Det gjeld både på og utanfor TV-skjermen. Men korleis kan ein påstå at ein TV-kanal isceneset kjønn? Vi førestiller oss ikkje dette som ein intendert, gjennomtenkt strategi frå leiinga si side, ei heller er det opp til dei ulike programleiarane å skape eit eige image i feminin eller maskulin retning. Det er snarare slik at programleiarane sin personlegdom og kulturen sitt generelle og ofte ubevisste «kjønnsrepertoar» blandar seg – på uoversiktleg måte – med kanalprofil, fjernsynskonvensjonar og sjangerkrav (Gundersen og Mühleisen 2006:158). Saman verkar dette inn på korleis kvinnelege og mannlege programleiarar står fram på skjermen. Fjernsynet si iscenesetting av kjønn i programleiarrollen må dermed bli betrakta som eit samla bilete, eit inntrykk av det som møter oss som fjernsynssjåarar, og som er eit resultat av mange val på ulike nivå i kanal-hierarkiet.

Tradisjonelt sett har nokre programkategoriar gjerne blitt betrakta som «kvinnelege», og andre som «mannlege». Typisk er kvinner sine antatt formidlande eigenskapar og sosiale kompetanse sett inn i programformat som talk show om kjensler, relasjonar, seksualitet og samliv. Gjerne tema som tar føre seg private og intime spørsmål, slik som til dømes *Oprah Winfrey Show*. Sportssendingar har tilsvarande vore eit mannleg domene, blant anna fordi dei sterke kjenslene, det involverte publikummet og det sterke kroppslege fokuset er sett på som noko offentleg i denne samanhengen (Gundersen og Mühleisen 2006:160).

Programleiarrolla vil ofte innebere ein balansegang mellom å utstråle autoritet, autensitet og attraktivitet. Fjernsynsmedia har dei siste åra blitt skulda for ei feminisering og ein påfølgjande trivialisering blant anna gjennom satsing på yngre kvinner som programleiarar. Ei undersøking gjort av Dahl og Klemetsen (2000) viser ein forskjell i måten kvinner og menn blir portrettert i media. Kvinnene er i større grad yngre enn mennene. Dei peikar på at kvinnene gjerne er «dekorative», medan menn er interessante objekt livet ut (Dahl og Klemetsen 2000:60).

### 2.3.2 Journalistar

I Noreg viser historia at kvinnelege sportsjournalistar og kommentatorar har vore sjeldne. I ei undersøking av Dan Akerø (1973-74, referert i von der Lippe 1977:27) viser han korleis sportssendingane på fjernsyn var dominert av menn, både på og bak skjermen. I eit år studerte Akerø sportssendingane på NRK, og fann at heile 81,3 prosent av sendingane inneheldt menn, medan 6,8 prosent inneheldt kvinner.

Ei undersøking gjort av Sæter (2005), der ho snakkar med tilsette i forskjellige aviser, viser at dei fleste meiner det er positivt med kvinner i sporten. Ein av informantane fortel at han ynskjer at det skal bli fleire kvinnelege journalistar i sportsjournalistikken, men at det er knytt fordommar til det. Han meiner det er dei «macho» jentene som byrjar som sportsjournalistar og dermed vidarefører dei mannlege verdiane som mange meiner sporten inneheld (Sæter 2005:91). Ei som støttar dette synet er medieforskaren Liesbeth van Zoonen. Ho meiner at kvinner i media ofte blir sosialisert inn i ei dominerande journalistisk norm som er «mannleg» (1988, referert i Gjørven, Grønn og Vaagland 2000:81).

I dag jobbar fleire journalistar enn før innanfor media som skapar kanalar for spesielt interesserte, som til dømes sport. I mediebransjen finst det enda ein slags uformell arbeidsinndeling, der rollene i redaksjonen til ein viss grad følg det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret. Kvinnelege journalistar finst i størst grad i vekeblad, så i fagpresse og etermedia, og til sist i dagspresse. Innan dei tradisjonelle media finst kvinner i større grad på feature og i mindre grad på sport, utanriks og økonomi (Eide 2012:138). Ifølgje Elisabeth Eide (1996) blir kvinnelege journalistar satt til å dekkje kvinner, barn, familie, mote, helse og sosial, forbrukarstoff og omsorg i alle variantar. Eide sin konklusjonen er at kvinner får tildelt dei «mjuke» stoffområda.

I boka *Det koster å være kar – særlig når en er kvinne* frå 1984, kom Torild Skard til den same konklusjonen som Eide (1996). Ho fann ut at det var ei tydeleg stoff-fordeling i redaksjonane, og at kvinnene generelt fekk oppgåver som var betrakta som dårligare og mindre prestisjefulle enn det mennene fekk (Skard 1984).

Med andre ord: Uansett kva ballast dei kvinnelege journalistane kjem inn med i redaksjonane, så eksisterer det ein kultur som er mannleg definert som definerer kva kvinnene skal eller bør bry seg om (Eide 1996:130).

### 2.3.3 Kjelder og publikumsforskning

Ei undersøking av Eide og Orgeret frå 2010 – der fleire sentrale media i Noreg var med – indikerer at kvinner og menn også får forskjellige roller som kjelder i media (Eide 2012). Menn dominerer i rollene som ekspert eller kommentator med 82 prosent. Som talsperson utgjør dei to tredelar. Når det derimot kjem til å bidra med personleg erfaring, blant anna som ein case, illustrere ein forskingsrapport eller konsekvensane av ein sjukdom, er kvinnene dominerande. Ifølgje undersøkinga (Eide 2012:136) var meir enn to tredelar av denne kjeldetypen i nyheitsoppslaga kvinner. Kvinnene er også solid representert som offer, med 62 prosent av alle omtalte offer for naturkatastrofar, fattigdom, vald heime eller ute, eller for kriminalitet. Denne skeivheita signaliserer noko om mediemakt: Mannlege kjelder får i langt større grad enn kvinner definere samfunnet og bakgrunnen for nyheitene. Undersøkinga viser at meir enn tre firedelar av dei personane nyheitsmedia omtalar eller brukar som kjelder framleis er menn, og at endringa i retning av meir lik fordeling går sakte (Eide 2012:136).

Ei anna forskning som har tatt for seg medietendensar er ei undersøking frå Sigurd Høst (1998). Høst har tatt for seg forskjellane mellom menn og kvinner sine medievanar. Sportssendingar er blant anna det som viser til eit stort skilje mellom kvinner og menn. Lange reportasjar frå fotballkampar, friidrett, skøyteløp og langrenn hentar langt fleire mannlege enn kvinnelege sjåarar (Høst 1998:72). Menn les også meir sport i aviser enn kvinnene. Er dette fordi sport er ein mannleg arena? Eller har fjernsynet bidrege til, gjennom sakene dei set fokus på, at sporten gir mannen akkurat det han vil ha? Noko som også er interessant når det kjem til kvinner og menn sine vanar, er at områda som kvinnene tradisjonelt har vore mest interessert i, som sosiale problem, personalia, kunst, kultur, skule og undervisning, skårar også høgt blant befolkninga som heilskap, medan det mest utprega «mannsinnhaldet» som sport, blir mindre sett av befolkninga som heilskap (Høst 1998). Likevel har sportssendingane fortsatt auke sidan 1990-talet.

### 3. Metode

At kvinner har kjempa for å komme inn på sportsfronten både i media og i idretten er det ingen tvil om. NRK har lenge hatt som mål å auke den kvinnelege andelen tilsette i sporten og grunnen til at dei ikkje har nådd måla sine kan ha mange grunnar. NRK har eit samfunnsansvar når det kjem til å reflektere befolkninga. Kringkastaren skal spegle Noreg sine interesser og *Dagsrevyen* har lenge vore NRK sitt viktigaste og mest sette program. Dette er ein av grunnane til at eg har valt NRK som analysemateriale i mi masteroppgåve, og derfor eg skal sjå på sportsnyheitene integrert i *Dagsrevyen*. Kanalen skal vere kjønnsnøytral, det skal vere lik fordeling mellom kvinner og menn – i sendingar, studio, intervjuobjekt og personell. Dette gjer det ekstra interessant å sjå kor ofte kvart kjønn er representert i desse sportsnyheitene.

Denne oppgåva vil innehalde både kvantitativ og kvalitativ metode. I den kvantitative delen har eg analysert 32 sportssendingar på NRK1. I den andre delen av oppgåva har eg gjort fire intervju med kvinner som er tilsette i sportsredaksjonen i NRK.

Dei norske studiane om kjønnsfordelinga i NRK har vore ein viktig føresetnad for arbeidet (Eie 1998, *Hvem snakker i NRK?*), men sidan desse byrjar å bli nokre år gamle, valte eg å gjennomføre mi eigen undersøking. I mi undersøking vil eg sjå på representasjonen av kjønn i sportssendingane som går innunder *Dagsrevyen*. *Dagsrevyen* er stadig på førsteplass som det mest sette nyheitsprogrammet på norsk TV. Med ein marknadsdel på 47,3 prosent i 2012<sup>7</sup> (MedieNorge), synest eg det er viktig å sjå korleis sportssendingane i dette programmet blir framstilt til det norske folk. Medan mange av tidlegare oppgåvene og rapportane av denne typen har fokusert på det kvantitative, har eg valt å supplere med intervju, for å få dei kvinnelege tilsette sitt syn på kva det vil seie å vere kvinne i ein sportsredaksjon.

Sportssendingane som er analysert går under programmet *Dagsrevyen* som startar klokka 19.00 på NRK1. Dette gjeld også laurdag og søndag. Grunnen til at eg har valt desse sendingane, men ekskludert *Sportsrevyen* på søndagar, er fordi *Sportsrevyen* er ei rein sportssending. Dette vil påverke mi undersøking fordi eg er ute etter kva «mannen og kvinna på gata» får med seg av sport når ein ser *Dagsrevyen*. Sidan *Sportsrevyen* er ei rein sportssending vil denne trekke til seg fleire spesielt sportsinteresserte. Sidan *Dagsrevyen* blir sett av «folk flest» har eg derfor valt dette programmet når eg skal sjå på kor mange menn og kvinner som slepp til med taletid i sportssendingane.

---

<sup>7</sup> NRK har ein marknadsandel på 47,3 prosent i tidsrommet 18.30 – 20.00. I dette tidsrommet går *Dagsrevyen*.

Kven som slepp til med taletid i sportssendingane vil stå sentralt i første delen av analysen. Kvar sportsnyheit har blitt analysert etter kor mange av kvart kjønn som slepp til med taletid. Det eg vil finne ut er kva kjønn som dominerer i kategoriane reporter, kjelde og ankerperson. Eg har også valt å ta tida på kor lenge det enkelte kjønn snakkar. Ved å ta tida på kor lenge kvar reporter/anker/kjelde snakkar, kan ein også få den samanhengande tida for kvar av kjønna i kvar sendinga.

### 3.1 Dagsrevyen

*Dagsrevyen* starta sine sendingar samtidig med opninga av fjernsynet i 1960. Fotografar og redigerarar hadde i mange tilfelle sin bakgrunn frå filmen, medan reporterane kom frå andre nyheitsmedia. Nyheitssendinga konsentrerte seg dei første åra om kulturelle hendingar, næringsliv og sosialt liv samt kongestoff og sport (Sand og Helland 1998:19). Redaksjonelt sverja *Dagsrevyen* til ein folkeopplysningstradisjon. Dette var ein tradisjon som kringkastingsinstitusjonen og allmennkringkastaren NRK hadde vore berar av sidan opprettinga i 1933. Dette innebar at NRK tok ansvar for sine sjåarar. Sett på spissen blei sjåarane presentert for det fjernsynsleiinga meinte dei burde bli opplyst om, heller enn det folk ville vite noko om (Sand og Helland 1998:19).

Då konkurransen frå TV 2 kom i 1992, sleit NRK og *Dagsrevyen* med ein del haldningar og rutinar. Institusjonen var prega av at den i mange år hadde vore aleine på arenaen. Kanalen hadde køyrt seg inn i eit spor – som det ikkje var noko gale med, men som gjorde det vanskeleg å prøve noko anna. Det måtte derfor ein konkurrent til for å få fram viljen for nytenking. I *Dagsrevyen* reiste ein ikkje på alvor spørsmålet om hyppigare sendingar før TV 2 hadde gjort det og fått ein positiv respons. *Dagsrevyen* på søndagar ga ingen dekning av eliteseriekampane i fotball før TV 2 var på bana med sitt *Fotballekstra*, ein time før *Sportsrevyen*. Då det blei klart at TV 2 nærma seg, vakna den tidlegare monopolkanalen. Erfaringane frå Danmark, der TV 2 hadde tatt igjen Danmarks Radio i sjåaroppslutning, skremte arbeidarane på Marienlyst til handling (Sand og Helland 1998:125). Omorganisering og redaksjonelle endringar skaut fart. Hadde *Dagsrevyen* tidlegare vore «skinnegangen og lokomotivet» i NRK, skulle programmet no verte brukt til å halde passasjerane på toget. Programmet fekk ny layout, ny vignett, nye meldingsformat og ny formidlingsform, det siste med bruk av to programleiarar. Som del av omlegginga blei programmet i 1992 flytta fram ein halvtime frå 19.30 til 19.00. *Dagsrevyen* blei gjort til NRK-

fjernsynet sitt viktigaste program, eit program som skulle utvide NRK sin «prime time» og fremje sjåarane sin lojalitet (Sand og Helland 1998:125). Frå 1999 integrerte dei sport som del av nyheitssendinga. Allereie då hadde spørsmålet om kjønn i sporten vore oppe til debatt fleire gonger.

Men korleis er representasjon av kjønn i sportssendinga under dette programmet no? For å finne ut av det har eg valt å bruke kvantitativ innhaldsanalyse.

## **3.2 Kvantitativ innhaldsanalyse**

Det er forskjellige måtar å analysere tekstar på. Analyse av innhaldet i medietekstar blir kalla innhaldsanalyse og her kan ein skilje mellom kvantitativ og kvalitativ. Den kvantitative innhaldsanalysen er eigna til å studere det som kan verte talfesta (Østbye mfl. 2007:59). Den går på teksten si overflate og seier noko om kva som er direkte tilgjengeleg. Det er ein slik kvantitativ innhaldsanalyse som er blitt gjort i dette prosjektet. Målet var å talfeste kor ofte og kor lenge kvart kjønn kjem til uttrykk på skjermen i *Dagsrevyen* sine sportssendingar.

Eit grunnleggande trekk i prosessen fram mot utvalet er alltid å avgrense populasjonen. I dette prosjektet har eg valt å ta 32 av *Dagsrevyen* sine sportssendingar som byrjar rundt 19.35 på NRK1. Dette valet har eg gjort bevisst fordi *Dagsrevyen* er Noreg sitt mest sette nyheitsprogram. Eg vil derfor seie at sportssendinga her har eit stort ansvar. *Dagsrevyen* viser oss ikkje berre kva som har skjedd i sportsverda det siste døgnet, men det viser samfunnet kva, og ikkje minst kven, som er viktig.

### **3.2.1 Dei 32 sportssendingane**

Materialet har eg analysert gjennom NRK sin nett-TV funksjon. Grunnen til at eg har valt å bruke nett-TV, er fordi at her kan ein spele av sendingane når som helst, stoppe og spole tilbake. Dette har gjort det enklare for meg når eg skal telje og ta tida på dei medverkande i sportssendinga. Når det kjem til utval har eg valt å ta for meg alle sportssendingane på *Dagsrevyen* i løpet av ein månad. Grunnen til at eg har valt sportssendingar som går fortløpande i ein månad, er for å få eit overblikk over kor mange som jobbar i løpet av ein månad. Dette er også grunnen til at eg ikkje har valt å bruke ei konstruert veke, der ein

plukkar måndag frå ei veke og tysdag frå ei anna veke. Dette kan gjere at mange av dei same journalistane og reporterane kan dukke opp fleire gonger, medan andre vil gå tapt.

I denne analysen har eg valt ein månad, frå 15. august til 15. september, som utgjer 32 sportssendingar. Grunnen til at eg har valt akkurat denne perioden er noko tilfeldig, men dette er også ein periode utan dei store idrettsarrangementa<sup>8</sup>. Dette ser eg på som positivt, sidan store arrangement som til dømes VM i fotball ville ha påverka sendingane og gjort innhaldet meir einseitig. Eg meiner også det er positivt å ha ein samanhengane månad, ettersom mange i media jobbar i turnusar og ein derfor kunne enda opp med veker der mange av dei same jobba når analysen føregjekk.

Sportssendingane startar rundt 19.35 og varar som regel i omtrent fem minutt. Det er vanleg at ankerpersonen frå *Dagsrevyen* gir ordet over til sportsankaren som fortel om den viktigaste saken. Deretter startar innslaga. Nokre gonger snakkar sportsankaren mellom innslaga, medan andre gonger går ein direkte over på neste innslag. Unntaket her er sportssendinga på søndagar. Denne sendinga er veldig kort, kanskje eit minutt eller to. Her fortel ankerpersonen om den viktigaste saka. Ofte blir denne presentert av ankerpersonen sjølv, men av og til har ein reporter laga ei kort sak, som blir utdjupa i *Sportsrevyen* seinare på kvelden.

Det eg har vore ute etter i sportssendingane er å telje kor mange av kvart kjønn som slepp til med tale i sendinga, og telje kor mange sekund eller minutt kvar og ein kjem til orde. Personane har eg delt opp i tre kategoriar: anker, reporter og kjelder. *Ankerpersonen* er den som leiar sendinga, den som gir ordet vidare og presenterer den neste saka. *Reporteren* er den som ofte tar ordet etter ankerpersonen. Han eller ho er som regel ikkje synleg i TV-ruta, men presenterer saka, og fortel om hendinga som har skjedd eller skal skje. Det er denne personen som fortel gangen i saken, den som fortel historia eller oppbygginga. *Kjeldene* er dei som uttalar seg i eller om sakene. Det er desse som kjem med synspunkt eller meiningar og representerer gjerne ei gruppe menneske, som til dømes ein idrettsleiar. Kjeldene kan også vere enkeltpersonar, enten ein skiløpar eller ein handballspelar. Reporterane og anker er personar som jobbar i NRK, medan kjelder er alle eksterne personar som kjem til orde i sendinga, ofte som intervjuobjekt. Vektlegginga av desse tre kategoriane er ulik. Ankerperson og reporter er dei som har det største fokuset her. Eg har likevel valt å ha med kjelder sidan desse er med på å gi eit bilete av heile sportssendinga. Sjølv om ankerpersonen og reporteren

---

<sup>8</sup> Dei første sendingane inneheldt eit par innslag frå VM i friidrett. Sidan friidrett er eit stort arrangement utan dei store kjønnsskilnadane, som til dømes VM i handball eller fotball, valte eg likevel å starte analysen den 15.08.13.

får den største merksemda, har eg valt å ta ei rask gjennomgang av representasjon av kjelder i den kvantitative analysen, og eit spørsmål om kva kvinnene i NRK sin sportsredaksjon tenkjer om kjønnsfordelinga i sakene i sportssendinga.

Fordelen med mi oppgåve er at eg har få variablar. Kjønn er ein relativt enkel kategori å kategorisere, og namn og stilling på personar i NRK sin nett-TV funksjon har gjort at det enkelt å skilje mellom reporter, anker og kjelder. Ved å ha ei enkel kodebok vart det lett å kartlegge talet på kven som snakka og ta tida på kor lenge kva og ein talte<sup>9</sup>.

### 3.2.2 Analyse

Då eg skulle analysere sportssendingane såg eg først igjennom alle sendingane og registrerte kor mange av kvart kjønn som slapp til med taletid. Her vart personane registrert etter kjønn og som ankerperson, reporter og kjelde. Etter dette såg eg innslaga på nytt og denne gangen tok eg tida på kor lenge kvar og ein snakka. I tillegg til dei tre kategoriane hadde eg også ein fjerde kategori som eg kalla «anna». Dette innebar ofte kommentatorar som snakka i bakgrunnen av eit innslag. Dette var ofte reprisar av direktesendingar som vart sendt opp igjen, og ofte var ikkje denne personen namngitt. Denne kategorien har eg valt å ikkje kommentere i oppgåva mi, då dette er personar som ikkje hadde namn eller stilling og det vil derfor vere ugunstig å telje desse med, sidan dei ikkje var identifiserbare. Det var også i mange tilfelle uklart om desse var tilsett i NRK eller ikkje, og derfor vart det mest korrekt å la vere å telje desse. Sidan dette berre var tilfellet eit par gonger under analysen, meiner eg at dette ikkje har hatt innverknad på analysen eller diskusjonen.

Ved å gjere det på denne måten vart det enkelt å få ein oversikt over kor lang taletid det enkelte kjønn hadde i dei forskjellige rollene. I analysedelen vil eg vise dette ved å bruke figurar og kommentere funna undervegs.

---

<sup>9</sup> Sjå vedlegg



### **3.3 Kvalitative intervju**

Etter å ha analysert sportssendingane på NRK sat eg at med mange spørsmål, og eg bestemte meg derfor for å intervjuje kvinnelege sportsjournalistar som jobba i NRK. Eg valte kvinnene ut i frå ansiennitet og meinte det var viktig å ha kvinner i begge endar, både dei som hadde jobba der over eit langt tidsrom, og dei som hadde jobba der i kortare tid.

Det var overraskande lett å få kvinnene til å delta som informantar til oppgåva. Kvinnene sine eigne erfaringar og meiningar har vore med på å berike oppgåva mi, og gjort det mogleg å komme nærare eit svar på kvifor det har vore, og framleis er så få kvinner i sportsjournalistikken.

I sjølve intervjuprosessen var både tema og problemstilling definert på førehand, men gav rom for kvinnene til å komme med eigne innspel.

Østbye mfl. (2007:100) meiner det er vanleg å skilje mellom tre intervjutypar: ustrukturerte, semistrukturerte og strukturerte. I mi oppgåve valte eg å bruke både strukturerte og semistrukturerte intervju då desse blir karakterisert av at tema er definert på førehand, men samtidig opnar opp for oppfølgingsspørsmål.

Intervjua fungerte som ein samtale og fleire av oppfølgingsspørsmåla kom av seg sjølv. Kristen Ringdal (2001:134, referert i Østbye mfl. 2007:98) kallar kvalitative intervju samtaleintervju. Han peiker på at hensikta med slike intervju er å hente informasjon eller bli informert av intervjuobjektet, ikkje måle førehandsdefinerte variablar. Fokuset i mine samtaleintervju har vore kjønn i sporten og korleis kvinnene har opplevd akkurat det å vere kvinne i ein sportsredaksjon. Sidan kvinnene hadde ulik alder og ulik erfaring i det å jobbe som journalist i NRK, vart nokre av spørsmåla regulert etter kven som vart intervjua. Dei som hadde jobba lengst fekk fleire spørsmål om korleis dei har opplevd å vere kvinne i ein sportsredaksjon, medan dei yngre fekk fleire spørsmål om kva for utfordringar ein eventuelt kan støyte på som kvinneleg sportsreporter i dag.

#### **3.3.1 Dei fire informantane**

I mi oppgåve var informantane ein viktig del. Desse og funn frå den kvantitative delen dannar grunnlag for analysen seinare i oppgåva. Dei eg har valt å bruke som informantar i mi oppgåve er fire kvinner som jobbar i NRK sin sportsredaksjon. Då eg valte ut informantar, la eg vekt på å intervjuje kvinner med både låg og høg alder, og med låg og høg fartstid som

tilsette i NRK. Dette har eg valt bevisst for å sjekke om dei unge og eldre har forskjellige synspunkt på spørsmål om korleis det er å jobbe i ein sportsredaksjon. At eg valte å bruke fire informantar meiner eg utgjorde nok materiale då kvinnene hadde mykje å fortelje og kom med informasjon som gjorde at eg fekk eit betre innblikk i arbeidssituasjon i sportsavdelinga til NRK. Dei fire kvinnene eg intervjuar var Karen-Marie Ellefsen, Anne Rognerud, Ida Nysæter Rasch og Kristine Norvik Skeide.

Karen-Marie Ellefsen (f.1950) har mellomfag i fransk og har studert ved Journalisthøgskulen. Ho byrja å jobbe frilans som reporter i NRK i 1977 og vart tilsett i 1979. Ellefsen byrja først å jobbe på sentralbordet i *Dagsrevyen*, og byrja fast å jobbe med sport då ho vart tilsett i 1979.

Anne Rognerud (f.1964) har studert kommunikasjon i USA og journalistikk i Sveits. Rognerud byrja å jobbe i NRK i 1986 som redigerer, og jobba både innanfor og utanfor NRK som frilans og vikar til ho fekk fast jobb i 1995 i sportsredaksjonen.

Ida Nysæter Rasch (f.1984) har ein bachelor i journalistikk og byrja å jobbe i NRK hausten 2006. I 2010 fekk ho fast jobb.

Kristine Norvik Skeide (f.1987) har ein bachelor i journalistikk frå Høgskulen i Volda og byrja å jobbe i NRK i 2009. Skeide har hatt fast stilling frå 2013.

Ellefsen og Rognerud har jobba i NRK sin sportsredaksjon i over 20 år, medan Rasch og Skeide har jobba mellom fire og åtte år. Skeide og Rognerud jobba fast som reporter, medan Rasch og Ellefsen jobbar mest som ankerpersonar, sjølv om dei også har erfaring som reporter.

### **3.3.2 Gjennomføring av intervju**

Då eg skulle intervjuar kvinnene valte eg å snakke med dei ein og ein. Ved å intervjuar kvinnene ein og ein følte eg dei stod betre stilt til å komme med opne svar. Eg trur dette også var betre, då gjerne for dei med mindre fartstid i NRK. Ved å ha individuelle intervju slepp ein å forklare seg framfor andre kollegaer, som gjerne har vore tilsett lengre eller mindre i NRK, og kan derfor ha andre oppfatningar. Settinga for intervjuar varierte. Sjølv om turen til Oslo for å gjennomføre intervjuar var planlagt i god tid, vart det likevel vanskeleg for to av kvinnene å planlegge fram i tid. To av kvinnene ville gjennomføre intervjuar på NRK-huset på

Marienlyst, medan to ikkje hadde tid til å stille opp og eg måtte ta desse via Skype<sup>10</sup>. Eg meiner likevel intervju via Skype gjekk betre enn forventa og eg følte ikkje eg fekk mindre informasjon frå informantane som valte dette alternativet.

### 3.3.3 Transkribering

Eg valte å bruke opptakar då desse intervju tok lang tid, og eg kunne på denne måten konsentrere meg meir om det informantane hadde å fortelje. Transkriberinga gjorde eg kort tid etterpå, og her vart alt dei sa ført ned. Resultatet vart over 50 sider med informasjon. Informantane snakka lenge og hadde utfyllande svar å komme med. Informantane kunne komme med lange historier om kollegaer som har forskjellige opplevingar av det å vere kvinne i sporten, eller fortelje sjølv om menneske dei føler dei har blitt urettferdig behandla av. Eg har valt å anonymisere desse eksterne namna i oppgåva mi, då eg føler dette var det mest etiske å gjere, sidan personane ikkje får komme med tilsvar eller forklaringar. Nokre namn vil ein likevel finne i oppgåva, men desse blir referert til ved faktaopplysingar og ikkje for å kritisere eller for å henge ut visse personar.

Når det gjeld sitata som eg har valt å bruke i oppgåva er mange av desse redigert. Dette har eg gjort slik at det skal bli lettare å forstå poenget. Innhaldet i sitatet er ikkje forandra, men ufullstendige setningar eller ord kan ha blitt fjerna. Når eg har fjerna lengre setningar er dette markert med [...], medan ord som «ehh», «menneh», «asså» og liknande er fjerna utan merking då eg meiner orda ikkje hadde noko tyding for innhaldet.

## 3.4 Metodekritiske refleksjonar

Ei kjeldekritisk vurdering av grunnlagsmaterialet er naudsynt i alle typar empirisk analyse i forskning. Folk vil i nesten alle situasjonar prøve å styre det inntrykket dei gjer på andre. Når ein skal intervjuje journalistar eller andre profesjonelle informatørar, møter me informantar som er vant til ein strategisk omgang med informasjon, og me må ta omsyn til det i tolking av svara (Østbye mfl. 2007). Sidan eg intervju journalistar som var vande med å jobbe med å intervjuje sjølve, var eg bevisst på dette når eg snakka med dei. Eg følte likevel at alle informantane mine hadde lyst å delta og meinte at dette var ei interessant sak. Eg synest dei

---

<sup>10</sup> Videosamtale over internett.

svarte godt på alle spørsmåla mine, og gav meg utfyllande svar. Informantane som ville ha intervjuet på NRK-huset, kan ha blitt påverka av dette i svara sine. Eg følte likevel at dei svarte oppriktig og ikkje let seg påverke av dette. Dette kan ha noko med å gjere at begge desse kvinnene har jobba lenge i bransjen og har begge lang fartstid i NRK. Alle informantane tok for seg tema dei meinte var kritiske, men også lyse sider ved sporten, eller tema dei meinte hadde endra seg eller blitt forbetra. Når det gjeld intervjuet som eg tok over Skype, følte eg også desse gjekk bra. Sjølv om ein ikkje får den same kontakten med informantane, og samtalen ikkje får den same flyten som ein får ansikt til ansikt, så følte eg at samtalanane var informative og truverdige uavhengig av intervjuforma. Dei to yngre informantane synest dette var greit og sidan eg i tillegg kunne sjå dei, følte eg ikkje at situasjonen var så veldig annleis. Eg følte også at desse svarte oppriktig på spørsmåla dei fekk.

I den kvantitative delen omfattar generalisering kor vidt analysen sine funn kan bli gjort allmenngyldig. Denne kvantitative undersøkinga vart gjort for å få eit bilete på korleis kjønnsrepresentasjonen er i NRK sine sportssendingar, slik at eg kunne peike på tendensar om kvinner sin synlegheit i sportssendingar. Her kan det som eg meiner er fordeler bli ulemper. Sidan eg valte å ha ein samanhengande månad, kan dette ekskludere mange som jobbar i sportsredaksjonen. Eg meiner likevel det var eit rett val å ta ein samanhengande månad, då dette gir eit bilete på representasjon av kjønn i sporten. Medan validitet har å gjere med om ein forhold seg til det ein trur eller ynskjer å forholde seg til, dreiar reliabilitet seg om behandlinga av data er nøyaktig og påliteleg. Stor grad av validitet og reliabilitet blir betrakta som føresetnadar for at ein skal kunne generalisere funna i analysen (Østbye mfl. 2007:118). Sidan eg berre hadde to variablar, meiner eg både validiteten og reliabiliteten i oppgåva er høg. Ettersom eg berre såg etter kjønn, og sidan både namn og stilling på dei aktuelle personane gjorde det enkelt å kategorisere dei i anker, reporter og kjelder, meiner eg det er enkelt for etterprøving.

Det har lenge vore diskutert om omgrepa generaliserbarhet, validitet og reliabilitet er relevant for vurdering av kvalitative metodar. Thagaard (1998:179, referert i Østbye mfl. 2007:118) brukar omgrepa truverd og stadfesting framfor reliabilitet og validitet, og overførbarhet framfor generaliserbarhet. Det at eg har tatt opp intervjuet på opptakar gjer at validiteten i prosjektet blir høg ettersom eg kunne forholde meg til det som vart sagt ord for ord. Sidan kvinnene hadde mykje å seie, og kom med utfyllande svar på spørsmåla mine, føler eg at reliabiliteten i denne delen av oppgåva er høg. Sjølv ein av informantane meinte at ein kunne få meir informasjon dersom eg hadde valt å anonymisere kvinnene, valte eg likevel å

ha med namn for å styrke truverdet i oppgåva og for å gi eit ansikt til kvinnene som valte å fortelje sine opplevingar. Når ein brukar kvalitative metodar er ikkje alltid føremålet å generalisere, men å oppnå forståing av dynamikken som finst i den konteksten ein ynskjer å seie noko om. Dette gjaldt også for min del. Intervjua med kvinnene er ikkje gjort for å generalisere, eller for å fastslå at desse syna er representative, men for å gi eit bilete på korleis desse informantane sjølv opplev det å jobbe i ein sportsredaksjon.

## 4. Teoretiske perspektiv

Kanskje er media mindre viktig enn me trur. Kanskje betyr ikkje den dramatiske underrepresentasjon av kvinner i radio, fjernsyn og aviser noko for kvinner si sjølvoppfatning. Sjølvbiletet hentar me frå så mange kjelder. Men gradvis tar me innover oss at me lever i ei medietid, der sportsnyheitene blir oppfatta som ein føljetong av historier. Kanskje betyr det ikkje så mykje at menn snakkar mesteparten av tida, eller at kvinner er mindre representert i sportsnyheitene. Med ei aukeing av sport på fjernsyn, og oppsummeringar fleire gonger for dagen, viser media oss kva som er viktig, kven som er viktig og ikkje minst: kven som ikkje er viktig.

Norske undersøkingar frå 1973, 1983 og 1998 viser stagnasjon. Den nord-europeiske TV-undersøkinga<sup>11</sup> viste at sporten er den kategorien der kvinner er minst synleg; i Noreg var det berre ti prosent kvinner som «snakka» i sportssendinga (Eie 1998). Det kan verke som at kjønnet ein har, ser ut til å ha stor tyding for representasjon.

Under desse teoretiske perspektiva vil ein finne fleire tema som belyser korleis menn og kvinner si rolle i media kan bli forstått. Nokre perspektiv vil vere meir sentrale enn andre.

Eg vil først presentere nokre sentrale perspektiv i norsk kjønnsforskning, før eg går inn på to sentrale retningar i dagens samfunnsvitskaplege kjønnsforskning. Desse retningane tar for seg Bourdieu sitt syn på kjønn og «doing gender»-perspektivet<sup>12</sup>. «Doing gender» perspektivet er også sentralt i kapittel 4.2. Her brukar eg Joan Acker sin organisasjonsteori for å belyse kjønnsfordelinga i ulike bedrifter. I kapittel 4.3 vil eg gå inn på sporten si rolle som maskulint verkemiddel, og i slutten av teoridelen vil eg knyte dette opp mot Bourdieu sine omgrep om habitus, felt og kapital.

### 4.1 Frå reproduksjon til konstruksjon

Den samfunnsvitskaplege kjønnsforskninga hentar i hovudsak sine perspektiv frå kritiske eller konstruktivistiske tilnærmingar. Den studerer samspelet mellom våre fortolkingar av røynda og våre handlingar i røynda. Eit viktig moment å trekke fram når det gjeld den samfunnsvitskaplege kjønnsforskninga er at den i hovudsak er kritisk. Med kritisk meiner me

---

<sup>11</sup> Birgit Eie: *Who speaks in Television? An international comparative study on female participation in television programmes*, NRK, Oslo 1998.

<sup>12</sup> Blir også omtalt som konstruktivisme og mjuk sosialkonstruktivisme. Felles er at dei ser på korleis ein gjer kjønn.

at den ynskjer å bidra til refleksjon over måten kjønn er utforma på i dagens samfunn (Solbrække og Aarseth 2006:63).

På midten av 1900-talet kom den første samfunnsvitskaplege teorien om kjønn som tok utgangspunkt i omgrepet *kjønnsroller* (Solbrække og Aarseth 2006:65). Med dette omgrepet blei det mogleg å referere til kjønn som noko som er sosialt forma og ikkje berre biologisk bestemt. Ein sentral pådrivar og føregangsperson i utviklinga av den nordiske kjønnsrolleforskinga var sosiologen Harriet Holter, som ofte blir rekna som ein nestor i norsk kvinneforskning. Saman med nokre nordiske kollegaer skreiv ho i 1963 verket *Kvinnors liv og arbete*, som blei eit gjennombrot i kjønnsrolleforskinga i dei nordiske landa (Solbrække og Aarseth 2006:65). Dei nordiske forskarane var inspirert av *strukturfunksjonalismen* som dominerte store delar av samfunnsforskninga på denne tida.

Ifølgje strukturfunksjonalismen består samfunnet av ulike posisjonar, og til kvar posisjon er det knytt normer eller forventningar som angir korleis personen i denne posisjonen eller funksjonen skal handle. Dei mest tydelege eksemplane på slike posisjonar finn ein i arbeidslivet og i familien (Solbrække og Aarseth 2006:65). Den amerikanske sosiologien Talcott Parsons blir rekna som strukturfunksjonalismens opphavsmann. Han la stor vekt på posisjonane i familien og rollefordelinga som var knytt til kjønn og kjønna sine ulike funksjonar i reproduksjonen (ibid.).

Dei nordiske kjønnsrolleforskarane vidareutvikla kjønnsrolleteorien i ei meir kritisk retning. I staden for at kjønnsrollene blei knytt til menn og kvinner sine ulike funksjonar i reproduksjonen, blei kjønnsrolleomgrepet brukt til å vise korleis kjønnsesifikk åtferd var sosialt lært og mogleg å forandre. Dei nordiske kjønnsrolleforskarane skildra kjønn som eit sosialt kjenneteikn som blei eit prinsipp for tildeling av oppgåver, plikter og rettar (Holter 1981:217). Harriet Holter argumenterte for at mannsrolla og kvinnerolla ikkje utfylte kvarandre som komplementære delar i ein funksjonell eining, men i staden var ei ordning som fordelte makt og ressursar ulikt. Etter kvart blei kjønnsrolleomgrepet avløyst av nye perspektiv i samfunnsvitskapane. Eit hovudpunkt med rolleteorien var nettopp det at den ikkje fanga opp korleis fordeling av arbeid og ressursar i samfunnet var knytt til makt og konflikt. Teorien forklarte korleis individa blei sosialisert inn i bestemte roller, men ga ingen forklaring på kvifor subjektet lar seg sosialisere, eller kvifor nokre ikkje handla i tråd med normene.

I dagens samfunnsvitskaplege tilnærmingar til kjønn, er det vanskeleg å finne ei eintydig einigheit om kva instansar ein relaterer kjønn sin konstruksjon til, og kva ein kallar desse instansane. Det finst snarare fleire og til dels ulike tradisjonar som alle implisitt eller eksplisitt relaterer seg til ein konstruksjonistisk måte å betrakte kjønn på. I denne oppgåva

skal me sjå på to sentrale retningar innanfor dagens samfunnsvitskaplege kjønnsforskning. Ei viktig skiljelinje mellom desse går mellom som dei legg tyngdepunktet på kjønn som ein relativt seigliva og stadbunden konstruksjon, og dei som argumenterer for at kjønn er ein meir plastisk og språkbasert konstruksjon. Desse går under nemningane *kjønn som habitus* og *kjønn som performativitet*.

#### **4.1.1 Kjønn som habitus**

Kjønn som habitus er teoriar som samlar seg om ei relativ strukturorientert forståing av kjønn. Ein sentral teoretikar i den samanhengen er den franske sosiologen Pierre Bourdieu og hans systematiske forsøk på å forstå korleis maktrelasjonar er utforma og blir reproduisert i det moderne samfunn. Makt for Bourdieu er først og fremst noko som knyter seg til korleis samfunnet sine usagte reglar styrer vår åtferd i ei bestemt retning. Bourdieu har i samband med dette lansert to sentrale omgrep, nemleg *felt* og *habitus* (Gripsrud 2007:73-74). Medan feltomgrepet viser til eit avgrensa område der det blir konkurrert om bestemte verdiane, er omgrepet habitus meint til å gripe dei kroppsleggjorte veremåtane som er mest formålstenlege for å tileigne seg desse verdiane (Bourdieu 1995:36-38).

I nokre av Bourdieu sine arbeid er denne tilnærminga brukt for å forstå korleis klasseforskjellar blir reproduisert i eit samfunn der egalitære verdiane som likeverd og mangfald samtidig står sentralt. I fleire av sine seinare arbeid (Bourdieu 2000:21-22) knyter Bourdieu denne forståinga tettare opp mot kjønn. Når ei kvinne til dømes uttrykker seg gjennom bestemte gestar eller eit bestemt vokabular, er dette i Bourdieu sine auge ikkje fordi ho er kvinne, men fordi ho har gjort samfunnet si oppfatning av kvinnelegheit til ein integrert del av sine eigen veremåte. Dette betyr likevel ikkje at det finst ein universell måte å praktisere kvinnelegheit og mannlegheit på, dette varierer frå felt til felt, alt etter kva som er rekna som attraktive verdiane (Bourdieu 2000:36).

#### **4.1.2 Kjønn som performativitet**

Den andre tilnærminga til kjønn som ein kan trekke fram i denne samanhengen er dei som heller vel å snakke om kjønn som performativitet. Michael Foucault er eit sentralt referansepunkt her. Det er dei historisk forma måtane å omtale den sosiale verda rundt oss på



som er Foucault sitt interessefelt (Bondevik og Rustad 2006:55). Desse prosessane kallar han *diskursar*. Det at moderne menneske praktiserer seksuelle kategoriar som dei skulle vere sanningar og ikkje overleverte normer, ser han som sjølve drivkrafta bak det me i dag omtalar som kjønnsforskjellar.

Mykje av den same tankegangen finn me igjen i Judith Butler si forståing av kjønn (Moi 1998:85). For Butler er Vesten sin hegemoniske kjønnsstruktur, eller meir konkret, feminitet versus maskulinitet, snarare kulturelle normer som kvart enkelt menneske må framføre for sine omgivningar på ein konsistent måte for å få stadfesting som eit gjenkjenneleg subjekt. Generelt kan ein seie at performativitet betyr at når folk flest held seg til eit sett sosiale normer, garanterer dette at dei same normene blir oppretthaldt og forsterka. Butler si forståing av kjønn er på ingen måte ny i samfunnsvitskapleg samanheng, å snakke om kjønn som noko ein *gjer* i staden for noko ein *er*, vart foreslått allereie av West og Zimmerman i 1987 i essayet «Doing Gender» (Moi 1998:85).

## 4.2 Å passe inn i «kjønnsbiletet»

Sport tar mykje plass i media. Det er derfor naturleg å tru at sportsjournalistikken i tillegg til å spegle haldningar, også kan bidra til å skape haldningar – til dømes haldningar knytt til kjønn. Sport er dominert av menn både med tanke på kven som pratar og skriv, og kven det blir snakka om og skrive om. Dermed er det menn i størst grad som blir synleggjort og menn sine sportslege gjeremål som står fram som mest interessante. På den måten kan ein seie at menn blir sett på som meir verdifulle enn kvinner, og at sportsjournalistikken er i strid med likeverdet mellom kjønna (Røthing 2012).

Heilt sidan fjernsynet kom til Noreg i 1960, har sport på TV auka jamleg. Det er derfor ikkje rart at publikum vender seg til fjernsynet når dei vil vite dei siste nyheitene innan sport. Det er gjennom fjernsynet folk opplever og erfarer sport. Men sport kjem nesten aldri åleine, publikum får ofte journalistar si tolking av eit arrangement. Ein stor del forskning (Messner, Dunbar og Hunt 2004, Høst 1998, Eide 2000a) viser at det meste av det ein ser av sport er kvite mannlege utøvarar og deira idrett. Kvite mannlege journalistar er også dei som rapporterer, presenterer, intervjuar og redigerer. Det er desse som bestemmer kva publikum skal lese eller høyre, kva som er det «normale» eller naturleg gitte og kven som er nyheitsverdige.

Claringbould, Knoppers og Elling (2004) brukar sosialkonstruktivisme, eller «doing gender» perspektivet, når dei ser på korleis sportsjournalistikken utfordrar og rettferdiggjær den uproporsjonale representasjonen i journalistyrket. Dei viser blant anna til Joan Acker (2001) sin bruk av organisasjonsteori for å vise korleis organisasjonar og medlemmane deira gir meining til kjønn.

Joan Acker (2001) meiner organisasjonsteori kan forklare kvifor menn har så mange fortrinn i nokre organisasjonar. Ho meiner det er spesielt fire prosessar som er med på å forsterke kjønnssegregering innanfor organisasjonar: arbeidsdeling, bruk av bilete og diskursar, interaksjon og identitetsarbeid.

Fotballkommentering på TV er en av de siste mannsbastioner i Norge. Noen få pionerer, som NRK-sportens Unni Anisdahl og NRK Hordalands Øyvor Bakke, har kommentert fotballkamper for radio. Når det gjelder TV er det fortsatt rom for å skrive historie, ennå har ingen kvinne kommentert herrefotball (Frå NRK-artikkel, referert i Kleve 2009).

*Arbeidsdeling* er ein forankra organisatorisk praksis der stillingar eller jobbar blir assosiert med ulike grupper av folk. Sysselsettinga av individ er basert på kjønn og etniske kriterium der dei som sysselsett bestemmer kva som passar til jobben. Dette gjer at bedriftsleiarar bevisst tar avgjersler som rekonstruerer og nokre gonger endrar desse mønstra. Til dømes har ikkje arbeidsgivarar lengre lov til å annonsere etter kvinner til nokre typar arbeid og menn til andre, men likevel er oppfatninga at kvinner passar betre til noko arbeid og menn til anna. Slike oppfatningar bidrar ofte i utveljingsprosessen. Følgjene av dette blir at same type menneske har tendens til å bli tilsett til spesifikke jobbar, medan andre ikkje blir vurdert. I dei fleste organisasjonar, inkludert dei i sportsjournalistikken, er det kvite menn som ser ut til å passe «toppjobbane» best, medan kvinner og etniske minoritetar er å finne lengre nede på yrkesstigen (Acker 1990). Sjølv om det ikkje lengre er lov å annonsere etter enkelte kjønn til enkelte yrke, gjorde NRK så seint som i 2009 eit forsøk på å rekruttere kvinner til sporten. I annonsen over kunne ein lese at kvinner har vore underrepresentert som fotballkommentatorar, og at NRK ynskja å endre dette. Dette fall ikkje i god jord hjå Likestillingsombodet som måtte gå inn for å få fjerna annonsen som dei meinte hadde blitt publisert i strid med likestillingslova (Kleve 2009). NRK unnskylda seg, og sa dette aldri var formålet med stillinga. Formål eller ikkje så gir denne søknaden oss eit bilete på korleis tilstanden internt i NRK har vore. Framleis har ingen kvinner kommentert herrefotball på NRK TV.

«Kjønnsdelingen av arbeidsmarkedet i Norge, med noen viktige unntak, er forbløffende stabil,» konkluderte NOU-rapporten *Kjønn og Lønn* frå 2008 (Eia og Ihle 2010:57). Kjønnsfordelinga i arbeidsmarknaden varierer likevel dramatisk frå eit samfunn til eit anna, så vel som over tid. I England blei det til dømes oppretta egne kontorlandskap der kvinner skulle arbeide, slik at menn og kvinner slapp å møtast i arbeidstida. Dermed slapp ein flørting i arbeidstida og resultatet var ei ekstrem kjønnsisolering. Trass i variasjon i undersøkingane til Acker (2001) peiker store deler av materialet i retning av at hierarki ofte er kjønna og at kjønn og seksualitet spelar ei sentral rolle i reproduksjon av hierarkiet.

Fordi arbeidsdeling kan reprodusere eller utfordre dominante stereotypiar, påverkar det tyding som kjønn og etnisitet, og vice versa. Dersom til dømes sport primært blir assosiert med menn, kan kvinner bli sett på som å ha for lite kunnskap om emnet til å bli kommentatorar. Avgjerdsposisjonar i sportsmedia vil då sannsynlegvis halde fram med å bli dominert av menn, som igjen brukar *bilete*, *symbol* og *metaforar* som er tett knytt til deira kjønn. Desse symbola, bileta og bevisstheitsformene kan legitimere og, i nokre tilfelle, opponere mot kjønnsdelinga. Samansette organisasjonar er nokre av dei viktigaste stadane der slike bilete blir skapt. Fjernsyn, film og reklame er klare døme, og er åstadar for symbolsk produksjon. Toppsjefen i ei bedrift eller ei verksemd er alltid sterk, rasjonell og mektig. Sjølve organisasjonen blir ofte definert gjennom bestemte maskuline metaforar. I dag er organisasjonar ofte slemme, aggressive, resultatorienterte, effektive og konkurrerende, og sjeldan empatiske, støttande, snille og omsorgsfulle. Desse bileta og symbola er ikkje statiske, men blir stadig skapt og reprodusert av journalistar gjennom deira interaksjonar (Acker 1990).

Dette får oss over på det tredje settet med prosessar som reproduserar kjønna organisasjonar: *Interaksjon* mellom kvinner og menn, kvinner og kvinner, og menn og menn. I desse samhandlingane blir det danna ein praksis som utviklar kjønnsinndelingar som skapar og opprettheld kjønnsbilete. Meininger er produsert av menneske som deler ulike erfaringar. Medlemmar i bedrifter skapar og reviderer sine meininger når dei snakkar med kvarandre om ulike erfaringar. Sjølv om dei deler desse erfaringane, er det ikkje alltid dei deler dei same tolkingane som er gitt. Nokre meininger er sett på som betre enn andre. Det er ofte desse meinigane som blir sett på som dominante og naturleg gitt. Dette fører ofte til at medlemmer skapar og opprettheld visse kjønnsidentitetar som passar inn i interaksjonen i bedrifta.

Den fjerde prosessen til Acker (1990) gjeld det *interne arbeidet* som organisasjonsmedlemmar gjer på sin eigen kjønnsidentitet. Dette identitetsarbeidet tar aldri slutt og er innebygd i organisatoriske praksisar og diskursar. Deira eigen sosiale kategori (kjønn, etnisitet og alder) avgjer delvis kor mykje arbeid medlemmane må gjere for å

overhalde normene som finst i bedrifta. Men det er ikkje berre kvinner og minoritetar som engasjerer seg i identitetsarbeid, mennene gjer det også. Forskjellen er at det verkar som identitet og arbeid (til dømes sportsjournalistikk) ser ut til å passe betre saman for mannen, og posisjonen generelt er konstruert med bilete om den kvite mannen som utgangspunkt. Denne forma for intern aktivitet bidrar til å reprodusere kjønnsdelinga og kjønnsbileta, samtidig som det sikrar individet si overleving i organisasjonen. På denne måten kan det verke som at sport blir eit verkemiddel for mannen i kampen på ein kjønnsarena der det å vere kvinne blir sett på som mindreverdige.

#### **4.2.1 Hegemonisk maskulinitet og feminitet**

Sosialt kjønn eller genus er ei ordning der biologisk kjønn blir gjort sosialt relevant. Kjønn blir gitt ei meining som vanlegvis er knytt til makt, og som skjuler makt og motmakt i eit system av forskjellar (Holter 1996:59). Dette meiningsrommet, eller kjønnsystemet, formar oss, og ligg til bakgrunn i mange typar samhandling. Det pregar kva me tar inn, kva me ser, kva me hugsar og korleis me samhandlar. Ved å vere mannleg eller kvinneleg kan me utforme våre liv, og ganske særleg våre private liv. Trusselen om tap av kjønn er derfor også ein trussel om tap av makt, aksept, kontakt, intimitet og samliv.

Kjønn har på mange måtar to hovudvegane eller strategiar for kvinner og menn, to «normale» utviklingsforløp. I enden av desse vegane finst det eit totem, eit ideal som dyrkast, ei hegemonisk forståing av korleis kvinner og menn skal vere (Holter 1996:60).

Den australske sosiologen Raewyn Connell har spelt ei sentral rolle i den konstruktivistiske delen av maskulinitetsforskinga dei siste tjue åra. Arbeidet hennar omfattar kritiske analysar av maskulinitet innanfor kultur og samfunnsliv, media og politikk. I mange av hennar bøker prøver ho å gripe forholdet mellom maskulinitetskonstruksjonar og maktstrukturar i dagens vestlege samfunn (Langeland 2008:292).

Eit premiss for maskulinitetsteorien til Connell er at me lever i eit patriarkat der menn strukturelt har meir kulturell og økonomisk makt enn kvinner. Ein slik måte å organisere samfunnet på kallar Connell ein kjønnsorden. For å forstå korleis denne kjønnsorden fungerer, kan me studere kjønnsregime – til dømes skular, fabrikkar eller fotballklubbar – som element underlagt ein overordna struktur. Ved å vise til historiske, politiske og samfunnsmessige prosessar i det vestlege samfunn, forklarar Connell denne strukturen sin eksistens. Connell insisterer på at maskulinitet er ein kulturell konstruksjon. Maskulinitet er ein prosess som

bidrar til å posisjonere menn i eit motsetningsforhold til kvinner, og vil ut frå ein slik tankegang berre eksistere innanfor eit kjønnsystem av det slaget vårt samfunn har.

Ein som har tatt for seg den sterke maskuliniteten i sporten si verd er Michael Messner. Messner og nokre kollegaer tok for seg ei undersøking av sport på fjernsyn i USA og kom fram til det dei kalla «The Televised Manhood Formula». Her tok Messner og kollegaene for seg mange ulike sportsprogram og resultatet var at sporten er mannen si verd. Menn dominerer både i nyheitsbiletet til sporten, og i sjølve sporten. Nesten alle som slapp til i sporten med taletid var kvite menn. I nokre få tilfelle slapp kvinnene til, og verst var det for dei mørkhuda kvinnene som så å seie var fråverande frå sporten (Messner, Dunbar og Hunt 2004).

#### **4.2.2 Ein av gutta**

Van Zoonen (1996) meiner at kvinner som startar som journalistar i media ikkje har makt til å forbetre skildringa som er av kvinner. Sjølv om mange feministar meiner at fleire kvinner i redaksjonen vil føre til fleire kvinner i nyheitsbiletet, meiner van Zoonen (1996) i staden at mange kvinner prøver å passe inn i det mannlege formatet slik at dei kan passe inn i det mannsdominerte miljøet.

Van Zoonen (1996) meiner at kvinner ofte har for mykje ideologisk bagasje med seg inn i sportsverda. For å ha suksess meiner van Zoonen at dei må forhandle identiteten sin, den mellom kvinne eller journalist, for å passe inn på ein mannsdominert arbeidsplass. Kulturelt hegemoni har ofte blitt brukt for å forklare maktrelasjonar og dominerande ideologiar i kulturelle institusjonar, som media og sport. Hegemoni, som er ein form for kontroll basert på overtaling heller enn tvang, er eit resultat av verdiar som blir naturleggjort og som støttar opp om sosiale forhold og maktstrukturar. I sport har hegemonisk maskulinitet vore meir resistent og mindre utsett for endring enn nokon annan arena i kulturen (Hargreaves 1994, i Hardin og Shain 2006:323).

Hardin og Shain (2006) peiker på at hjørnesteinen i mange redaksjonar – objektivitet – ikkje er kjønnsnøytral, men styrkar den maskuline journalistikken. Profesjonelle verdiar i nyheitene støttar den «macho» kulturen i redaksjonen. For kvinnelege journalistar er det viktig at dei møter kriteria om kvinnelegheit, samtidig som dei opptrer profesjonelt. Mange meiner dette er to motstridande kvalitetar. På den eine sida skal dei vere omsorgsfulle og gode, og på den andre sida blir det forventat at dei som journalistar er direkte, skeptiske og

tøffe (Hardin og Shain 2006:324). Ikkje overraskande adopterer mange kvinner den hardhuda tilnærminga til nyheiter for å stige i gradene. Denne strategien – «å bli ein av gutta» – gjer at dei gjerne tar i bruk maskuline verdiar og rutinar. Dette kan vere ein av grunnane til at ein har funne få forskjellar i måten kvinner og menn tilnærma seg nyheiter på. Chambers mfl., (2004, i Hardin og Shain 2006) meiner kvinner ofte har profesjonelle motiv for å distansere seg frå oppfatninga om at kvinner utøver yrket annleis enn menn. I eit yrke der «objektivitet» er verdsatt, vil ein ikkje bli sett på som å snakke for eller i mot eit av kjønna.

Det kan virke som at sportsjournalistikk kan vere vanskeleg å forholde seg til for mange kvinner. For menn derimot, gir sport dei ein moglegheit til å stadfeste deira status som heteroseksuelle menn og deira fysiske, symbolske og økonomiske dominans over kvinner (Stevenson 2004:280). Det finst fleire døme på at media har synest det er vanskeleg å framstille kvinner som utfordrar dei hegemoniske ideala om feminitet. Ofte kan ein merke at media legg vekt på feminine sider ved kvinnene som å snakke om ektemenn og barn for å stadfeste til publikum kva for kjønn personen har. Kvinner som atletar eller fans blir ofte betrakta som «den andre». Sport som ein sosial institusjon blir sett på som ein arena der menn kan utøve kontroll over kvinnene. Kvinner som blir sett på som «for maskuline» blir ofte oppfatta som ein trussel til den hegemoniske maskuliniteten, og blir i nokre tilfelle tona ned for at denne trusselen skal bli så liten som mogleg (Stevenson 2004:280).

### **4.3 Sport som maskulint verkemiddel**

Massemedia blir ofte kalla «den fjerde statsmakta», fordi den gjennom si ideologiske filtrering av informasjon, påverkar den offentlege dagsorden og ikkje minst korleis me oppfattar oss sjølve og det som omgir oss. Ifølgje Thomas Mathiesen (1986, i Hovden 1996) medverkar media på ulike måtar til å konsolidere allereie etablerte regime, institusjonar og sosiale system. Media sitt budskap sig bevisst og ubevisst inn i oss og er i stor grad med på å forme våre grunnleggjande haldningar, normer og verdiar.

Både toppidretten og mediebedriftene er i dag tydingsfulle institusjonar prega av eit markert manshegemoni med menn både i utøvande og politiske posisjonar (Hovden 1996). Historiske- og/eller ideologikritiske analysar av idrett framhevar at i samfunn der menn sin status er i endring, blir sport brukt som institusjonelt verkemiddel i menn sin identitetsbygging for å kunne oppretthalde bilete av menn sin overlegenheit over kvinner.

Sport og særleg herrefotball står fram som ein moderne nøkkelarena for markering av hegemonisk maskulinitet (Hovden 1996).

#### **4.3.1 Fotball – for «sterke og kraftige gutter og mænd»**

Sjølv om sitatet i overskrifta er henta frå *Idrætsboken* (Helland 2003:200) frå 1922, er det nesten 100 år seinare framleis slik at fotball blir sett på som ein sport som helst eignar seg for menn.

At fotball er landets største idrett veit dei fleste, men at norske utøvarar av begge kjønn også driv med minst 50 andre idrettar, er mindre kjent. For mediesporten er til dei grader så absolutt herrefotballens: Fotball utgjorde 36 prosent av alle sportsoverføringar på TV 2, TV 2 Zebra, NRK1, NRK 2, TV Norge og TV3 i 2006 (von der Lippe 2010:125). I tillegg til sendingar er dei fleste kommentatorar og gjestene i TV-studio som regel menn, bortsett frå dei få gangane ein ser kvinner spelar fotball på fjernsyn.

Sidan fotball i dei fleste land er knytt til mannskulturar, audmjukar ein gjerne motstandaren og taparane best ved homoseksuelle og kvinnelege metaforar. På denne måten blir biletet av menn fastfrost i ei verd som elles er i endring: mannskroppar er normalen og utgangspunktet (von der Lippe 2010:129). I kraft av sitt kjønn har dei ein legitim rett til å eige fotballen. Derfor er det også ein mannsgreie å meine noko om denne idretten. Bilete av menn som gruppe er ikkje berre normalen, men overordna kvinner som gruppe – uansett kva dei måtte prestere og stå for. Menn har ballar. Det har ikkje kvinner, og derfor har kvinner ein minuskropp.

Fotball kan bli forstått som menn sin siste skanse i samfunnet, der dei kan vise sin overlegenheit og spele ut kjensler utan innblanding frå det andre kjønn. Dei svorne tilhengjarane kan dyrke sin maskulinitet, ikkje gjennom vald, men gjennom sin truskap til mannen og ballen.

I ei verd i endring, der kvinner stadig erobrar nye område og fleire menn tar del i omsorgsarbeidet, tviheld ein stor del menn på fotballen som sin fastfryste del av identiteten. Dei kan dele opplevingar med kvinner, men då må desse først og fremst dyrke herrefotballen. Når tradisjonelle mannsideal er trua, vil mange tendere mot å framheve mannen sin fysiske styrke, slik at hegemoniet kan verte oppretthaldt (von der Lippe 2010:134).

På fotballbana, som på dei fleste idrettsarenaer, har det historisk sett gått føre seg ein kjønnskamp der kvinner har blitt diskriminert (Helland 2003:200). Gjennom nesten heile sin

historie har fotballen hatt mannen som sin hovudaktør. Den folkelege veremåten og det å vere ungdommeleg, mandigheit og vald har vore sentrale element i fotballen si kulturhistorie. For mennene sin del slo Per Christian Andersen, som blir rekna som Noregs første sportsreporter, fast i *Idrætsboken* frå 1922 at fotball er eit spel for «sterke og kraftige gutter og mænd»; for menn har fotball lenge vore knytt til ein type kjønnsidentitet. Men det er ikkje berre på fotballarenaen kvinnene har vore nekta tilgjenge, dei har også vore dårlig representert som sportsjournalistar under meisterskap (Helland 2003:202).

#### **4.3.2 Sportsjournalistikkens felt, habitus og kapital**

Spenningsfeltet blir allereie gitt gjennom omgrepet «kvinneleg journalist», fordi omgrepet journalist ikkje er kjønnsnøytralt. Journalistikken har tradisjonelt vore eit yrke av og med – i praksis også for – menn, og det vil seie at prioriteringar og normer, framgangsmåtar og arbeidsforhold er prega av menn sine oppfatningar og livsvilkår. I vårt samfunn møter likevel kvinner andre forventingar, har andre moglegheiter og gjer andre erfaringar enn menn. Dei kvinnene som har prøvd seg på sportsjournalistikk har brote med tradisjonelle mønster og satsa på eit yrke som har vore veldig mannsdominert. Dei har alle levd liv som kvinner i vårt samfunn, men deira oppleving av kva det vil seie å vere kvinne varierer alltid frå person til person, og frå felt til felt.

Med utgangspunkt i Pierre Bourdieu sine teoriar om sosiale felt kan ein supplere slike tradisjonelle fokus med eit anna sett av strukturar som er mindre openberre, men truleg minst like viktig, nemleg eit journalistisk felt og journalistane sin habitus (Hovden 2011:81). Feltomgrepet framhevar journalistikken som eit mikrokosmos med ein viss indre logikk, sine egne lover og strukturar, der deltakarane kjemper ein ulik kamp om intern anerkjenning. At kampen er ulik vil seie at deltakarane sine sjansar i desse stridane er knytt til deira relative posisjonar, som igjen er gjeve ved deira akkumulasjon av ulike typar ressursar som internt er viktige (kapital). Under det journalistiske feltet kan ein finne blant anna sportsjournalistikk. Deltakarane i dette underfeltet har ein anna kamp om anerkjenning, enn det dei har i til dømes utanriksjournalistikken.

Hegemonisk maskulinitet og feminitet fortel at det finst eit ideal for korleis kvinner og menn om korleis ein skal vere. Nokre måtar å framstå på blir sett på som riktig, medan andre kan medføre tap av aksept. I sportsjournalistikken er det særleg den hegemoniske maskuliniteten som har vore sentral. Kamp for anerkjenning på dette feltet har vore knytt til



menn sine arbeidsforhold, og derfor blitt knytt til menn sine oppfatningar og livsvilkår. Menn har også derfor i større grad sjanse til å vinne stridane i feltet, fordi deira relative posisjon er, i høgre grad enn kvinnes, prega av den rette kapitalen.

Medan kvinner og menn har hatt forskjellige erfaringar på journalistikkfeltet, er det spesielt i sportsjournalistikken at kvinner har hatt vanskeleg for å slå igjennom. Kvinnene har hatt blitt sett på som å ha ein anna type kapital enn menn og derfor hatt ulike sjansar til å hevde seg på feltet.

Feltteorien fungerer på mange måtar. I journalistikken gjer feltteorien ein i stand til å sjå journalistar som kreative og strategiske agentar, utan at ein mistek deira sjølvforklaringar for vitskaplege forklaringar. Feltfokuset gjer ein var for journalistikken som ei konfliktfylt, hierarkisk, og pluralistisk verd, der dominerande journalistiske klassifikasjonar er eit utkome av daglege stridar i feltet mellom agentar med ulike synspunkt og svært ulike sjansar (gjennom ulik kapital) til å nå fram med sitt syn (Hovden 2011:82).

I sportsjournalistikken kan det verke som at særleg kjønn er ein viktig førande struktur. Kva kjønn du har blir ein føresetnad i sportsjournalistikken der menn og deira habitus blir sett på som den mest legitime. I kraft av sitt kjønn har dei ein legitim rett til å styre det meste som blir sagt, skrive og framstilt i sporten. Å ha den riktige forma for kapital blir sett på som viktig for mange kvinner i journalistyrket, og i sportsjournalistikken kan det verke som den mannlege veremåten, og kapitalen til mannen, blir sett på som mest verdifull og at kvinner derfor prøver å tileigne seg denne måten å framstå på.

Journalistisk kapital er ei form for makt i feltet med eigenskapar av det Bourdieu (1991:170, i Hovden 2011:98) kallar symbolsk kapital. På liknande vis som i andre felt, har den historiske framveksten av det norske journalistiske feltet gått hand i hand med framveksten av særigne journalistiske karismatiske ideal – ideal om den «gode journalist». I motsetnad til pengar eller utdanningspapir er slik symbolsk kapital utan formelle veksleordningar, men er knytt til eigenskapar og tilgangar som gjev dei ei meir eller mindre «udiskutabel» anerkjening hos dei fleste feltdeltakarane. Hovden (2011:99) meiner at noko av det særigne med symbolsk kapital er ei viss blindheit for kapitalen som kapital:

1. At journalistisk ære også er «akkumulert» arbeid og krev tid for å opparbeide.
2. Alle deltakarar har ikkje like moglegheiter til å opparbeide seg slik symbolsk kapital.
3. Slik ære er sentral for tilgang til posisjonar i feltet og utøving av symbolsk makt med strategiske fordelar.

Det kan verke som at det er særleg kvinnene som ikkje får tilgang på feltet i sportsjournalistikken på bakgrunn av kjønn. Å bli sett på som «det andre» kjønn i sportsjournalistikken vil seie at ein ikkje får moglegheit til å opparbeide seg kapital på nokre område. Dette kan igjen føre til at nokre posisjonar i feltet ikkje blir tilgjengeleg, og kvinner vil ikkje få tilgang til å opparbeide seg symbolsk kapital. På denne måten får dei heller ikkje tilgang til den «udiskutable» anerkjenninga som Hovden (2011:99) snakkar om. Dette kan føre til at menn sine posisjonar blir reproduisert og den journalistiske æra som ein må akkumulere for å tileigne seg, nesten aldri kan bli opparbeida av ei kvinne. Kva kjønn du har, blir tillagt eit sett med forventningar om kva du kan utrette og kva ein i mange tilfelle ikkje kan utrette på det journalistiske feltet. Men kva meiner kvinnene sjølv om kva det vil seie å vere kvinne i sporten? I neste del av oppgåve skal me sjå kor ofte kvinnene er representert i sportsnyheitene på NRK, og kvinnene skal også få komme til orde sjølv om kva forventningar dei har opplevd å bli møtt med, og korleis dei har opplevd å vere kvinne i sporten.

## 5. Kvinneunderskot i TV-sporten

Analyse av sportssendingane på NRK viser at kvinnene framleis er i mindretal når me samanliknar dei med mennene. Tala som er utheva i tabellen nedanfor viser til store forskjellar mellom kvinner og menn, og dette er forskjellar som vil bli drøfta meir inngående i det følgjande.

**Tabell 1:** Tal på kor mange av kvart kjønn som snakka i NRK si sportssending frå 15. august til 15. september i 2013.


Dato	Anker		Reporter		Kjelde		Kommentator/anna	
	Mann	Kvinne	Mann	Kvinne	Mann	Kvinne	Mann	Kvinne
15.aug		1	3		6	1		
16.aug	1			2	6	1	1	
17.aug	1		1	1	2		2	
18.aug	1				1			
<b>19.aug</b>	<b>1</b>		<b>4</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>2</b>		
<b>20.aug</b>	<b>1</b>		<b>4</b>	<b>1</b>	<b>7</b>	<b>2</b>		
<b>21.aug</b>	<b>1</b>		<b>3</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>2</b>		
<b>22.aug</b>	<b>1</b>		<b>2</b>		<b>5</b>	<b>1</b>		
<b>23.aug</b>		<b>1</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>8</b>	<b>1</b>		
<b>24.aug</b>	<b>1</b>		<b>2</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>1</b>		
25.aug	1				1			
26.aug		1	2	1	8		1	
27.aug		1	3		8	2		
28.aug	1		3		7			
<b>29.aug</b>		<b>1</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>5</b>			
<b>30.aug</b>		<b>1</b>	<b>3</b>		<b>10</b>			
<b>31.aug</b>		<b>1</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>4</b>			
<b>01.sep</b>		<b>1</b>	<b>1</b>		<b>1</b>			
<b>02.sep</b>		<b>1</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>2</b>		
<b>03.sep</b>		<b>1</b>	<b>2</b>		<b>9</b>	<b>2</b>		
<b>04.sep</b>	<b>1</b>		<b>2</b>	<b>1</b>	<b>10</b>			
<b>05.sep</b>		<b>1</b>	<b>4</b>		<b>12</b>	<b>1</b>		
<b>06.sep</b>		<b>1</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>9</b>	<b>3</b>	1	
07.sep		1	2	1	5		1	
08.sep		1			1	1		
09.sep		1	5		8	2		
10.sep		1	4		9	1	1	
11.sep		1	3		9		1	
12.sep		1	3		7	1		
13.sep	1		5		4	2		
14.sep	1		4		1	1		
15.sep	1		1		1			
<b>Total</b>	<b>14</b>	<b>18</b>	<b>75</b>	<b>18</b>	<b>182</b>	<b>30</b>	<b>8</b>	<b>0</b>

## 5.1 Kvinner oftast på skjermen som anker

Ankerperson blir sagt å vere den viktigaste personen mellom nyheitssendinga og publikum. Det er han eller ho som skal lose publikum gjennom sendinga, og som tiltalar den som sit heime ved å snakke direkte inn i kamera. Den danske medieforskaren Vibeke Pedersen (1996:159) meiner journalistisk dyktigheit synest å vere naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg for ei kvinne som vil arbeide som fjernsynsprogramleiar. Kvinnene pyntar opp. Dei er vakre, og gjennomsnittleg yngre enn dei manlege programleiarane (ibid.). Pedersen peiker på at kvinnelige ankerpersonar gjerne tiltrekk seg eit kvinneleg publikum, og på denne måten får fleire sjåarar.

Snakk er heilt sentralt på fjernsyn, og NRK-tilsette har oppfatta rolla som talande i kringkastinga som viktig. Dette har ført til at kvinnelege programskaparar i ei årrekke har vore opptekne av at det er for få kvinner som snakkar i kringkastinga (Skretting 1996:164). I 1995 var NRK sin sportsredaksjon sterkt mannleg prega. NRK hadde éin kvinneleg programleiar innan sport (ibid:167). I mi undersøkning virka det i byrjinga som at det var mennene som var hovudpersonane som programleiarar, men utover i august fekk eg snart vite at det var feil. Fleire og fleire kvinner dukka opp som ankerperson og presenterte sporten. Til slutt var det kvinnene som var i fleirtal, både i tal på personar og i taletid.

**Figur 2:** Kvinner og menn sin medverknad og taletid som ankerperson i NRK si sportssending frå 15. august til 15. september i 2013.<sup>13</sup>



<sup>13</sup> Til saman i perioden 15.08.13 til 15.09.13 var det 32 ankerpersonar som snakka under sending. Desse snakka i 2241 sekund. Figuren er i prosent.

Som ein kan sjå i figuren er kvinnene i fleirtal. Av dei 32 ankerpersonane som var på fjernsynsskjermen denne firevekers-perioden, var 56,3 prosent av desse kvinner. Dette vil seie 18 av 32. Peter Fosslund (2001) meiner at grunnen til at kvinnene er så synlege som ankerpersonar, er fordi dei ofte er fråverande som reporter eller kjelder i sporten.

Dette synet kan også tenke seg å gjelde i min analyse. Medan kvinnene er grovt underrepresentert i mange sportsinnslag, er situasjonen ein anna når det gjeld kven som sit med ansvaret i studio. Her er kvinnene overrepresentert. Fosslund, som har studert sportsnyheitene i både TV 2 og NRK, meiner det er ein tendens at kvinnene er både yngre og meir attraktive enn sine mannlege kollegaer (Fosslund 2001:42). Han er også kritisk til at kvinnene er meir synleg som programleiarar enn menn. «Det eneste som kan sies å ha et feminint uttrykk i de to kanalenes sportssendinger, er den synlige rollen kvinnene har som studioverter,» seier Peter Fosslund når han snakkar om kjønnsfordelinga i NRK og TV 2 sine sportsnyheiter (Falch 2002). Han meiner det er kritisk at kvinnene nesten berre dukkar opp som ankerpersonar.

Det kan se ut til at kvinnene er utsmykning som har fått til ansvar å presentere mannlige prestasjoner for seerne. Vi kan anta at kvinnene har fått denne rollen for å skjule den virkelige sannhet, nemlig kvinnes underrepresentasjon i de norske sportssendingene (Falch 2002).

Også Vibeke Pedersen (1996:159) meiner dette er ein av grunnane til at fleire kvinner blir studiovertar. Hennes konklusjon er at kvinnelege vertar i TV-nyheitsstudio fungerer som fasadepynt og dermed oppfyller marknaden sitt krav.

I mine analysar er dette også tilfellet nokre gonger. Det kan sjå ut til at kvinnene oftare er ankerpersonar, når dei er fråverande som reporter og kjelder. Frå 29. august til 3. september var det berre kvinnelege ankerpersonar i sportssendinga til NRK. I dette tidsrommet kan ein sjå at kvinnene er mindre synleg i resten av sportssendinga (sjå Tabell 1). Det var berre fire kvinnelege reporterar og fire kvinnelege kjelder. Tala for mennene i denne perioden er mykje høgre: med 12 mannlege reporterar og 35 mannlege kjelder. Denne tendensen er synleg fleire gonger. Tre gonger under heile analyseperioden var det berre menn på skjermen og berre menn som slapp til med taletid, dette var aldri tilfelle for kvinnene.

Kristin Storbæk (2008) fann også dei same tendensane då ho analyserte sportssendingane under *Dagsrevyen* hausten 2008. Ho fann at over 85 prosent av ankerpersonane var kvinner, medan menn regjerte som reporter i 87,5 prosent av tilfella og som 95,5 prosent av kjeldene

### 5.1.1 Snakkar lengre

I den globale undersøking *Who makes the news? Global media monitoring project 2000* (Spears og Seydegart 2001), kan ein lese at kvinnene allereie hadde gjort seg gjeldande som ankerpersonar tidleg på 2000-talet. Sjølv om teorien er at kvinner berre bidrar som fasadepynt, har dei også lengre taletid enn sine mannlege kollegaer. I figur 2 kan ein sjå taletida kvinnene hadde som ankerpersonar.

Kvinnene er enda betre representert med taletid enn mennene. Av den totale taletida ankerpersonen snakka, så snakka kvinnene mest og lengst. Dette vil seie at kvinnene ikkje berre er oftare representert enn mennene som ankerperson, dei snakkar også litt lengre enn sine mannlege kollegaer når dei først kjem til orde. Dersom NRK har hatt ei satsing om å få fleire kvinner på skjermen, kan dette vere eit av resultata og noko dei har satsa bevisst på. Det er likevel verdt å merke seg at sjølv om kvinnene er veldig synleg som ankerperson, så er ikkje kvinnene overrepresentert eller like ofte representert som sine mannlege kollegaer i resten av sporten.


Sjølv om kvinnene i dag er godt representert som ankerperson, kan ein finne periodar der kvinnene er underrepresentert i heilskap. I veke 34 (frå 19. august til 25. august) var det 6 mannlege ankerpersonar og ei kvinne. Her var det også 16 mannlege og 6 kvinnelege reporterar, 34 mannlege kjelder og 9 kvinnelege kjelder. At kvinnene i løpet av ei heil veke berre utgjer litt over 20 prosent av personane me ser på sportsnyheitene, viser at kvinnene framleis er få.

## 5.2 Ein av fem er kvinnelege reporterar

I rolla som reporter er kvinner langt frå like godt representert som dei er som ankerperson. At kvinnene er i stort mindretal som reporter på fjernsyn kan også ha samanheng med at det generelt er færre kvinnelege sportsreporterar enn menn. I ein e-post frå Karin Hanstensen (10.01.14), som er journalist i Østlandets Blad og har ansvar for medlemskap i Norske Sportsjournalisters Forbund (NSF), skriv ho at det i 2014 er 504 medlemmar i NSF og at berre 55 av desse er kvinner. Dette vil seie at 9,8 prosent er kvinner. For å samanlikne, så var det 8 prosent kvinner i 2009 (von der Lippe 2010), 6 prosent i 2002 (Synstad 2002) og i 1998, når Hanstensen byrja å arbeide i NSF, var talet på kvinnelege medlemmer 10. Desse tala kan

sjølvsagt vere skeive ettersom mange kanskje ikkje er medlem, men det gir oss likevel ein god peikepinn på korleis kjønnsrepresentasjonen er i norsk sportsjournalistikk.

**Figur 3:** Kvinner og menn sin medverknad og taletid som reporter i NRK si sportssending frå 15. august til 15. september i 2013.<sup>14</sup>



Når me her skal sjå talet på sportsreporterar har figuren endra seg totalt i samanlikning med kor mange kvinner som var ankerpersonar. I over 50 prosent av sendingane var ikkje kvinner til stades som reporter. I nokre sendingar var det opp til 5 mannlege reporterar, og ingen kvinner. At over 80 prosent av mennene er reporterar, er kanskje tilfeldig i denne perioden, men tidlegare undersøkingar av blant anna Birgit Eie (1998) viser at dette har vore tilfelle over lengre tid.

Det kan verke som at det er veldig få kvinner som medverkar som reporterar. Mange av dei same namna kjem opp igjen fleire gonger i denne perioden, medan det finst mange fleire menn, sidan desse varierer oftare. Dette kan også skylde perioden eg har valt ut til analysen, men det kan også vise at kvinnene er i stort mindretal når det kjem til rolla som reporter. Av dei 93 gongene reporterane snakka, var det berre 18 kvinnestemmer.

I perioden 9. september til 12. september var det berre kvinnelege anker. Her kan ein kanskje igjen trekke fram at kvinnene ofte er synleg som anker for å dekke over at dei er fråverande som reporter eller kjelder. I dette tidsrommet var det 15 mannlege reporterar, 33 mannlege kjelder og fire kvinnelege kjelder. Ingen kvinner deltok i sendingane som reporter desse fire dagane. Det er vanskeleg å komme med ei forklaring på kvifor dette er tilfellet, men

<sup>14</sup> Til saman i perioden 15.08.13 til 15.09.13 var det 93 reporterar som snakka under sending. Desse snakka i 3188 sekund. Figuren er i prosent.

det viser at kvinner ofte er usynlege i mediasporten. Også Rikard Norling, trenar for fotballaget Brann, etterlyste kvinnelige journalistar då han etter kampen møtte pressekorpsset og uttalte «ikke én jente?» (Rotnes 2014). På spørsmål frå BA om kvifor han etterlyste kvinnelege sportsjournalistar svarte han:

Ja, dette stammer jo fra det jeg sa litt sånn «off the record» etter kampen – men nå finnes ikke det når det gjelder journalister. Men da jeg skulle møte journalistene etter kampen, kom det en horde av menn mot meg. Da tenkte jeg: «Gud, hva er dette her. Hvilken mannsdominert verden..». Så det var et spontant uttrykk (Rotnes 2014).

Eksempelet viser at kvinner framleis er ei mangelvare innan sportsjournalistikken, og då kanskje særleg på fotballarenaen. Som Helland påpeikar, så har det på fotballarenaen historisk sett gått føre seg ein kjønnskamp der kvinner har blitt diskriminert (Helland 2003:200).

### **5.2.1 Mindre taletid**

Det er ikkje berre som medverkande at kvinnene er underrepresentert som reporter, også i taletid er det store forskjellar. Det kan verke som at i dei kategoriane der kvinnene er dårleg representert, så er dei endra mindre representert med taletid. Grunnen til dette kan vere fordi kvinnene ofte hadde kortare reportasjar der dei snakka lite. Sidan fotball tar ein stor del av kaka når ein viser sport, er det kanskje ikkje rart at kvinnene snakkar mindre. Som me skal komme tilbake til i intervjuet med dei kvinnelege informantane, er fotball den arenaen der kvinnene har sluppe minst til. I undersøkinga kunne eg også sjå at det var sjeldan kvinnene hadde lange reportasjar frå fotballkampar.

Sjølv om det ikkje er så stor forskjell frå talet på reporterar og taletida, kan ein sjå at mennene også snakke lengre enn kvinnene. Som ein kan sjå her er kvinnene veldig få når det gjeld å skape nyheitsbiletet. Dette gjeld også den siste kategorien me skal innom: kjeldene.


### **5.3 Tause kjelder**

Det er under kategorien som kjelder kvinnene er minst representert. Sjølv om kvinnene utgjer nesten 40 prosent av idrettsmedlemskapa i Noreg (Norges Idrettsforbund 2012), er ikkje dette



noko som blir reflektert via sportssendingane. Kvinnene verkar å vere underrepresentert i roller der ein skal meine eller skape noko.

**Figur 4:** Kvinner og menn sin medverknad og taletid som kjelde i NRK si sportssending frå 15. august til 15. september i 2013.<sup>15</sup>



Her kan ein sjå at kvinnene er enda mindre representert som kjelder enn reporter. Med sine 14,2 prosent er det ikkje ofte kvinner blir sett søkelyset på i sportssendingane. Dette viser oss at kvinner framleis er underrepresenterte i sporten som heilskap. Av 212 kjelder som slapp til i sportssendingane i denne perioden, var berre 30 av dei kvinner. Menn er den heilt klare vinnaren her. Mange av sendingane er dominert av mannlege kjelder, og i ei sending kunne ei finne 12 mannlege kjelder og ei kvinne. Kvinnene var ikkje i nærleiken av å vere like ofte representert, med maks tre kvinnelege kjelder i ei sending.

### 5.3.1 Falske bilete

I tillegg til å vere underrepresentert i talet på kjelder, kan ein sjå at kvinnene har enda mindre taletid. Dette betyr at i tillegg til å vere underrepresentert som kjelder, så snakkar dei også mindre enn mennene når dei kjem til orde. Ein kan kanskje seie at sportsjournalistikken ikkje kan bli klandra for den store overvekta av menn i sportssendingane, men at dette i staden speglar eit bilete av røynda og samfunnet generelt. At menn innehar dei mest prestisjefulle og øvste jobbane i mange sportsorganisasjonar blir reflektert gjennom media.

<sup>15</sup> Til saman i perioden 15.08.13 til 15.09.13 var det 212 kjelder som snakka under sending. Desse snakka i 2768 sekund. Figuren er i prosent.


Som ein kan sjå i figuren er kvinnene svært underrepresentert som kjelder i sportsnyheitene. Under 14 prosent av taletida er blitt satt av til kvinnelege kjelder denne månaden. Nokre dagar er ikkje kvinnene ein gang til stades i sportssendinga utanom som ankerperson. Dette kan vere med å støtte opp argumenta som ofte har blitt brukt om at kvinner fyller rolla som ankerperson for å dekke over den store underrepresentasjon andre stadar i sportssendinga (Fosslund 2001, Pedersen 1996).

## 5.4 Usynleggjering i mediesporten

Resultat frå medieundersøkingar viser ei marginalisering av kvinner sine idrettsprestasjonar samanlikna med menn. Medan kvinnene utgjorde 40 prosent av idretten si medlemsmasse i Noreg i 1996, var media si dekking av kvinneidrett stort sett under 10 prosent på den tida (Hovden 1996). Desse tala er ganske like i dag. I årsrapporten frå 2012 frå Norges Idrettsforbund utgjør kvinnene over 40 prosent av idretten si medlemsmassen i Noreg, og tala ser ikkje ut til å synke. At kvinnene, nesten 20 år seinare, berre utgjør 14 prosent av kjeldene i sportsnyheitene, viser at utviklinga går svært seint.

Medieforskaren George Gerbner (1978, referert i Hovden 1996:44) har uttrykt at den generelle underrepresentasjon av kvinner i media, betyr det han kallar «symbolsk tilinkjesgjerung». Usynleggjering av kvinner i mediesporten fortel oss på ein direkte og effektiv måte at det kvinner utfører ikkje er viktig og verdifult nok, og at det ikkje finst særleg mange seriøse kvinnelege utøvarar.

**Figur 5:** *Kvinner og menn sin medverknad og taletid i NRK si sportssending frå 15. august til 15. september i 2013.*<sup>16</sup>



<sup>16</sup> Til saman i perioden 15.08.13 til 15.09.13 var det totalt 337 personar som snakka under sending. Alle snakka til saman 8197 sekund. Figuren er i prosent.

Heile 337 personar medverka i sportssendinga i denne perioden. At under 20 prosent av desse er kvinner er kritikkverdig. At kvinner er så fråverande frå sportssendinga kan bli sett på som eit problem dersom det er slik at media skal spegle samfunnet.

Som ein har sett utgjer kvinnene godt over halvparten når ein ser på rolla som ankerperson. Når det derimot kjem til rolla som reporter eller kjelde, er kvinnene underrepresentert i forhold til mennene. Medan kvinnene ligg under 20 prosent medverknad i denne firevekersperioden, er dei litt meir representert med taletid. Her trekker kvinnene som ankerperson opp.

Sport er dominert av menn både med tanke på kven som pratar og skriv, og kven det blir snakka om og skrive om. Derfor er det menn som i størst grad blir synleggjort og menn sine sportslege gjeremål som står fram som mest interessante. Menn blir sett på som meir verdifulle enn kvinner, og sportsjournalistikken er på denne måten i strid med likeverdet mellom kjønna. Det er kanskje ikkje rart kvinnene vegrar seg for å byrje som sportsjournalistar når sportssendingane er prega av ein mannleg dominans. I neste del skal eg snakke med nokre av dei som likevel har turt å bevege seg inn i sportsverda.

Her vil tema om kjønn og sport stå sentralt. Eg vil også sette fokus på kva dei meiner kan vere grunnen til at det er så få kvinner i sporten, og kva utfordringar ein står ovanfor når kjønn blir gjort relevant på ein arbeidsstad som har uttalte mål om likestilling i alle redaksjonar. Kva betyr det – i eit kjønnsperspektiv – at kvinner er representert i forskjellige roller i TV-sporten?

## 6. Kvinnene som våga

Sporten vart lenge sett på som ein mannsbastion i media. Det vart derfor tøft for mange kvinner då dei skulle sette foten innanfor ein redaksjon som pleidde å vise pornofilmar på styremøta (Vogt 1984). Medan Ellefsen bana veg for mange kvinner som sportsreporter, har likevel vegen mot ein meir likestilt sportsredaksjon vore lang. Ellefsen og Rognerud, som har jobba i sporten over lengre tid kan fortelje om sportsredaksjonen då dei byrja. Begge opplevde å bli veldig merksam på sitt eige kjønn den første tida dei jobba der. Å stadig skulle bevise sin kompetanse og bli samanlikna med menn, var ikkje lett.

Skeide og Rasch fortel om korleis dei har opplevd å jobbe i NRK sin sportsredaksjon dei siste åra. Framleis heng nokre kulturar igjen. Det interessante er at alle dei fire informantane er ganske einige på mange område, sjølv om dei har forskjellige erfaringar. Det kan verke som at det framleis finst klare kjønnskilnader på nokre område i sportsjournalistikken, sjølv om ting har forandra seg mykje frå den tida då Ellefsen og Rognerud byrja.

Som i teoridelen, vil også analysen ta utgangspunkt i kjønn som noko ein gjer (performativitet) og kjønn som habitus. Både Acker sin organisasjonsteori og Bourdieu sine omgrep som habitus, felt og symbolsk kapital vil vere sentrale i analysen. Eg vil også bruke andre tema frå teorien som eg meiner kan gi betre innsikt i nokre av opplevingane til informantane. Men først skal me sjå litt på den historiske biten. I første del vil spesielt Ellefsen og Rognerud sine opplevingar av tidleg sportsjournalistikk vere sentral. Dette er dei fire kvinnene sine opplevingar av kjønn i sportsredaksjonen til NRK.<sup>17</sup>

### 6.1 Kamp for likeverd

Både Rognerud og Ellefsen vart møtt med skepsis når dei byrja å jobbe i Sporten. Karen-Marie Ellefsen byrja å jobbe i sportsredaksjonen seint på 70-talet. Ho opplevde at ho kom inn i ei verd som var mannsdominert på mange område, og ei leing som var redd for reaksjonar frå det mannlege publikum.

---

<sup>17</sup> Sitata i denne delen er i noko grad blitt normalisert for å gjere dei meir forståeleg, og for å samanfatte nokre av poenga. Innhaldet i sitata er ikkje endra på.

Det første jeg gjorde var et hopprenn for guttunger i Vikersund. Vi hadde et program som het *Sport 'n* som gikk en gang i måneden som bare tok for seg barneidrett, og det første halve året så jobba jeg bare med det, for de turte ikke å slippe meg til på noe annet. Det var liksom greit fordi det var ikke så eksponert. Jeg tror de var redd for reaksjonene fra publikum. Den gangen var det jo ingen jenter, jeg var jo den første. [...] Jeg tror ikke de trodde på at en jente var så interessert i sport som det jeg var, og det at de holdt meg på denne barneidretten tror jeg var mest fordi det ikke var så eksponert, de var redd for reaksjonene (Ellefsen 28.02.14).

Det kan verke som at mennene var redde for å sleppe Ellefsen til på dei populære områda i sporten. Her kan ein sjå det store skillet som var mellom kvinner og menn i sporten. Harriet Holter (1981) meiner at kvinner og menn på denne tida ikkje utfylte kvarandre som komplementære delar, men at kjønn vart brukt som eit middel i fordelinga av makt og ressursar. Det same mønsteret kan ein finne i media. Sidan journalistikk har vore eit yrke av og med menn, vil det seie at prioriteringar og normer, framgangsmåtar og arbeidsforhold er prega av menn sine oppfatningar og livsvilkår (Skard 1984). Kvinnene møtte andre forventingar, hadde andre moglegheiter og gjorde andre erfaringar enn menn. Kvinnene var forventa å skrive om helse- og sosialstoff, medan mennene skulle ta seg av det som var av sport, politikk, økonomi og næringsliv. Skard meiner at dette viser ei skeiv fordeling av makt og ressursar: «kvinnens gjøren og laden blir generelt nedvurdert, de får stort sett dårligere muligheter enn menn og makt tildeles menn og frarøves kvinner utelukkende på grunn av kjønn» (Holter 1976, i Skard 1984:73).

Kulturelt hegemoni har ofte blitt brukt for å forklare maktrelasjonar og dominerande ideologiar i kulturelle institusjonar, som media og sport. I sporten har den hegemoniske maskuliniteten vore mindre utsett for endring enn nokon anna felt i kulturen (Hargreaves 1994, i Hardin og Shain 2006). Sidan menn hadde mest innverknad i sportsredaksjonen, fekk dette utslag på kva kvinnene fekk prøve seg på som journalistar. At kvinnene berre fekk prøve seg på idrettar som ikkje var så populære blant publikum, var eit teikn på at kvinnene var underordna menn i mange prosessar i sportsredaksjonen. Det var ikkje vanleg med kvinner på skjermen, for kvinner skulle ikkje bry seg om sport, sporten var ein mannleg arena. Ellefsen opparbeida seg likevel respekt på arbeidsplassen og fekk etter kvart sleppe til på andre idrettar. Det var likevel ikkje før ho viste seg på skjermen at reaksjonane kom.

Første gang jeg var programleder, satte de meg til å være programleder i en pause i Fotball-VM i 78, som vikar. Det var først da folk ble oppmerksom på meg. Jeg fikk ikke noen reaksjoner fra publikum før jeg viste meg på TV. [...] For det første så fikk jeg reaksjoner på hårfasongen min og alt dette der. Jeg husker veldig godt et leserinnlegg i *Dagbladet*, som antakeligvis måtte være skrevet av en sørlending. Han mente at det var tegn på forfall i Norge når kvinner begynte å snakke om sport, det var det endelige beviset på at hele det norske samfunn var i oppløsning (Ellefsen 28.02.14).

Dette var eit stort steg for mange. At ei kvinne kunne snakke om sport var for mange eit teikn på at noko var fullstendig gale. Sjølv om kvinner allereie hadde satt sitt preg på andre område i presse og etermedia i Noreg, vart det store reaksjonar når dei slapp til i sporten. Medan kvinneandelen i Norsk Journalistlag (NJ) var på 20 prosent i 1981, hadde andelen auka til 40 prosent i 2004. Heile vegen har det vore ei jamn auking av kvinnelege journalistar og hittil var kvinnene på topp i 2012 med 43,45 prosent, medan tala var gått litt ned igjen i 2013 (NJ 2013). Ut i frå ein likestillingstanke må dette bli sett på som eit steg i riktig retning. Når ein derimot ser på talet på kvinner i NRK sin sportsredaksjon er tala mindre. I 2010 er det framleis berre ein tredjedel kvinner i redaksjonen dersom ein ser på medlemstal frå NJ (2011).

At Ellefsen fekk reaksjonar som første kvinnelege reporter, synest ho framleis er rart fordi det var mykje som skjedde på kvinnefronten på den tida. På slutten av 70-talet hadde det vore ein bevisst likestillingskamp og kvinnekamp på mange område. Kvinnene hadde byrja å hevde seg i idretten og både Grete Waitz og langrennsjentene hadde tatt sportsarenaen med storm. Det var ikkje lengre så rart at kvinner fann sin plass i sporten, likevel var det mange som reagerte på at kvinnene hadde byrja å snakke om det.

De jeg merka minst reaksjoner fra var utøverne. Dette har jo muligens noe med generasjonen å gjøre, siden de var unge. [...] Det var jo en eller annen trener eller idrettsleder som kunne si «Har du noe greie på dette du da, jenta mi?». Eller så fikk jeg den andre, som også er nedlatende: «Jøss du kan jo dette du, du har jo greie på dette du jo». [...] Men det er ikke noe tvil om at det som var vanskeligst for meg å få gjennomslag på, det var fotballen. Kollegaer som jeg hadde den gang sa rett ut: «Ja, det er greit at hun er ansatt, men fotball må hun holde seg unna». Jeg husker at det var en som avbrøt sommerferien sin på Sørlandet, for å komme inn en søndag for å lage et referat fra en fotballkamp på Bislett, fordi jeg var det eneste alternativet. Jeg tror det var et eller annet med at det var et mannlig ego, noe måtte de ha for seg selv. Noe måtte de være bedre på enn kvinner når det gjaldt sport. Og det er nok fortsatt slik at det henger litt igjen, men det er jo ingen som snakker om det i dag (Ellefsen 28.02.14).

Ifølgje Ellefsen var det uaktuelt for kvinner å drive med fotball. Fotballen var sett på som ein heilag arena der ingen kvinner fekk nærme seg. Ellefsen har kanskje eit poeng i at menn måtte ha noko for seg sjølv.

I ei tid der det mannlege hegemoniet stadig er i utfordring, er situasjonen i sportsmedia eit godt stykke bak resten av samfunnet. Ved å ekskludere kvinner frå sportsnyheitene på fjernsyn skapar media eit bilete om at maskulinitet er synonymt med sport og bidrar til å oppretthalde den mannlege dominansen og hegemonien (Fosslund 2001:52). Ved å utelukke kvinner frå fotball reproducerer menn den mannlege hegemonien som er i fotballen, og som viser til det Ellefsen snakka om på slutten av 70-talet om at sport berre er for «far».

At Ellefsen fekk reaksjonar då ho synte seg på fjernsynet kan også vise til det Elisabeth Eide (2000b:187) kallar «bidronning-effekten». Med dette omgrepet meiner ho at kvinner blir sett på som unntaket i mange situasjonar der menn har vore «normalen». Ho meiner at når menn oppnår ein posisjon blir det sett på som normalt, men når kvinner gjer det, er det eit brot – eit unntak. Når Ellefsen for første gang viste seg på TV, vart dette sett på som noko unormalt, mykje fordi menn var normalen og det var ikkje forventat at kvinner kunne noko om sport.

Rognerud merka også til dette då ho byrja. Ho meiner sjølv at ho vart kvotert inn i sporten for 20 år sidan. Rognerud meiner at kvinner ikkje vart sett på som sportsinteresserte og at det derfor var unormalt at ei kvinnene skulle drive med sportsjournalistikk.

Før i gamle dager, så var jo det der som å sitte å se på Sportsrevyen, det var jo en manngreie. Eller se på fotball, det var en manngreie. Det var ikke noe sånn kvinner brydde seg med i det hele tatt, så hvorfor skulle en da forvente at noen av dem da skulle bli sportsjournalister (Rognerud 28.02.14).

Men tida for forandring måtte også til slutt nå sportsredaksjonen i NRK. Rognerud fortel at det var nokon som ville ha fleire kvinner inn i sporten. Når NRK skulle utvide sporten og byrje med daglege sendingar i 1995 var det eigentleg bestemt at ein skulle ha inn fire menn og to kvinner. Dette var det nokon som reagerte på.

Det var noen som satte foten ned, og sa «Nei, nå skal vi ha 50/50». Så jeg forstod det sånn at jeg ble litt kjønnskotert inn der. Faktisk. Jeg var nok den siste kvinnen som kom inn og fikk jobben. Det var på en måte det første skrittet, mot en lang vei, at TV-sporten prøvde å ta inn flere kvinner. Selv om det ikke har vært lett etter det, så var det noe som skjedde den gangen. Det va noen som faktisk ønsket at det skulle bli flere kvinner, for den gang så var det mye mer mannsdominert enn det er nå (Rognerud 28.02.14).

### 6.1.1 Kvinneleg alibi

For Ellefsen var det ingen tvil om at herrefotball var det område der kvinnene hadde det tyngst. Fotballen var mannen si verd. Fotballen var det mennene som hadde greie på. Då eg snakka med ei av dei yngre jentene, kan ein sjå at noko av dette framleis heng igjen. Skeide har jobba i NRK i fire år og har allereie vore innom dei fleste idrettane. Ho merkar også at fotballen er det området der det er minst kvinner. Sjølv følte Skeide at ho gjerne vart det kvinnelege alibiet når det kom til fotball.

I vår redaksjon er 60 prosent av guttene først og fremst fotballinteressert, og da er det veldig mange som kanskje er flinkere enn hva vi føler oss i det. Jeg har nok skjønt, at vertfall i starten, så var jeg kanskje litt sånn det kvinnelige alibiet. For eksempel når vi skal lage cup sending, så skal vi jo ta for oss 30 kamper i løpet av magasinet på 45 minutter. Da skal vi jo innom alle stedene, og da kan du ikke ha 30 referat med 3 forskjellige herre- eller guttestemmer, det blir veldig mannsdominert. Så jeg mistenker i starten at jeg kanskje fikk litt lov til å være med fotballgruppa fordi de trengte litt variasjon, men jeg syns jo det er gøy, og jeg er flink, så derfor fikk jeg lov til å fortsette (Skeide 06.03.14).

Skeide peiker på at fotballen framleis er prega av å vere eit mannsdominert miljø. At mennene må ha eit kvinneleg alibi for å gjere opp for underrepresentasjon av kvinner i herrefotballen, fortel litt om kva syn som har vore på kvinner i dette feltet. Det fortel oss at kvinner blir sett på som for å ha for lite kapital innanfor fotballfeltet til å faktisk skulle jobbe med det, og at tradisjonelt mannlege felt, framleis er prega av menn sine oppfatningar og tenkemåtar. Det kan verke som at haldninga «[...] fotballen må hun holde seg unna» (Ellefsen 28.02.14) framleis har røter i dagens sportsjournalistikk. Skeide peiker på at andre idrettsmiljø også har mange menn, men at dei har kvinner i nokre stillingar. I fotballen kan det verke som at dei fleste stillingar består av menn. Skeide meiner dette kan verke avskrekkande for mange kvinner som vel å byrje å jobbe med sport, særleg sidan fotballen dominerer sendeflata når ein viser sport.

Når vi dekker fotball, så er det jo menn vi dekker 99 prosent av tida. Mannlige trenere, mannlig støtteapparat, mannlige pressekontakter, det er et reint mannsdominert miljø. Og det er jo en helt annen sak, men måten man blir snakket til som kvinnelige journalist kan være annerledes. [...] Det er jo en sånn hersketeknikk, så det må jo man slå tilbake mot, men det er fortsatt mannsjøvinner som jobber som fotballtrenere eller pressekontakter som behandler deg annerledes fordi du er jente. [...] Det har jo ikke skjedd meg veldig mange ganger, men det er litt sånn «Skjønner du ikke det, lille venn?». «Lille venn» er det verste ordet jeg vet i hele verden. Hvis noen sier «lille venn» til meg så rakner det på meg. Eller så kan det være kroppsspråk. Hvis du stiller spørsmål til «Audun» for eksempel, som er ekspert på fotball, så prøver han å vise hvor dum du er. Men dette gjør han mot guttene og. Det er hans måte å avfeie spørsmål på. Det er liksom sånn: «Hvem er du og hvor dum er ikke du?» Men det gjør han til alle, så han er ikke sånn som bare går på jenter, men det er hans måte og takle et spørsmål han syns er ubehagelig, eller ikke vil svare på (Skeide 06.03.14).



Det er tydeleg at fotballen framleis er prega av eit mannsdominert miljø med menn både i støtteapparat og alle andre rundt. At nokre kvinner kan bli skremt av dette, verkar som ei felles oppfatning blant kvinnene eg har snakka med.

Fotballfeltet er, og har vore, den arenaen der det er vanskelegast for kvinner å slå i gjennom. Dei kroppsleggjorte veremåtane som er mest føremålstenleg for å tileigne seg verdiar på dette feltet er tydeleg maskuline. Som Bourdieu peiker på, varierer desse frå felt til felt, men det er tydeleg at den rette habitusen på fotballfeltet er prega av kjønn og det å ha den rette maskuline veremåten (Gripsrud 2007:34). Skeide fortel at også langrennssporten er mannsdominert, men at ein kan finne fleire kvinner som presseansvarlege og i sjølve apparatet rundt idrettspersonane. Ho fortel at måten ein blir snakka til er annleis i fotballen enn i dei andre idrettane. At menn brukar kunnskap for å undervurdere kvinner er ikkje noko nytt. Acker (2001) påpeiker at menn ofte brukar symbol, bilete og metaforar som er tett knytt mot deira kjønn. Dette reproducerer dei forventingane som er sett om at det er menn som skal vere interessert i sport, og at kvinner ikkje har kunnskap på dette feltet. At både Ellefsen og Skeide, med 30 års mellomrom, har dei same opplevingane av å bli snakka ned til som kvinne, viser at oppfatningar og kulturar ofte er seigliva.

Ellefsen trur ting har mjuka seg opp, men at noko av det gammaldagse ordspelet «kvinnfolk og fotball» framleis heng igjen. Ho fortel at det er særleg hjå dei gamle «fotballnerdene» ein gjerne har hørt dette, også dei siste åra. Ellefsen meiner at dette speglar kva dei meiner om kvinnefotball og fortel sjølv at ho førte ein intern kamp på dette området.

Jeg følte at jeg drev en kamp for kvinneidrett på TV, og jeg mente jo at den ble veldig diskriminert på TV. Så det hadde jeg mange «fighter» med kollegaene mine om. Men det har på en måte, etter hvert som norske jenter gjør det bra i idrett, jamna seg ut litt. Respekten for kvinneidrett er blitt mye større nå, enn den var når jeg begynte, det er det ikke noe tvil om. Men det er jo akkurat som hos enkelte av de der fotballnerdene, så henger det liksom litt igjen på fotballen (Ellefsen 28.02.14).

Som ein kan sjå dreiv Ellefsen ein intern kamp for å få fleire kvinner på skjermen. Innsatsen til kvinner var ikkje sett på som viktig nok til å nemnast i sportsmedia. Hjå Vogt (1984) kan ein sjå at kvinnene på denne tida nesten berre fekk merksemd i media dersom dei hevda seg i verdstoppen.

Ida Nysæter Rasch meiner det er eit tradisjonelt kjønnsrollemønster som er grunnen til at så mange menn driv med fotball, og at dette gjer det vanskeleg for kvinner å komme tett innpå. Igjen kan det verke som at dei tydelege kjønnsrollene framleis er til stades i

sportsjournalistikken. Rasch trur at denne kulturen har ført til at det blir stilt større krav til jenter enn til gutar, og at det derfor er vanskelegare for kvinner å slå igjennom og bli gode sportsjournalistar. Skard (1984) meinte tidleg på 1980-talet at journalistikk ikkje var kjønnsnøytralt. Det kan verke som at det framleis i sporten er viktig å ha det riktige kjønnet. Menn har vore dei som har dominert journalistyrket lengst, og særleg sporten. Analysar av idrett viser at i samfunn der menn sin status er i endring, blir sport brukt som eit verkemiddel i menn sin identitetsbygging for å kunne oppretthalde bilete av menn sin overlegenheit over kvinner (Hovden 1996). Sport og særleg herrefotball står fram som ein moderne nøkkelarena for markering av hegemonisk maskulinitet, og dette gjer at kvinner må bevise at dei kan gjere jobben like godt som mannfolka for å ta del i sportsfeltet. At kvinner blir stilt større krav til enn mennene, fører til at oppfatninga om menn og sport blir reproduisert og naturleggjort. På denne måten blir kvinner framleis sett på som ein annanrangs borgar i sportsverda.

Jeg tror det stilles andre krav til jenter og gutter. Jeg tror det er lettere for gutter å få prøve seg, enn det er for jenter, særlig når det gjelder fotball. Det syns jeg er synd. Jeg tror også at gutter kommer lettere unna med ting når de gjør feil. Hvis en gutt gjør en feil så er det slurv, men hvis ei jente gjør feil på en fotballsak, så er det fordi hun ikke vet bedre. Og det tror jeg er en holdning som er ganske utbredt. Ikke i så stor grad bevisst, men like fullt så er den der, og derfor er terskelen for å kommentere fotball for jenter [...] ganske høy, fordi fallhøyden er så stor. Fordi du vet at de som sitter og hører på tenker «Kan hun egentlig dette her?». [...] Jeg har ikke noe godt svar på hvorfor det er sånn, men jeg tror det har noe med en mannlig ukultur å gjøre. Som ikke bare er av oss, men som også er andre steder. Et tradisjonelt kjønnsrollemønster (Rasch 27.02.14).

Det verkar som at kvinnene må bevise at dei er ekstra gode sportsjournalistar for å få tilgang inn på fotballfeltet. Ifølgje Bourdieu kan me snakke om fleire felt og relasjonar mellom dei i eit samfunn. Aktørane i desse felta arbeidar under ulike reglar og logikkar. Sidan sportsjournalistikk kan bli forstått som eit underfelt i det journalistiske feltet, finn me mange felles trekk i dei to felta. Bourdieu meiner at me mistar perspektiv dersom me ser på journalistar berre som enkeltindivid. Me må studere kva dei gjer og det arbeidsfellesskapet dei fungerer i (von der Lippe 2010:39). Arbeidsfellesskapet i sporten bestod lenge berre av menn. Kvinnene vart sett på som ein anna rase. Ein rase som tok med seg verdiar og haldningar dei tidlegare ikkje hadde sett i sporten. Det vart derfor viktig for mange menn å markere eit standpunkt, og for at kvinner skulle få innpass, måtte dei ha dei same standpunkta som mennene.

Fotballfeltet har vore den vanskelegaste arenaen for kvinner å opparbeide seg kapital på. Ved at menn først og fremst blir tildelt fotballsakene, blir skepsisen stor dersom ei kvinne skal ta på seg ei slik sak, fordi kvinnene blir på sett som å ha mindre kapital på fotballfeltet.

Dette er fordi at det i dette feltet gjerne har råda ei oppfatning om at menn kan meir om fotball, medan kvinner gjerne har utretta meir på andre område. Det kan verke som at kvinnene heller ikkje får moglegheita til å opprette seg kapital på nokre område. Skeide (06.03.14) fortalte at grunnen til at mange kvinner ikkje blir så gode på fotball er nettopp fordi dei ikkje får tilgang.

Jeg tror at hvis en jente hadde jobba like mye med fotball som det Morten Stokstad gjorde i sin tid, så ville hun fått like mye respekt som Morten Stokstad. Så det handler jo om å være der nok. Å være hun som av og til plutselig er der gir deg ikke den respekten. Hadde du dekket Vålerenga fotball hver dag i en hel sesong, så hadde jo du fått den samme respekten som en mannlig kollega hadde gjort. Men det er jo ikke noen som gjør det (Skeide 06.03.14).

I motsetnad til pengar eller utdanningspapir er symbolsk kapital utan formelle veksleordningar og knytt til eigenskapar og tilgangar som gjev dei ei meir eller mindre «udiskutabel» anerkjenning hos dei fleste feltdeltakarane. Sidan kvinnene ikkje får tilgang til den udiskutable anerkjenninga, som Skeide meiner til dømes Morten Stokstad hadde, vil dei heller ikkje få den same respekten på fotballfeltet. Dette kan føre til at dei blir sett på som å ha mindre kunnskap og i alt mindre kapital.

## 6.2 Fallgruver

Kvinnene har kjempa bevisst for å bli sett på lik fot med menn i mange år, men det er framleis slik at på nokre område blir kvinnene sett ned på. Fleire av kvinnene peika på at fallhøgda gjerne er større for kvinner enn for menn. Medan mennene hadde ein tendens til å «slurve», blei kvinnene sett på som kunnskapslause dersom det oppstod feil. Skeide meiner at det blir tatt for gitt at menn har kunnskap på feltet, medan kvinnene oftare må bevise at dei kan noko om sport.

Acker (1990) peikar på at arbeidet med ein eigen kjønnsidentitet er viktig i mange organisasjonar. Deira eigen sosiale kategori (til dømes kjønn) avgjer delvis kor mykje arbeid medlemmane må gjere for å overhalde normene som finst i bedrifta. For begge kjønn er det derfor viktig at dei engasjerer seg i identitetsarbeid. Forskjellen er at det verkar som identitet og til dømes sportsjournalistikk passar betre saman med identiteten til mannen, og at posisjonen er konstruert med tanke på biletet av den maskuline veremåten. I sporten blir det

gjern tatt for gitt at mennene kan meir om sport enn kvinner, og at kvinner derfor må arbeide meir med sin eigen identitet for å bli lik mennene. Skeide påpeikar at menn lettare slepper unna dersom dei gjer feil, medan jentene ofte kan bli definert som lite interessert. «Hos en gutt så kan det bli sett på som ‘slip of the tongue’, mens en jente hun kan ikke bedre, hun visste jo ikke hva han het» (Skeide 06.03.14). Skeide får støtte av Rasch som meiner også at dette skjer. Rasch peiker på at det er lettare å bli oversett når ein er jente og at ein må prestere dobbelt så bra. Ho trekker fram at ein gjerne får fleire sjansar som gutt enn som jente.

Jeg tror det er spøkelse fra fortiden som til en hvis grad henger igjen, uten at folk tenker over det. Det bare blir sånn. [...]. Hvis man gjør folk bevisst på det da, så tror jeg ikke det er meningen, men jeg tror mye henger igjen. Men så tror jeg også det er en sånn kultur at sport det er gutter som har mest peiling på, det blir best hvis vi setter en mann på det (Rasch 27.02.14).

At det blir «best» om ein set ein mann på det kjem opp igjen fleire gonger. Menn har vore dei som har hevda seg i sporten. Det er dei som kan og bør vite mest. Det kan verke som at kvinnene må oppføre seg halvvegs som ein mann for å bli forstått som ein god sportsjournalist, og derfor også bli godtatt som «ein av gutta». Også Ellefsen opplever at gutane har ein fordel når det kjem til tabbar. Ho har opplevd at gutane får fleire sjansar enn jentene, sjølv om dei er like gode, fordi det blir forventa at gutane har meir kunnskap. Ellefsen fortel om ein episode ho meiner beskriv korleis jentene ofte kan bli behandla.

Jeg kan ta en episode om en tøff dame som jobber her. Vi satt på et møte, og dette er litt typisk i forhold til fotball, [...] og når de skal fordele jobber, og særlig hvis det er fotball, så går det ofte først til gutta. Veldig ofte, men ikke bestandig, det kommer ofte an på hvor mange reportere det er. Så var det snakk om et fotballinnslag som skulle lages, og dette spørsmålet ville han aldri stilt til en gutt. Men da sier han vaktstjefen til hun reporteren som hadde jobbet her en god stund: «Kan du noe om fotball, du da?» og da svarte hun «Jeg kan alt!» Han sa det med et smil om munnen da, men det ligger noe bak det (Ellefsen 28.02.14).

Acker (1990) peikar på at i samhandling mellom individ så blir det danna ein praksis som utviklar kjønnsinndelingar og skapar og opprettheld kjønnsbilete. Nokre meiningar blir sett på som dominante og naturleg gitte. I denne samanhengen kan me sjå at Ellefsen meiner at det ligg noko bak når jentene blir spurt om dei faktisk kan noko om sport. Ellefsen påpeikar at dette spørsmålet aldri hadde blitt stilt til ein mann i redaksjonen. Det er naturleg at menn er dei som kan noko om sport og spesielt fotball. Ved å ta for gitt at ei jente ikkje kan noko om til dømes fotball, så vidarefører ein den dominerande oppfatninga om at menn er dei som er mest eigna til dette og opprettheld kjønnsbilete om sport og menn.

Eit sentralt punkt hjå Bourdieu er nettverk av objektive relasjonar mellom posisjonar i feltet. I denne samanhengen vil dette bety at journalistane sine posisjonar og nettverka dei er i, i utgangspunktet gir føringar for dei moglegheitene dei har til å spille ut sin styrke i feltet. Redaktørane deler vanlegvis ut korta og gir dei først til journalistar med høg kapital i dei ulike sakene, og slik sett vil ei kvinne ligge dårleg an dersom det er ei fotballsak. Eit felt er då enkelt sagt ein arena der individ og organisasjonar konkurrerer – bevisst og ubevisst – om å verdsette den form for kapital dei sjølv eig. At kvinnene må konkurrere mot menn for å få tilgang på fotballfeltet, gir dei derfor ein dårleg føresetnad då dei ikkje har dei same moglegheitene til å spele ut sin styrket i feltet.

Journalistikk har historisk vore eit «fritt yrke» utan krav til formell kompetanse. Dette var ein fordel for «formødrene» våre som mot alle odds sloss seg inn i mannsbastionen (Ottesen 1996b:231). Sidan kvinnene møtte stengte dører ved utdanningsinstitusjonane så vel som i yrkeslivet, måtte dei ikkje forsere eit dobbelt hinder for å kunne realisere sitt yrkesval slik til dømes legar og juristar måtte. Men dette har historisk utvikla seg til eit tveigga sverd. Kvinnelege journalistar har nemleg i større grad enn menn skaffa seg både høgare utdanning og journalistfagleg utdanning. På grunn av manglande krav om kompetanse er det grunn til å tru at kvinnelege journalistar ikkje har fått normal utteljing på denne kompetansehevinga, og at dette har verka inn på dei kjønnsesifikke forholda. Dette har gjort at den delvis har opna yrket for ein del «tøffe kvinnfolk», som gjennom å bevisse at dei kan jobbe minst like hardt og skrive minst like godt som menn, har blitt akseptert (Ottesen 1996b). Kvinnene som ikkje blir sett på som like «tøffe», fell lettare igjennom og får færre sjansar til å bevisse seg på sportsfeltet.

Ja, det er ikke noe tvil om at fallhøyden er større for jenter, særlig på fotball. Det er ikke farlig å si engang, for sånn er det fortsatt, i hvert fall eksternt. [...] Jeg har sagt at jeg ikke vil jobbe med fotball mer. Jeg var programleder for fotball, og nesten hele 90-tallet jobba jeg med fotball. Jeg var på alle landskamper og cupfinaler på Ullevål, helt til de tok meg av. Men det gidder jeg ikke å utsette meg for lengre. Jeg kan gjøre mange andre ting som jeg syns er like morsomt også, så det er ikke sånn at jeg på liv og død må gjøre det heller. Men jeg vet det at gjerne er flere jenter som vil jobbe med fotball, men som ikke gjør det. Nå fikk ikke jeg så mye stygg tilbakemelding fra publikum faktisk, men nå vet jeg at det er så tøft at det har jeg ikke noe ønske om (Ellefsen 28.02.14).

Ellefsen meiner at ein må vere tøff for å jobbe i sporten, men at det er ein fin balanse. Ho fortel at ei kvinne som var *for* tøff, ikkje fekk forlenga kontrakten sin. Dette går riktig nok begge vegar. Menn kan bli for mjuke, kvinner kan bli for harde. At det ligg noko farleg her,

veit alle. Mange av kjønnsstabuane handlar om å ikkje bli for lik det andre kjønnnet. Går ein i retning av det andre kjønnnet, blir det enda viktigare å markere sitt eige kjønn, holde på det og utheve det (Hovden 1996:60). I nokre tilfelle blir det å nærme seg det andre kjønn sett på som mest føremålstenleg. I sporten kan det verke som at det å bli lik det mannlege kjønnnet blir sett på som norma. Kvinnene som blir lik menn i sporten blir gjerne sett på som ein del av gjengen, som ein av «gutta». Som ein kan lese i teksten hjå Vogt (1984) kan ein sjå at kvinnene i dei norske sportsredaksjonane meinte at ein måtte vere tøffe og fulle av sjølvtilitt for å overleve i det spesielle miljøet som sportsjournalistane utgjorde. Du måtte være med på mannen sin «prat» for å bli akseptert, og oppføre deg halvvegs som mannfolk. «Du må ikke sippe, og ikke se ut som en fotomodell. Du må være med på en halvgrisete jargong [...] og ikke på død og liv snakke kvinnesak» (Vogt 1984). At det å vere ein av «gutta» er sett på som positivt, medan det å vere frampå og «snakke kvinnesak» er sett på som negativt, viser at sporten er prega av forhold som er i tråd med menn sine premissar.

Sjølv om ein ikkje skulle sjå ut som ein fotomodell i sporten, har utsjånad vist seg å bli eit heitt tema. Det kan verke som at utsjånad, for dei som viser seg på TV-skjermen, er noko som den dag i dag, blir diskutert. Fleire har peika på at kvinnene som syner seg i ruta, gjerne er med på å «pynte opp» studio (Pedersen 1996; Fosslund 2001). I nokre tilfelle er det derimot ikkje greitt at kvinner er på skjermen i det heile teke. På NRK Sport sine Facebook-sider kan ein finne negative tilbakemeldingar frå publikum som meiner at kvinner ikkje har noko å gjere på ein fotballarena. Under overskrifta «Lise, Harald og Arne er klare for semifinale mellom Lillestrøm og Molde. Chat og følg moroa fra kl 20.00 - NRK.no og NRK2» kan ein finne utsagn som «Hu er helt uvirkelig slitsom og høre på», «Lise klavenes [sic] hurrra,fyttifysj grunn nok til og stå over» og «lise bør ikke være sidekommentator på denne kampen - hun passer bedre inn når det er damekamper», viser kva for oppfatningar som framleis finst der ute (NRK Sport 2013 [Facebook]). Rognerud meiner at for kvinner sin del, så er det positiv å sjå bra ut dersom ein skal jobbe på fjernsyn.

Uten å disse de som er i ruta, for de gjør jo en fantastisk jobb, men det gjelder jo kanskje mer i andre TV-kanaler kan en si. NRK er jo flinkere til å dyrke talent enn utseende, mens hvis du ser hos konkurrenten vår for eksempel, så har du jo kanskje enda mer påfallende tilfeller der. Men sånn generelt, hvis du er «flink, men ikke spesielt pen», så er det vanskeligere å komme seg frem enn hvis du er «pen og flink», på skjermen. Det er jeg helt overbevist om. Men hvis du er mann, så tror jeg ikke det spiller så stor rolle (Rognerud 28.02.14).

Skretting (1996) meiner fjernsynet må ta noko av skulda for presset som har blitt på utsjånad i media. Journalistisk erfaring er ikkje lengre nok når ein skal søkje jobb som ankerperson. Å ha eit fint ytre har også blitt ein kategori ein må oppfylle for å få denne jobben, meiner ho.

Kombinasjonen av kvinne og høg alder er også noko som nesten er usynleg i TV-mediet. Her blir ofte fjernsynsmediet skulda for å diskriminere på bakgrunn av alder og utsjånad. Ei TV-undersøking frå 1997 viste at ein av ti personar over 50 år som fekk snakke i NRK var kvinner, medan kvinner og menn under 35 år hadde relativt lik tilgang til mediet. Det kan virke som at kvinner med omfattande yrkes- og livserfaring er lite attraktiv for TV-mediet (Eide 1998, i Eide og von der Lippe 2004:281). Hovden (2011) fann liknande tendensar i undersøkinga si av journalistar. Han fann at 44 prosent av journalistane i vanleg jobb under 35 år var kvinner, medan berre 15 prosent av dei var over 50.

### 6.2.1 Prestasjonspress

At fallhøgda er større for kvinner, fører til at kvinnene må prestere betre enn forventa.

Kvinner får ofte ein større skepsis til arbeidet sitt enn det mennene får. Ellefsen opplevde at ho måtte bevise fleire gonger at ho hørde til i sporten.

Det er ikke noe tvil om at jeg måtte bevise i mye større grad enn mennene at jeg dugde, fordi skepsisen til meg var større. Jeg kan ikke si at det er sånn nå, det har nok forandra seg litt. [...]. De innrømmet jo det ikke den gangen heller, og jeg liker og tro det er fordi jeg beviste at jeg fiksa dette ganske bra. Men jeg fikk jo etterhvert ganske ok oppgaver. Men den gang var det heller ikke så stor konkurranse om oppgavene, siden vi ikke var så mange. Så fikk jeg etter hvert ok oppgaver, men så klart ikke på fotball, fordi det var helt sånn (viftar med armen langt vekk) (Ellefsen 28.02.14).

Ellefsen viftar med armen langt vekk for å bevise at fotball, det var ein sport ho ikkje fekk røre. Ho måtte bevise fleire gonger at ho dugde like godt som sine mannlege kollegaer for å få jobbe med dei «ok» oppgåvene. Her kan me sjå at fotball igjen blir dratt fram som den idretten der kvinner ikkje fekk sleppe til. Skeide måtte bevise at ho kunne noko om sport fleire gonger, og kvar gang det kom ein ny vaksjef, måtte ho igjen bevise at ho var god nok. For menn er det enklare. «En gutt har det litt mer sånn at ordet går foran han. Men jeg tror det er litt sånn for alle i starten, at en må bevise seg, men hvis en hadde likestilt en jente og en gutt, så tror jeg nok kanskje at det hadde vært enklere for gutten» (Skeide 06.03.14). Med dette meiner Skeide at dersom ein mann gjer éin bra ting, så vil ha kunne leve på dette lenge utan å måtte vise seg fleire gonger. For kvinner sin del blir det ofte slik at dei må vise sin

kompetanse igjen og igjen, for å bevise at dei faktisk har noko i ein sportsredaksjon å gjere. Kjønner blir på denne måten avgjerande for kva rolle du får i sporten.

Førestillinga me har om biologisk kjønn er med på å oppretthalde norma om heteroseksualitet, og i denne samanheng, den mannlege heteroseksualiteten. Samtidig steng den ideologiske heteroseksualiteten for andre måtar å tenkje kjønn på (Jegerstedt 2008:76). For å bryte med denne heteronormative ideologien er det naudsynt å finne nye omgrep å snakke om kjønn, kropp og identitet på, og det var i denne forbindinga Judith Butler lanserte ein teori om kjønn som *performativ kategori*. Kjønn er verken noko ein har eller er. Kjønn er noko som blir gjort. Kjønn er noko som blir framstilt gjennom handlingar og praksis, ikkje minst gjennom dei ulike måtane me snakkar om kjønn på. Når Butler argumenterer for at kjønn er ein performativ kategori, snur ho opp ned på det skiljet mellom biologisk og sosialt kjønn. I staden for å tenkje at det biologiske kjønn er det primære, det som kjem først og slik etablerer den grunnen dei sosiale kjønnsnormene, meiner Butler at det sosiale kjønn, altså den måten me framstår og handlar på som menn og kvinner, kjem først. Det er det sosiale kjønn som kjem først og som skapar den illusjonen at dei finst eit biologisk kjønn som er meir «naturleg», og på den måten konstituerer ein slags «indre essens» som dei ytre uttrykka for kjønn etterliknar (Jegerstedt 2008:77). I sporten har derimot det biologiske kjønn vore ein viktig faktor. Kva kjønn du har ser ut til å styre forventingane som blir gitt i visse sosiale samanhengar. Når kvinner må vise at dei kan vere like gode som mennene, blir det biologiske kjønn dratt fram som det primære og opprettheld dei sosiale normene om at menn er det naturlege kjønn i sporten.

Sidan kjønn har stor tyding i sportsverda, kan dette vere ein av grunnane til at få kvinner har valt å jobbe som sportsjournalistar. Allereie i 1984 meinte kvinnene at mangelen på kvinnelege førebilete kan ha bidrege til at få kvinner turte å prøve seg i sporten (Vogt 1984). Utsiktene mot å kanskje bli den einaste jenta i redaksjonen, har ikkje lokka til seg så mange kvinner. Rasch meiner det er viktig at dei som er synlege i ruta gjer sporten mindre farleg. Rasch fortalte at det er ei «generasjonsgreie» som gjer at det er fleire kvinner i dag. Medan kvinnene hadde avgrensa moglegheiter før, så blir fleire kvinner i dag fortalt at dei kan jobbe med kva dei vil. Rasch trur det at det vil bli viska ut med tida, men at det tar tid å forandre kulturar (Rasch 27.02.14). Også Skeide meiner at mange trur at terskelen for å drive med sport er veldig høg. Ho trekk fram at ein ikkje treng å vere eit leksikon for å jobbe med sport.



Jeg tror at man føler at man ikke behersker sport godt nok, at det er så mange andre som er flinkere. [...]. Til og med samboeren min tenker jeg av og til er mer interessert i sport enn meg, og så er det jobben min. Jeg tror ofte folk tror de må være et oppslagsverk på sport, at du nesten må være Arne Scheie som kan hvert eneste sportsspørsmål i verden. «Hvem vant VM i 1963?», ikke sant. Så da tror folk at dette ikke er noe for meg, så blir de heller kulturjournalister eller nyhetsjournalister. Jeg tror folk synes det er litt skummelt. [...]. Forbildene, de kjente fjesa fra Sporten, er jo programledere. Det er jo synd, hvert fall for meg som kunne ønske det var flere kvinnelige reportere. [...]. Men samtidig så er det vanskelig å løfte fram en reporter siden en er i bakgrunn. Jeg har ikke ønske om å profileres som NRKs reporter. [...] Så jeg skjønner jo at folk ikke har så mange forbilder fordi vi ikke er så veldig synlige. Og samtidig så hører du jo mest guttestemmer både på radio og TV. Du gjør jo det av reporterne (Skeide 06.03.14).

I ei skeiv gruppe blir mindretalet svært synleg. Kvinnene får mindre råd til å gjere tabbar, for desse blir straks lagt merke til og tillagt kvinnekjønnen som heilskap. Kvinnene må i tillegg vere ekstra dyktige for å bli akseptert, samtidig som dei skal inneha dei «kvinnelege» eigenskapane. For mange kan dette vere vanskeleg å kombinere. I eit yrke der «objektivitet» blir verdsatt ynskjer ikkje så mange kvinner å tale kvinnesak, fordi ein journalistikken skal gå der nyheita ligg uavhengig av kjønn og ein i tillegg ideelt sett ikkje skal kvotere. Ein kjem ikkje utan vidare inn i ein mannstung redaksjon og presenterer seg som feminist eller reiser spørsmål om kvinneleg underrepresentasjon. Snarare er det slik at kvinnelege journalistar blir i mange tilfelle sosialisert inn i ein mannleg journalistisk kultur. Den er ikkje uttalt. Den sit i veggane, i form av ein taus samstemming om kva som er viktige saker og kva som ikkje er det, om kven som er gode kjelder og kven som ikkje er det (Eide 2000c:74).

## 6.2.2 Likestilling

Likestilling kan bety ulike ting i ulike samanhengar. I ein del samanhengar blir det sett likskapsteikn mellom likestilling og kjønnsbalanse, eller kjønnsbalanse blir framstilt som ein føresetnad for likestilling.

Ifølgje rapporten *Likestillingsbarometeret 2005* er det berre når fordelinga er 50/50 mellom kjønna at «tilstanden er slik den bør vere» (Holst 2007). Utgangspunktet for barometeret er eit samfunn der kvinner og menn har lik fordeling av politiske verv, der lønna og ulønna arbeid er likt fordelt og der alle sektorane har ein jamn fordeling av begge kjønn. Det blir understreka at det som blir målt, er kvantitativ likestilling. Men likestilling kan dreie seg om meir enn kjønnsbalanse. *Likestillingsenteret*, som vart oppretta i 1983, har som mål at kvinner og menn skal ha dei same rettane, pliktane og moglegheitene på alle samfunnsområde

(Holst 2007). Likestillingssenteret har med andre ord vore klar over at målet om likestilling, ikkje kan reduserast til eit mål om 50/50 kjønnsbalanse. Likestilling handlar like mykje om kvalitative vilkår; å ha moglegheiter og rettar til å gjere det ein måtte like, uavhengig av kjønn. Det grunnleggande rettferdsprinsippet bør vere alle si deltaking på like vilkår. Sjølv om nokre av informantane meinte at likestilling ikkje alltid betyr lik fordeling av kjønn, var dei klar over at det er for få kvinner i sporten. Det kan verke som at den felles oppfatninga er at kvinnene ikkje får tilgang til dei same arenaen på same måte som mennene, og at dei derfor har færre moglegheiter til å hevde seg på dei ulike felta.

Fleire av dei kvinnelege sportsjournalistane påpeikar at NRK-leiinga vil ha fleire kvinner inn i redaksjonen, men at dei ikkje alltid er bevisst på det. Alle dei fire informantane meiner NRK har ei målsetting om å få fleire kvinner inn i sporten, men å nå desse måla ikkje er like enkelt. Skeide trur at NRK tenkjer på likestilling til ein viss grad, men at det ofte er lett å gløyme.

De har jo blitt tvungent til det. Kringkastingsrådet, eller et annet råd eller utvalg, har jo påpekt at Sporten trenger to ting: vi trenger kvinnelige kommentatorer, og litt flere kvinnelige reportere, og så mangler vi folk med minoritetsbakgrunn. [...]. Vi vet jo at Sporten er veldig opptatt av det, men til syvende og sist så må jo man velge den som er mest egnet til jobben, og det er jo ofte der det har vært utfordrende, å finne en kvinne som er flink nok. Så er det ikke så mange som har lyst, dersom vi har 200 søknader, så er det ikke mer enn 10 som er jenter (Skeide 06.03.14).

Ellefsen meiner at NRK har gode intensjonar, men at det er ofte vanskeleg å få kvinner inn fordi ein ikkje skal kvotere. Ho meiner i tillegg at dette blir vanskeleg når kvinnene ikkje får dei same føresetnadane som menn.

De har jo gode intensjoner [...] men må kvinner fortsatt være flinkere enn guttene for å nå opp? Når det er snakk om kjønnskvoltering, så sier en at en skal ikke kvotere kvinner inn. Ideelt sett? Nei. Men det er ingen som snakker om at menn egentlig har blitt kvotert inn i alle generasjoner. For menn får veldig mange jobber fordi de er menn, i konkurranse med kvinner. Det er det ikke noe tvil om. Det er en form for kvotering det også, selv om det ikke er nedfelt i noe. For menn har lettere for å ansette andre menn. Det er ikke bare menn som har lettere for det, kvinner har det også (Ellefsen 28.02.14).

Ellefsen peiker på eit viktig poeng her. Mange menn får nettopp visse jobbar fordi dei er menn. Acker (1990) peikar på at sysselsettinga av individ er basert på kjønn og etniske kriterium, der dei som sysselset bestemmer kven som passar til jobben. Dette gjer at bedriftsleiarar bevisst tar avgjersler som gjenskarar desse mønstra. Sjølv om ein ikkje lengre

har lov til å annonsere etter kvinner til nokre typar arbeid og menn til andre, meiner likevel mange at kvinner passar betre til noko arbeid og menn til anna, og dette påverkar ofte utveljingsprosessen. Følgjene av dette blir at same type menneske har tendens til å bli tilsett til spesifikke jobbar, medan andre ikkje blir vurdert. I sportsjournalistikken er det kvite menn som ser ut til å passe dei fleste rollene best, medan kvinner og etniske minoritetar er å finne lengre nede på yrkesstigen. Dette gjer at biletet av den kvite mannen som best eigna til jobben ofte blir reproduisert, og kan føre til at kvinnene må bevise sin kompetanse i enda større grad. For å klare dette prøver mange kvinner å tilpasse seg dei eigenskapane og verdiane som blir sett på som mannlege, som igjen fører til at kvinnene opplever det vanskeleg å skulle vere «kvinneleg», samtidig som ein skal opptre profesjonelt.

### 6.2.3 Nedstøva kvinnekjeldearkiv

Alle kvinnene eg snakka med er einige om at arbeidsmiljøet i sportsredaksjonen er veldig bra. «Mange av oss gleder seg til å gå på jobb, selvsagt ikkje hver dag, alle har dårlige dager, men jeg har aldri opplevd en arbeidsplass som har så godt miljø som oss» (Rasch 27.02.14). Rognerud meiner at miljøet har endra seg med åra. Ho ser på det som positivt at det er kome fleire kvinner inn i redaksjonen, men at dei framleis har ein veg igjen å gå. Det viktigaste, meiner ho, er at haldningane mot kvinner i sporten har endra seg.

Å kjønnskvote for kvinner inn i styrene og andre stader skjer parallelt i samfunnet. Så har kanskje sportsjournalistikken hele tiden ligget et par skritt bak resten av samfunnet. Men det går i riktig retning tross alt. Det er en vilje fra ledelsen og hele veien nedover at det skal være jenter også her (Rognerud 28.02.14).

At utviklinga er noko som har gått sakte har me sett tidlegare i oppgåva. Medan talet på kvinnelege journalistar stadig aukar, er ikkje dette noko som blir reflektert verken i taletid eller gjennom TV-skjermen i sportsredaksjonen. Kanskje søker kvinner seg til andre område enn sport, men mykje peikar på at det blir forventet andre ting av jenter enn gutar i sporten, og dette er med på å reproducere tankegangen om at kvinner ikkje har like mykje kompetanse som mennene. Medan det gjerne blir tatt for gitt at menn kan noko om sport, må kvinnene stadig bevise at dei er like flinke som «gutta».

På spørsmålet om fleire kvinner i redaksjonen vil forbetre kvinner si stilling i nyheitsbilete, er meiningane til informantane delte. I det store og det heile verka det som at dei fleste meinte at dette ikkje var riktig. Rognerud meinte at ein kan vere meir bevisst på å

finne kvinnelege kjelder, men at dette ikkje er lett då det kan synast som at kvinnene vegrar seg meir for å ta ordet enn menn. Rognerud seier også at dei har eit eige kvinnekjeldearkiv, men trur ikkje at dette blir aktivt brukt. Når eg presenterte tala for ho, som eg hadde funne i undersøkinga mi, verka ho likevel ikkje overraska.

Det er interessant. Spesielt det med kilder, der har sportsjournalistikken en kjempejobb å gjøre. [...]. For det fins et eige kvinnekjeldearkiv i NRK faktisk, som jeg må innrømme at jeg sjelden har brukt. Men i idrettens verden så er det faktisk flest menn der ute, og det krever jo enda mer. Jeg prøver å være litt bevisst på det i min jobb, men vi har ikke noe bevisst politikk på det i redaksjonen. Jeg husker en dag hvor jeg satt hjemme og så på *Sportsrevyen*, så slo det meg at jøss, her handlet samtlige saker, i løpet av en halvtime bare om menn. Det var ikke en eneste kvinne med hele veien, og da tror jeg vi hadde en mannlig programleder også. Så hadde vi en evaluering, og da nevnte jeg det helt til slutt, og det var det ingen som hadde lagt merke til, men alle var enige om at det var kanskje ikke så bra (Rognerud 28.02.14).

At ingen legg merke til om kvinner er fråverande i sporten viser til at menn er ein naturleg del av nyheitsbilete i sporten. Rognerud trur likevel ikkje at fleire kvinner i sportsredaksjonen naudsynleg vil føre til fleire kvinnelege kjelder.

Jeg er redd det ikke hadde blitt det. Jeg tror det må en bevisst strategi til, noe ledelsen vil bestemme, og så må man gjøre alle bevisst på det. Dette er noe vi alle skal tilstrebe, at vi alltid skal spørre oss selv «ok, er det en kvinne jeg kan oppsøke i isteden?» Men det som ofte er problemet når du forsøker å få folk til å stille opp på ting, så er ofte kvinnene litt mer tilbakeholdne og redd for stille opp enn menn. [...]. Så er mye mer krevende for oss journalister å gå den ekstra veien, så har du gjerne dårlig tid og du skal bli ferdig og så er det liksom sånn at du velger minste motstands vei og tar den første og beste, som oftest er en mann (Rognerud 28.02.14).

Det kan verke som at NRK, ved å opprette eit kvinnekjeldearkiv, også har vore bevisst på å få fleire kvinnelege kjelder inn i nyheitene. Men det er som Rognerud seier, når ein ikkje har ein bevisst strategi eller ei klar målsetting, så kan det bli vanskeleg å ta den ekstra vegen å oppsøke ei kvinne, når det kan verke som at mennene er mykje meir snakkesalige.

Dei yngre informantane har derimot andre erfaringar. Skeide meiner at ein dekkjer like mykje menn som kvinner, men at ein må hugse på kvar nyheitsverdien ligg, uansett om ein er mannleg eller kvinneleg.

Alltid når jeg hører sånn, så tenker jeg: hvor er det vi ikke er flinke til å dekke kvinner? Som regel kanskje i fotball. Der er det veldig synlig. Men dekker vi friidrett, så dekker vi like mye kvinner som menn. Dekker vi langrenn, så får du mer Marit Bjørgen og Therese Johaug, enn Petter Northug. [...]. Det handler om hvor nyheten ligger. Jeg tror ikke det hadde vært så veldig stor forskjell om vi hadde vært flere kvinner. Kanskje vi hadde sett mer mot kvinner i lagidretter, for det er nok der den største forskjellen ligger. Men vi dekker jo mye mer individuell idrett enn vi dekker lagidrett. Så kanskje i lagidretter kunne det blitt bedre. I den lagidretten der det er flest kvinner i Norge, som er håndball, så har ikke vi rettighetene. Man kan si hva man vil, men man er seg selv nærmest. Vi dekker jo det vi selv jobber med og har rettighetene på. [...]. Men at jeg valgte i *Sportsrevyen*, som er den største og viktigste flata vi har, å bruke 5 minutt på Silje Nordal i stede for Torstein Horgmo var ikke et spørsmål på. Så jeg føler ikke at det hadde vært så stor forskjell, nei (Skeide 06.03.14).

I ei undersøkning gjort av Gjørven, Grønn og Vaagland (2000) der dei tok for seg kvinnebilette i dagspressa ved inngangen til år 2000, fann dei at kvinner skriv noko hyppigare om kvinner enn menn. Dei meiner likevel at sjølv om ein får fleire kvinnelege journalistar, så vil ikkje dette seie at kvinner blir meir representert i nyheitsbiletet. Dette har blant anna van Zoonen (1996) argumentert for tidlegare. Ho meiner at kvinner i mange tilfelle prøver å passe inn i redaksjonen ved å tileigne seg den veremåten som er mest eigna, og som i dette tilfelle er mannleg. På denne måten vidarefører kvinner den mannlige veremåten som sportsjournalistikken blir skulda for å innebere, og gjer at kvinner og menn går i ein lik retning av å framstille sportsnyheiter.

### 6.3 Ambivalent kvinnesak

Dei fleste av informantane meiner det blir snakka lite om kjønn i redaksjonen, men at det finst tilfelle der ein gjerne blir merksam på kjønnsfordelinga. Då det interne NRK-uttaket til OL i London vart presentert, klaga fleire av dei kvinnelege tilsette på at det var ingen kvinnelege reporterar som skulle vera med. Dette førte til at NRK satte ned eit «Kvinneutvalg».

Vi hadde en intern undersøkelse for ikke så veldig lenge siden som skjedde i kjølevannet av London OL. Da det hadde blitt tatt ut folk som skulle reise til London, så stod det stort sett bare menn på lista, og det var det mange av kvinnene som reagerte på. Det var jo veldig rart at de ikke klarte å finne en eneste kvinnelig medarbeider som skulle reise dit, og det resulterte i at vi kjørte en intern undersøkelse og snakka med alle de kvinnelige ansatte om hvordan det var å være kvinnelig journalist i NRK sporten. Det resulterte i en slags rapport som ble overlevert og det tror jeg nok hjalp litt (Rognerud 28.02.14).

Ellefsen fortel at kvinneutvalet skal vere ei intern vaktbikkje. Etter oppstyret om London OL sette NRK ned nokre mål som skulle bli forbetra eller endra på i løpet av ein periode. Ei av målsettingane var blant anna å auke talet på kvinnelege kommentatorar, vaktsejfar og reporterar. Ellefsen meiner det kan bli vanskeleg å nå desse måla sidan NRK har tilsetningsstopp, men synest likevel det er bra at ein har målsettingar å streve etter.

Sjølv om kvinnene er einige om at det hadde vore bra for redaksjonen å få inn fleire kvinner, har dei vanskeleg for å tru at ting hadde vore annleis om ein hadde hatt like mange kvinner som menn. Den felles oppfatninga er at det hadde vore bra med fleire kvinner, men at dette også kunne komplisert ting. Både Rasch og Skeide trur at det hadde blitt meir «prat» om ting i sporten dersom ein hadde fått inn fleire kvinner. Skeide meiner at mennene har ein «stup og skit» tilnærming og tar ting fortare på sparket. Rasch meiner at ein ikkje bør legge så mykje vekt på kjønn, men heller sjå på personlegdommar og heile samansetninga i ein redaksjon.

Nå skal jeg ikke snakke mot kvinnesaken, men jeg tror det kunne blitt mye styr hvis det bare hadde vært damer for eksempel, fordi jeg tror balanse er bra. Hvis de hadde vært flere kvinner, jeg veit ikke, det er jo veldig personavhengig. Det fins jo gutter som er ansvarsfulle og snille og greie med hverandre, og det fins nok av jenter, som etter min mening har alt for spisse albuer også. Men sånn generelt så kan en vel tenke at gutter er litt tøffere enn jenter, så det kan jo hende det hadde blitt et litt mykere og varmere miljø med flere damer, men det kommer litt an på hva slags damer og hva slags menn det er (Rasch 27.02.14).

Å ha den riktige forma for kapital blir sett på som viktig for mange kvinner i journalistyrket, og i sportsjournalistikken kan det verke som den mannlege veremåten, og kapitalen til mannen, blir sett på som mest verdifull. Dette gjer at mange kvinner derfor prøver å tileigne seg denne måten å framstå på, og derfor bli sett på som lik mennene. At kvinnene sjølv ikkje trur at redaksjonen hadde endra seg med fleire kvinner, viser at den mannlege måten å vere på, den mannlege habitus, blir sett på som overlegen. At Rasch meiner at det fins gutar som er snille og ansvarsfulle også, viser at desse eigenskapane har tydeleg blitt sett på som kvinnelege. At gutane også blir sett på som tøffare enn jentene, viser at det å vere tøff, blir sett på som ein eigenskap som er viktig i redaksjonen. Sidan mennene har vore i fleirtal sidan sportsjournalistikken starta, er det også naturleg å tru at desse også har stått for opplæringa av nye journalistar. Kvinnene lærer derfor kva som er viktig og mindre viktig av menn, og kva som er gode verdiar og framgangsmåtar. Dette vil da vidareføre den mannlege journalistiske kapitalen. Journalistisk kapital er ei form for makt i feltet med eigenskapar av

det Bourdieu (1991:170, i Hovden 2011) kallar symbolsk kapital. Sidan menn blir sett på som å ha den symbolske kapital, søker kvinner anerkjenning av desse ved å opptre så likt mennene som dei kan.

Sjølv om kvinnene ikkje meiner at redaksjonene hadde blitt annleis om ein hadde hatt fleire kvinner, meiner Rognerud at redaksjonen kanskje hadde fått eit anna fokus på idrett. Ho trur likevel ikkje at det i det store og heile hadde endra så mykje. «Jeg tror kanskje det ville blitt litt mindre fokus på de tradisjonelle mansreportasjene, altså det som handler om fotball. [...] Jeg tror ikke nødvendigvis at det hadde blitt mer turn, rytmisk sportsgymnastikk og kunstløp» (Rognerud 28.02.14).

### **6.3.1 Fragmentert identitet**

Det har kome tydeleg fram at herrefotball set dagsorden på sporten. Aktørane som kontrollerer nøkkelkodane i norsk sportsjournalistikk, og då spesielt i fotballjournalistikken, dannar eit nettverk i ein «maskulin eksponeringsindustri», fordi det stort sett er menn som omtalar menn og slik sett reklamerer for menn på sporten (von der Lippe 2010:132). Frå ein feministisk ståstad skjer dette på beskostning av kvinnefotballen og kan bli beskriven som tausheiten sin kjønna retorikk. Dette er fordi den så og seie er usynleg i media. Sidan sportsredaksjonane ofte er dominert av middelaldrande fotballinteresserte menn, ser me førebels ikkje mange kvinnelege reporterar kommentere fotballkampar. I programmet «4-4-2 Bakrommet: Fotballmagasin» på NRK2 hadde kvinnefotball enda ikkje vore eit tema i midten av 2007. For redaktørane er det heilt «naturleg», fordi mannsfotball er forstått som sjølve kunnskapen i fotballjournalistikken (von der Lippe 2010:132). Ifølgje Connell er det først og fremst sport som bidrar til å skape maskuline bilete av den «riktige» måten å gjere seg til mann på i dagens vestlege verden (Langeland 2008:292). Connell meiner at maskulinitet er ein kulturell konstruksjon som alltid er i forandring, og som er ulik i forskjellige kulturar. Det som samstundes er felles for den dominerande – hegemoniske – maskuliniteten i dei ulike kulturane, er at måtar å gjere seg til mann på er ein prosess som bidrar til å posisjonere heteroseksuelle menn i eit motsetningsforhold til kvinner og homoseksuelle menn. I tråd med dette blir det viktig at kvinnene nettopp opptre kvinneleg, slik at det blir tydeleg kven som er mann. Fordi fotball er synonymt med menn, er det naturleg at menn dominerer sendetida når ein viser fotball. For framleis er det slik at kvinnefotball ikkje blir sett på som riktig fotball.

Fredrik Langeland meiner det er tydeleg at den kvite, vestlege heterofile mannen er norma i sportsjournalistikken.

Von der Lippe har, gjennom intervju med kvinner som jobbar i NRK, også ei oppfatning om at det er mannfolka som bestemmer kven som dekker kva. Sporten har gjerne ein mannleg sportssjef, mannlege redaksjonssjefar og mannlege vaktsjefar (von der Lippe 2010:123). Slik sett er det ikkje tvil om at det er menn som har definisjonsmakt på kva nyheiter som er viktigast. Det er også menn som er i overtal i mange redaksjonar, og dette gjer at kvinnene blir veldig synlege. Skeide fortel at det ikkje alltid er lett å vere kvinne i ei mannsverd, når det å ha det motsette kjønn blir veldig tydeleg.

Dette er faktisk en av mine favorithistorier i forhold til sportsjournalistikk og kvinner. En kvinnelig reporter ble for et par år siden vår landslagreporter, og når landslaget skal spille kamper borte, så charter de ofte et fly, og så flyr hele landslaget og pressekorpsset sammen. Så skulle de til Island for halvannet år siden, og på det flyet som tok 130 passasjerer, så var det 4 jenter, hun kvinnelige reporteren og 3 kabinansatte (Skeide 06.03.14).

Von der Lippe (2010) meiner det er ei historisk årsak til at kvinner ofte har blitt sett ned på i sportsverda. Ho brukar Bourdieu sin teori om symbolsk makt til å forklare kvifor norske kvinner lenge har vore utestengd frå idretten. Symbolsk makt går ut på at makt ikkje blir sett på som ei makt, og derfor blir sett på som legitim. Den har føresetnader om at visse verdiar og tankemønster er rådande, slik at dei som tener minst på slike maktrelasjonar, tek det for gitt eller trur det er naturleg. Når menn utgjer over 90 prosent av sportsjournalistane i Noreg, fører dette til at deira verdiar og tankemønster blir rådande og derfor legitime. Ved at kvinner ikkje blir sett på som like naturleg i sporten, blir dei lettare synlege i ei verd der menn har vore normalen. Bourdieu meiner at kvinnene blir særleg synlege fordi dei gjerne har ein anna veremåte enn det menn har. Bourdieu meiner kvinner uttrykker seg på bestemte måtar fordi ho har gjort samfunnet si oppfatning av det å vere kvinneleg til ein integrert del av sin eigen veremåte (Bourdieu 2000:36). Ho har ein habitus: eit sett disposisjonar, tilbøyelegheiter til å tenke og handle som har opphav i spesifikke sosiale erfaringar og som gjennom deira møte med feltet og karrieren blir utmeisla i ein journalistisk habitus (Hovden 2011:82). Men i mange tilfelle er det ikkje nok å berre inneha den rette journalistiske habitusen. Ein må gjerne ha den same journalistiske habitusen som dei mannlege journalistane. At kvinner ikkje har denne rette habitusen er tydeleg i sportsredaksjonen. Fleire av informantane påpeikar at dei har blitt hardhuda og tøffare, og at dei har tillagt seg verdiar og veremåtar som er viktige på sportsfeltet, og som ofte har blitt sett på som «mannlege» verdiar.



Rasch seier at ho merkar forskjell i måten mennene og kvinnene oppfører seg. Rasch fortel at mennene oftare kan framstå som meir direkte og i nokre tilfelle uhøflige mot kvarandre, og at kvinnene kan vere med på å mjuke opp miljøet. Ho merkar at mennene ofte sensurerer seg når kvinnene er i nærleiken.

Nå har jeg akkurat kommet hjem fra Sotsji, hvor jeg var den eneste jentereportereren fra Sporten, de fleste var gutter. [...]. De måtte sensurere seg til en viss grad, for det kan fort bli sånn Harry Garderobekultur greie. Jeg tror egentlig de syns det var hyggelig at jeg kom og at de syns det er hyggelig med litt sånn jenteinnblanding. Jeg tror en kan sammenligne det litt med slik garderobekultur i fotball, at jenter kan være med å myke opp miljøet litt. For gutter kan være litt stygge med hverandre (Rasch 27.02.14).

Van Zoonen (1996:32) konkluderer med at kvinner ofte blir satt i ein vanskeleg situasjon. På den eine sida skal dei vere gode journalistar, og på den andre sida, skal dei vise at dei er ekte kvinner. Dette gjer at kvinner som jobbar i tradisjonelle media gjerne har ein meir fragmentert arbeidsidentitet enn sine mannlege kollegaer. At Rasch føler ho er med på å mjuke opp miljøet som kvinne, samtidig som ho skal opptre profesjonelt som journalist kan vere eit døme på at kvinner gjerne har meir fragmentert arbeidsidentitet enn menn. At kvinnene skal vere tøffe journalistar, men samtidig vere kvinner og bidra med «jenteinnblanding» viser at kvinnene gjerne står mellom to motpolar i sportsjournalistikken, som kan vere vanskeleg å balansere. Van Zoonen (1996) meiner at kvinner ofte har for mykje ideologisk bagasje med seg inn i sportsverda og at dette pregar måten dei tilnærma seg nyheiter på. Kvinnene blir sett på som å ha ein anna type habitus enn mennene, og dette gjer at dei må jobbe meir med identiteten sin enn det mennene må. For å ha suksess meiner van Zoonen at dei må forhandle identiteten sin, den mellom kvinne eller journalist, for å passe inn på ein mannsdominert arbeidsplass. Pierre Bourdieu slår fast at dominans alltid har ein symbolsk funksjon. Dominerande media si symbolske makt bidrar til at dei fleste aldri stiller spørsmål til deira legitimitet til å lage nyheiter og den medieorden som dei opprettar (von der Lippe 2010:27). Sidan menn er dominerande i sportsverda, blir det ikkje sett spørsmålsteikn til måten dei lagar og skapar nyheiter på. Kvinner må derfor lære seg denne måten å drive sportsjournalistikk, fordi dette er den legitime måten å gjere det på.

### **6.3.2 Mannleg dominans**

Journalistikk er eit mannleg område. Det er mannen som har definert kva som er riktig journalistikk, kva som er viktig og uviktig, og kva som er relevant og sant. Og det er framleis

menn som snakkar mest både i radio, TV og aviser (Gunne 1996:184). Dei definerer problem og gir svar. Framleis representerer mannen ofte norma, det «naturlege» kjønn. Det betyr at han kan stå fram som kjønnslaus eller nøytral i språkbruk eller i det sosiale liv. Ein les ikkje, og høyrer ikkje om «mannlege høgsterett-dommarar» eller «mannlege børsmeklarar», sidan dei fleste leiarar på sentrale samfunnsområde er menn. Om desse omgrepa likevel hadde sneke seg inn i media, ville ein blitt minna om at menn er sterkt overrepresentert i maktposisjonar. Når me framleis les og høyrer om «kvinneleg leiar» og «damefotball», medan det stort sett heiter «fotball» når det dreiar seg om menn, reagerer dei færraste (Eide og von der Lippe 2004:266). Dette er ofte fordi menn og kvinner sin posisjon i samfunnet blir framstilt som naturleg. Når ein ikkje tenker over at ein nesten berre ser menn i sportssendinga, er dette fordi at menn i sporten framleis er naturleggjort i vårt samfunn. Bourdieu meiner at den maskuline orden sin styrke kjem til syne ved at den ikkje treng rettferdigging (Bourdieu 2000:17). Menn treng aldri forklare eller rettferdiggjere sitt kjønn fordi dei blir sett på som nøytrale.

At kvinnene meiner at ein redaksjon kanskje ikkje hadde blitt annleis dersom ein hadde fått inn fleire kvinner, viser at menn og kvinner gjerne går i retning av å bli meir like når dei startar som sportsjournalistar. Når det kjem til eigenskapar meiner fleire av kvinnene at ein må kanskje vere litt ekstra tøff for å jobbe med sport. Ellefsen fortel at ho nekta å bli sett i bås som kvinne ved å gjere det som var sett på som «kvinneleg», ho ville vise at ho kunne fleire ting. Ellefsen meiner at kvinner ofte blir sett til å dekke ting som er forventa at ei dame vil dekke. Dette gjer at kvinner veldig ofte får stereotypiske saker, og fører dei inn på marginale område i journalistikken. For Ellefsen var det viktig å sette eit standpunkt, ho ville ikkje bli sett på som «kvinne i sporten», eller jobbe med stereotypiske kvinnesaker.

Det var jo kanskje litt tilfeldig hva jeg fikk, men jeg fikk jo kommentere turn ganske tidlig. [...]. Hadde dette vært skihopp eller fotball, så hadde jeg hvert fall ikke fått det. Turn så de på som en idrett som passa for damer. Dette var jo mange år etterpå, men jeg har jo nekta å kommentere kunstløp, fordi at jeg følte jeg fikk spørsmålet fordi de syntes at det var en sånn idrett som passa for damer. Det var liksom naturlig at damer kommenterte det, og jeg ville ikke bli satt i en sånn bås. Jeg ville ikke gjøre det som passa for damer. Så det var jo derfor jeg også ikke ville kommentere rytmisk sportsgymnastikk, men turn syns jeg er en litt tøffere idrett (Ellefsen 28.02.14).

At Ellefsen nekta å kommentere visse sportar fordi ho ikkje ville bli sett i ein bås, viser til korleis samfunnet var på denne tida, men viser også teften ho hadde. Ifølgje Rune Ottesen hadde det rådande kjønnsrollemønsteret skapt bestemte førestillingar om kva slags

stoffområde kvinnelege journalistar skulle arbeide med på 1960-talet, og kva dei skulle skrive om (Ottesen 1996a:306). Dei var forventa å dekke visse stoffområde. Ellefsen prøvde derimot å motverke tendensane ved å nekte å kommentere det ho meinte var ein «idrett som passa for damer».

Medan Ellefsen fortel at ho prøvde å bryte ut frå stereotypiane, fortel dei yngre informantane at dei har blitt forma av sportsredaksjonen. Redaksjonen har gjort dei tøffare og sterkare. Skeide fortel at sportsredaksjonen har forma ho som journalist. «Man blir litt sånn hardhuda. Man må tåle at man kan bli konfrontert veldig sånn direkte. Det her funker, det her funker ikke» (Skeide 06.03.14).

Rasch meiner også at sporten har gjort ho hardhuda, og at ho ikkje lengre tar seg nær av å få negative tilbakemeldingar. Ho trekker fram at ho ikkje har blitt som ein gut, men at ho tåler meir etter kvart som ho har jobba og fått erfaring.

Ikke det at jeg har blitt mer guttete, men jeg har blitt tryggere på en måte som gjør at jeg tenker enda mindre over sånt, enn hva jeg gjort først. [...]. Jeg tror det er viktig at du stoler på det du kan, og at du ikke lar deg vippe av pinnen av at noen slenger en sleip kommentar eller pirker på en feil dersom du har laget 10 gode saker. [...]. At du er litt tøff og har litt hard hud. Det fins ikke en fasit, det er ikke to streker under svaret, sånn er det jo i all journalistikk. Det er alltid en annen måte å gjøre det på enn det du velger å gjøre. Noen ganger må man stole på egne valg og si at «ok, det ble kanskje ikke optimalt, men sånn er det. Fuck it, ny dag, nye muligheter». Man må ikke være så hårsår, for det ødelegger veldig mye, mest for deg selv (Rasch 27.02.14).

I boka *Det koster å være kar – særlig når en er kvinne* (Skard 1984:80) kan ein lese at nokre av dei kvinnelege journalistane tidleg på 80-talet meinte at dei var «godtatt som en av gutta» etter dei hadde jobba ei stund i yrket. Skard (1984) meiner at med dette så ville kvinnene formidle at dei ikkje blei behandla dårligare enn andre eller tillagt nokon spesiell rolle, men at dei blei oppfatta som nokolunde likeverdige kollegaer. Samtidig teiknar dette uttrykket eit bilete av fullstendig tilpassing til mennene sine premisser. Kvinner som blir sett på som ein av gutane, får også dei same forventningane. At kvinnene må bli som ein av «gutta» for å bli sett på som ein god sportsjournalist, viser at kvinner ofte må søke kapital av «ikkje kvinneleg» karakter, for å hevde seg i feltet. Bak idealet om den «gode journalist» står i mange tilfelle (særleg i sportsjournalistikken) ein mann, og for å oppnå idealet verkar det som at kvinnene må nærme seg denne måten å stå fram på.

### 6.3.3 Sportsjournalistikkens identitetskrise

Det kan verke som at kvinner ofte slit med å finne plassen sin i sporten. Det er ikkje rart at mange av dei nærar seg det mannlege kjønn i ein redaksjon der det å vere kvinneleg blir sett på som noko negativt. Rognerud meiner at overvekta av menn i sportsredaksjonen har å gjere med ein skjult diskriminering. Gerbner ( i Hovden 1996) meiner at den generelle underrepresentasjon av kvinner i media betyr det han kallar «symbolsk tilinkjesgjeri». Denne usynleggjeriinga av kvinner i mediesporten fortel oss at det kvinner utfører ikkje blir sett på som viktig og verdifult nok. Både Rognerud og Ellefsen fortel at det tidlegare var lettare å sjå denne diskrimineringa. Før vart dei fortalt at dei ikkje fekk jobbe med visse typar sport, medan dette er meir skjult i dag.

Etter hvert som tiden gikk så vi litt mer av den der skjulte diskrimineringen som jeg kaller det. Hele systemet fungerer på en diskriminerende måte, uten at du kan sette fingeren på det eller det, eller han eller han. Hele systemet er så innarbeidet, at det er vanskelig å peke på heilt konkrete ting eller hendelser. Så du merker det litt sånn etter hvert. Når du først kommer inn, så blir du tatt godt i mot og det var ingen som hadde noe i mot meg personlig fordi jeg var jente. Jeg tror ikke det var sånn da, jeg tror det er mer den der kulturen (Rognerud 28.02.14).

Det kan verke som eit paradoks at sporten vil ha fleire kvinner inn i sportsredaksjonen, samtidig som dei vil at kvinnene skal oppføre seg som menn. Bourdieu meiner at det er viktig å ha den riktige habitusen for å tileigne seg verdier på feltet, og verdiane ein konkurrerer om varierer frå felt til felt (Bourdieu 1995:36-38). Dersom sportsfeltet er eit underfelt av det journalistiske feltet, er det naturleg å tru at det også fins egne uskrivne lover og reglar som aktørane må forholde seg til. I denne samanhengen er det tydeleg at det er kvinnene som har det vanskelegast på dette feltet. Å ha det riktige kjønnnet blir sett på som sentralt og ei ikkje uttalt norm, som gjerne får konsekvensar for rollene ein har i redaksjonen. Den mannlege habitusen, som har vore dominerande i det sportsjournalistiske feltet, fører til at kvinner som ikkje har den same habitusen blir sett på som «mindre» eigna på feltet, og derfor aldri vil oppnå eller akkumulere symbolsk kapital. Dette får konsekvensar. Ved at kvinnene spesielt blir utestengt frå fotballfeltet, som blir sagt å vere den sporten som dominerer sendeflata, vil dei igjen ikkje få tilgang til kapitalen som er rådande her, og som igjen fører til at kvinner blir usynlege i store delar av sporten, og leiar dei inn på marginale områder.

Sport vart lenge sett på som eit lågkulturelt felt i journalistikken, fordi det var kroppen, og ikkje hjernen, som var i fokus (Dahlén 2008). Den sterke og maskuline kroppen, som tilhørde mannen, vart sett på som idealet for menn, medan kvinner vart sett på som mindre mann og at sport derfor kunne skade kroppane deira. Sjølv om dette er gamle tankemønster, er det framleis slik at kvinner blir sett på som annanrangs i sportsverda. I journalistikken betyr som regel fartstid og erfaring meir enn formell utdanning, og kva det vil seie å vere kvalifisert til ei bestemt oppgåve, er ein diskusjon i seg sjølv (Larsen 2000:109). Ifølgje tidlegare undersøkingar (Skard 1984; Ottesen 1996) har dei kvinnelege journalistane større grad tileigna seg høgre utdanning enn menn. Viss dei som tilsett ser på dette som mindre ideelt enn erfaring, er det ikkje rart kvinnene kjem uheldig ut. Rune Ottesen (1996) har påpeika at dette har opna yrket for «tøffe» kvinnfolk som kan arbeide på menn sine premissar, og som i botn har dei same verdiane. Kvinnene som har tatt høgre utdanning blir ikkje sett pris på fordi dei gjerne har mindre erfaring, og må derfor prestere i større grad, for å vise at dei eignar seg som sportsjournalistar. Har det blitt slik at kvinner må vere flinkare enn menn for å nå opp? Eller er det nok at dei er som ein mann?

## 7. Avslutning – kvinners plass i sporten

Å vere oppdratt i likestillinga sitt namn betyr at likskap mellom kjønna blir tatt som ein sjølvfølge. Å mase om at det framleis finst markante, og kanskje urettferdige, forskjellar mellom kvinner og menn sine moglegheiter, verkar gamaldags. I min generasjon har jenter konkurrert på lik fot med gutar sidan me gjekk på barneskulen. Ikkje berre tronar Noreg øvst på FN sin likestillingsindeks, norske kvinner gjer det til og med betre enn menn på mange område. Jenter er best i alle fag på skule utanom gym, over 60 prosent av studentane ved alle høgskular og universitet er jenter, og den norske regjeringa hadde den høgste kvinneandelen i verda med 69,2 prosent kvinnelege statsrådar i 2010 (Eia og Ihle 2010:56). Me er kanskje forskjellige, men kva så? Det har aldri falt oss inn at forskjellane kunne påverke yrkesval – eller moglegheiter. Så oppdagar me at kvinner likevel er sterkt underrepresentert i viktige samfunnsposisjonar. Plutseleg ser det ut til at det å ha eit kjønn inneber å bli tildelt ferdig definerte rollar – også i yrkeslivet. Kompetanse, interesse og innsats bør vere avgjerande i alle yrke, også i journalistikken. Like fullt finst det ei klar, kjønnsbestemt arbeidsdeling i norsk presse, og nokre av forskjellane er rett framfor oss på skjermen, i kanalen som skal representere Noreg frå si beste side.

Det ser ut som at sportsmedia har ei «tålegrense» på rundt 20 prosent kvinner. Ikkje som tilsette – men som talande individ, med meining og tyding. Som blikkfang tåler ein fleire kvinner. Ein skulle tru at over førti år med kvinnerørsle og ei rekkje andre framsteg i arbeidsliv, politikk og utdanning ville gi utslag i mediebilete – i form av auka representasjon. Overraskande er konklusjonen at det ikkje har skjedd.

Gerd von der Lippe (2010) kallar sportsjournalistikk for ein dominerande maskulin eksponeringsindustri. Grunnfjellet – sportsjournalistane – er først og fremst menn. Dei utgjer over 90 prosent av medlemmane i Norske Sportsjournalisters Forbund (NSF) i 2014. Då Dahl og Klemetsen (2000) tok for seg kven som blei portrettert og kvifor dei blei portrettert i norske media i 1998, fann dei ut at kvinnene framleis var underrepresentert i media og nesten dobbel så mange menn som kvinner blei avbilda. I sporten kunne me sjå at kvinnene var representert med 23 prosent. I kommentaren til dette funnet står det: «Det er kanskje ikke spesielt overraskende at det er flest menn i sportskategorien» (Dahl og Klemetsen 2000:61). Men kvifor er ikkje dette overraskande? Det kan verke som at det for mange er ein uskriven regel om at det skal vere fleire menn i sporten. Ein blir ikkje lengre overraska når tal fortel oss at kvinnene er underrepresentert i ein av dei kanskje mestaukande medietilboda i fjernsynet. Kvinner blir forventa å vere meir interessert i område som helse, sosial og omsorg.

I staden for å ikkje bli overraska over at menn dominerer i sportsmedia, så vil eg seie at det er nettopp det eg har blitt. Eg har skjønt at menn er i overtal i redaksjonar, men at kvinnestemma berre utgjer 20 prosent av den tida me høyrer folk snakka om sport på fjernsyn er overraskande for meg. Det som kanskje er det mest overraskande er utviklinga.

I rapporten *Hvem snakker i NRK?* frå 1994 kan ein sjå at kvinnene som medverka i sporten utgjorde 28 prosent, medan taletida deira var 9 prosent. Dersom me samanliknar med undersøkinga eg har gjort, kan me sjå i den samanlagte tabellen at kvinnene medverka 20 prosent av tida ein viste sport, med ei taletid på 27 prosent. Sjølv om ein ikkje kan samanlikne tala, gir dei oss likevel ein peikepinn på at utviklinga går seint for kvinnene sin del når det gjeld taletid i sporten.

At kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene vil kanskje dei fleste vere einige i. Men representasjon av kjønn kan ikkje alltid målast kvantitativt. Eit mål om at ein skal ha 50/50 kjønnsbalanse i ein sportsredaksjon er kanskje ynskjeleg, men kanskje ikkje eit mål som seier så veldig mykje om likestilling. Rettar, moglegheiter og trivsel i yrke kan ikkje målast i tal, men samtalar med kvinnene i sportsredaksjonen viser at sporten heller ikkje kjem veldig heldig ut på denne skalaen. Det er tydeleg at kvinnene nettopp ikkje får dei same moglegheitene, dei same føresetnadane og dei same rettane som menn. Det kan verke som at menn i sportsredaksjonar får nettopp desse jobbane fordi dei er menn.

At kvinner er underrepresentert i sportsnyheitene på NRK kan ha fleire grunnar. Å gi eit svar på kvifor menn framleis dominerer i så stor grad er vanskeleg. Kvinnene som jobbar der sjølv klarar heller ikkje kome på ein god nok grunn til at så få kvinner søker seg til sporten, men det kan verke som at det er nokre tema som går igjen.

For det første blir kvinnene som kjem inn i sporten samanlikna med menn og forventa å kunne like mykje, om ikkje meir, om sport. Informantane mine meinte at dette ofte kunne skremme kvinner sidan sport har blitt sett på som ein maskulin arena, der få kvinner har fått innpass. Dersom kvinner ikkje ynskjer, eller føler dei kan, fører dette til at mannsdominansen blir oppretthaldt og biletet av mannen som den mest representative i sporten består.

Det andre kvinnene gjerne trakk fram, og som heng saman med det første punktet, er at kvinnene ikkje i like stor grad som mannen får moglegheit til å bevise at dei faktisk er gode sportsjournalistar. Kvinnene som får prøve seg får gjerne færre sjansar enn mennene. Når ei kvinne gjer ein feil, blir dette ofte tillagt kvinnekjønnnet som heilskap og biletet av kvinna som kunnskapslaus i sporten blir gjerne forsterka. At kvinnene skal vere tøffe kvinnfolk, samtidig som dei skal bevise seg som ekte kvinner, gjer at kvinnene gjerne får ein meir splitta arbeidsidentitet enn mennene.

Det tredje punktet som særleg kjem fram er den mannsdominerte dekninga av herrefotball. Alle dei fire informantane meinte at dette var den sporten der særleg kvinner hadde vanskeleg for å slå igjennom. Sidan fotball også utgjer ein stor del av sendeflata når ein viser sport, blir mannshegemonien forsterka gjennom sportsmedia, og gir oss inntrykket av at det menn meiner og formidlar er legitimt og at mennene derfor har stor symbolsk makt på feltet.

Det verkar som at alle desse punkta fører til at det er færre kvinner som søker seg til sporten, fordi dei gjerne har sett at det er så få som får det til. Konsekvensane blir at biletet av mannen som mest eigna til å drive med sportsjournalistikk blir oppretthaldt og den mannlige dominansen blir vidareført. Sidan menn dominerer store delar av sporten, blir kvinnene underrepresentert i sportsnyheitene, sjølv om dei er synlege som ankerpersonar. Dersom ein vil lykkast må ein prestere dobbelt så bra. Eller er det nok å oppføre seg halvvegs som ein mann?



## 8. Litteraturliste

### Trykte kjelder

Bondevik, Hilde og Linda Rustad (2006): Humanvitenskapelig kjønnsforskning. I: Lorentzen, Jørgen og Wencke Mühleisen (red.) *Kjønnsforskning. En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 42-63.

Bourdieu, Pierre (1995): *Distinksjonen*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Bourdieu, Pierre (2000): *Den maskuline dominans*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Dahl, Stine H. og Brita Åse Klemetsen (2000): Det er best å være mann. I: Eide, Elisabeth (red.) *Narrespeil*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, s.53-65.

Dahlén, Peter (2008): *Sport och medier*. Kristiansand: IJ-forlaget.

Eia, Harald og Ole-Martin Ihle (2010): *Født sånn eller blitt sånn?* Falun: Gyldendal.

Eide, Elisabeth (1996): Kvinnelige journalisters dilemma. I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 129-138.

Eide, Elisabeth (2000a): «Det publikum vil ha ...». I: Eide, Elisabeth (red.) *Narrespeil*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, s. 39-53.

Eide, Elisabeth (2000b): Falske speil. I: Eide, Elisabeth (red.) *Narrespeil*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, s. 177-203.

Eide, Elisabeth (2000c): Mannsoverskudd og kvinneunderskudd. I: von der Lippe, Berit og Odd Nordhaug (red.) *Medier, påvirkning og samfunn*. Oslo: J.W Cappelens forlag AS, s. 50-82.

Eide, Elisabeth (2012): Backlash i mediene? Journalistikk og kjønn. I: Orgeret, Kristin Skare (red.) *Norske medier – journalistikk, politikk og kultur*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget, s. 134-158.

Eide, Elisabeth og Berit von der Lippe (2004): Å lese medier med kjønnsbriller. I: Von der Lippe, Berit (red.) *Medier, politikk og samfunn*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag AS, s. 263-296.

Eileng, Nils Andreas (2002): Sport som konkurransearena mellom NRK og TV 2 1992 – 2000. I Dahlén, Peter, Knut Helland og Dag Asbjørnsen (red.) *Sport og medier*. Norsk Medietidsskrift. Årgang 9, nr. 2, s. 33-57.

Fossland, Peter (2001): «Invisible» athletes in Norwegian broadcasting – A study of sports-news with focus on gender. Hovedoppgave i massekommunikasjon. CMCR Universitetet i Leicester.

Gjørven, Julie, Margunn Grønn & Helle Vaagland (2000): Det tapte tiåret. I: Eide, Elisabeth. (red.) *Narrespeil*, Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, s. 65-85.

Gripsrud, Jostein (2007): *Mediekultur, mediesamfunn*, Oslo: Universitetsforlaget.

Gundersen, Hege & Wencke Mühleisen (2006): «- Blir så jævla breibeint.» Iscenesettelse av kjønn på TV 2. I: Enli, Gunn Sara, Trine Syvertsen & Susanne Østby Sæther (red.) *Et hjem for oss – et hjem for deg?* Kristiansand: IJ-forlaget, s. 157-177.

Gunne, Monica (1996): Kvinnorum i massmedia I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 184-189.

Helland, Knut (2003): *Sport, medier og journalistikk. Med fotballandslaget til EM*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Hodne, Magnus (2001): *'Baklengs inn i fremtiden...'* Sportens rolle i NRK-fjernsynet 1960-2000. Hovedoppgave i medievitenskap. Universitetet i Oslo.

Holter, Harriet (1981): Om kvinneundertrykkelse, mannsundertrykkelse og hersketeknikker. I: Andenæs, Kristian, Tom Johansen og Thomas Mathiesen (red.) *Maktens ansikter*. Oslo: Gyldendal, s. 216-236.

Holter, Øystein Gullvåg (1996): Menn og maskulinitet i media. I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 57-64.

Hovden, Jan Fredrik (2011): Verdsleg og heilag: Ei skisse av den norske journalistikkens felt og kosmologi. I: *Sosiologisk Årbok 2011*. Utgitt av: Novus.

Hovden, Jorid (1996): Mediesportens janusansikt i et kjønnsperspektiv. I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 40-54.

Høst, Sigurd (1998): *Daglig mediebruk*. Oslo: Pax Forlag.

Jegerstedt, Kari (2008): Judith Butler. I: Ellen Mortensen mfl. (red.) *Kjønnsteori*. Oslo: Gyldendal, s. 74-87.

Langeland, Fredrik (2008): Raewyn Connell. I: Ellen Mortensen mfl., (red.) *Kjønnsteori*. Oslo: Gyldendal, s. 292-297.

Larsen, Vibeke (2000): Ut av kjøkkenet – inn på sosial- og forbrukerstoff? I: Eide, Elisabeth (red.) *Narrespeil*, Kristiansand: Høyskoleforlaget AS, s. 101-119.

Loland, Sigmund (1995): *Idrett, kultur og samfunn*, Oslo: Universitetsforlaget.

Messner, Michael A., Michele Dunbar og Darnell Hunt (2004): The Televised Sports Manhood Formula. I: Rowe, David (red.) *Critical Reading: Sport, Culture and the media*. London: Open University press, s. 229-246.

Moi, Toril (1998): *Hva er en kvinne?* Trondheim: Gyldendal.

NRK/div.forfattere (1973, 1983, 1988, 1991, 1994): *Hvem snakker i NRK?* Oslo: NRK.

Ottesen, Rune (1996a): *Fra fjærpenn til Internett*. Oslo: Aschehoug.

Ottesen, Rune (1996b): Kvinner i norsk journalistikk – fra paria til likeverd? I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 230-250.

Pedersen, Vibeke (1996): Kommersialisering af TV og kvindelige studioværter. I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 156-164.

Sand, Gunnar og Knut Helland (1998): *Bak TV-nyhetene. Produksjon og presentasjon i NRK og TV2*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Skard, Torild (1984): *Det koster å være kar, særlig når en er kvinne*. Arbeidspsykologisk Institutt og Norsk Journalistlag.

Skretting, Kathrine (1996): Kvinnelige programledere på fjernsyn. I: *Kjønn i media*. Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 164-175.

Solbrække, Kari Nyheim og Helene Aarseth (2006): Samfunnsvitenskapenes forståelser av kjønn. I: Lorentzen, Jørgen og Wencke Mühleisen (red.) *Kjønnforskning. En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 63-72.

Spears, George og Kasia Seydegart (2001): *Who makes the news? Global media monitoring project 2000*. London: World association for Christian communication.

Stevenson, Deborah (2004): Women, sport and globalization: Competing discourses of sexuality and nation. I: Rowe, David (red.) *Critical Reading: Sport, Culture and the media*. London: Open university press, s. 276-294.

Storbæk, Kristin (2008): *I hvilken grad er kvinner og menn synlige i NRKs Dagsrevyen?* Semesteroppgave i medievitenskap. Høgskulen i Volda.

Synstad, Gro (2002): *Kva gjør egentlig kvinnfolk på sportssidene?* Semesteroppgave ved Høgskolen i Oslo.

Sæter, Ingvild Dverseth (2005): *Media sin konstruksjon av idrett – ei kvantitativ og kvalitativ undersøkning av pressa si framstilling av idrett.* Masteroppgave i sosiologi. Trondheim: NTNU.

Van Zoonen, Liesbet (1996): One of the girls? Or the changing gender of journalism. I: *Kjønn i media.* Sekretariat for kvinne forskning. Arbeidsnotat 1996/2, s. 19-36.

Vogt, Helene (1984): *Sportsjournalistikk – noe for kvinner?* Institutt for journalistikk. Oslo: Norsk Telegrambyrå.

Von der Lippe, Gerd (1977): *Female interests in sports.* Oslo: Norges idrettshøgskole.

Von der Lippe, Gerd (2010): *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk.* Kristiansand: IJ-forlaget.

Østbye, Helge, Knut Helland, Karl Knapskog og Leif Ove Larsen (2007): *Metodebok for mediefag.* Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.

## **Elektroniske kjelder**

Acker, Joan (1990): Hierarchies, Jobs, Bodies: A Theory of Gendered Organizations. I: *Gender & Society* Volum 4, nummer 2: Sage Publications (s. 139-58). [Internett] Tilgjengeleg frå:

<http://www.jstor.org/stable/189609?seq=1&Search=yes&searchText=hierarchies%2C&list=hide&searchUri=%2Faction%2FdoBasicSearch%3FQuery%3Dhierarchies%252C%2Bjobs%252C%2Bbodies%26amp%3Bacc%3Don%26amp%3Bwc%3Don%26amp%3Bfc%3Doff&prevSearch=&resultsServiceName=null> [Nedlasta 13.12.13].

Acker, Joan (2001): *Å kjønne organisasjonsteori.* Kilden – informasjonssenter for kjønnsforskning. [Internett] Tilgjengeleg frå:

[http://kilden.forskningsradet.no/c17385/artikkel/vis.html?tid=17497&within\\_tid=17494](http://kilden.forskningsradet.no/c17385/artikkel/vis.html?tid=17497&within_tid=17494)  
[Nedlasta 04.02.14].

Claringbould, Inge, Annelies Knoppers og Agnes Elling (2004): Exclusionary Practices in Spor Journalism. I: Frieze, Irene H. (red.) *Sex Roles*. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://link.springer.com/article/10.1007%2Fs11199-004-0720-3#> [Nedlasta 14.12.13].

Eie, Birgit (1998): *Who speaks in television? A comparative study of female participation in television programmes*. [Internett] Oslo: NRK. Tilgjengeleg frå:  
<http://yle.fi/vintti/yle.fi/gender/whos/whosreport.html#The%20Coding%20Schedule> [Lest 13.mars 2013].

Falch, Hanne (2002): *Kvinner kun til pynt i sportsnyhetene*. Kilden – informasjonssenter for kjønnsforskning. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://kilden.forskningsradet.no/c17251/artikkel/vis.html?tid=23854> [Nedlasta 23.02.14].

Hardin, Marie og Stacie Shain (2006): “Feeling much smaller than you know you are”: The fragmented professional of female sports journalists. I: *Critical studies in media Communication*. London: Routledge. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://dx.doi.org/10.1080/07393180600933147> [Nedlasta 14.12.13].

Holst, Cathrine (2007): *Balansefeminismens begrensninger*. Kilden – informasjonssenter for kjønnsforskning. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://kilden.forskningsradet.no/c35640/artikkel/vis.html?tid=46684> [Nedlasta 24.04.14].

MedieNorge (2013): *TV-kanalenes seertall per år – resultat*. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://medienorge.uib.no/statistikk/medium/tv/219> [Nedlasta 17.01.14].

Norges Idrettsforbund (2012): *Årsrapport 2012*. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
<http://www.idrett.no/omnif/Sider/aarsrapport.aspx> [Nedlasta 15.03.14].

Norsk Journalistlag (2011): *9522 NJ-medlemmer*. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
[http://www.nj.no/no/NJs\\_arbeid/Nyhetsarkiv/2011/9522+NJ-medlemmer.d25-SwdjSXv.ips](http://www.nj.no/no/NJs_arbeid/Nyhetsarkiv/2011/9522+NJ-medlemmer.d25-SwdjSXv.ips)  
[Nedlasta 12.01.14].

Norsk Journalistlag (2013): *9144 NJ-medlemmer*. [Internett] Tilgjengeleg frå:  
[http://www.nj.no/no/Om\\_NJ/Medlemsstatistikk/9144+NJ-medlemmer.d25-SwtLK4l.ips](http://www.nj.no/no/Om_NJ/Medlemsstatistikk/9144+NJ-medlemmer.d25-SwtLK4l.ips)  
[Nedlasta 12.01.14].

NRK Sport (2013): *Lise, Harald og Arne er klare for semifinale mellom Lillestrøm og Molde. Chat og følg moroa fra kl 20.00 - NRK.no og NRK2*. 26. september 2013. [Internett]  
[Facebook] Sjå vedlegg.

Røthing, Åse (2012): *En av jenta – hvilken kjønnsforestilling spiller sportsjournalistikken på?*  
UIO – senter for tverrfaglig kjønnsforskning [Internett] Tilgjengeleg frå:  
[http://www.stk.uio.no/om/aktuelt/i-media/2006/enavjenta\\_KK.html](http://www.stk.uio.no/om/aktuelt/i-media/2006/enavjenta_KK.html) [Nedlasta 23.01.14].

## **Avissider**

Kleve, Marie L. (2009): Likestillingsombudet vil stoppe NRK-artikkel. *Dagbladet*, 17. mars 2009 [Internett] Tilgjengeleg frå:  
[http://www.dagbladet.no/2009/03/17/kultur/tv\\_og\\_medier/nrk/likestilling/5320766/](http://www.dagbladet.no/2009/03/17/kultur/tv_og_medier/nrk/likestilling/5320766/) [Lest 5.mai 2013]

Lohne, Martin (1980): TV-sportens «Kleopatra». *VG*, 23. februar, s. 27.

Rotnes, Hanne Hagen (2014): Her får Norling damebesøk. *BA* 23. april 2014. [Internett]  
Tilgjengeleg frå: <http://www.ba.no/sport/fotball/brann/article7313655.ece> [Nedlasta 29.04.2014].

## **Personlig kommunikasjon**

Hanstensen, Karin. ([karin.hanstensen@rkl.no](mailto:karin.hanstensen@rkl.no)) 8. januar 2014. *Hjelp til masteroppgåve*. E-post til Anette Hjelle Volden ([anette.volden23@gmail.com](mailto:anette.volden23@gmail.com)).

## 9. Vedlegg



1.

NRK Sport

26. september

Lise, Harald og Arne er klare for semifinale mellom Lillestrøm og Molde. Chat og følg moroa fra kl 20.00 - NRK.no og NRK2.



1Likar · · Del



o [Top Comments](#)

169 personar likar dette



Skriv ein kommentar...



**Atle Thorbjørnsen** Utrolig ekle noen av de kommentarene her. De er støtende og kvinneundertrykkende. Lise er en dyktig kommentator og flere ganger bedre enn dere, både i fotball og kommentering!

[Likar](#) · [Svar](#) · 7 · 26. september kl. 19:30 via mobile



**Glenn Remi Helgerud** Hu er helt uvirkelig slitsom og høre på og nei det er ikke kvinneundertrykkende, du har f.eks. Karl Petter Løken som er minst like fryktelig og høre på på herresiden. og hva vet du om de som ikke liker klavens om hu er bedre kommentator eller ikke? har og rimelig høy trenerutdanning så noe vet jeg

[Likar](#) · 1 · 26. september kl. 19:41



Skriv eit svar...



**NRK Sport** Hilsen Carina

Likar · Svar · 1 · 26. september kl. 19:27 via mobile



**Atle Thorbjørnsen** Javel, det er din mening. Når det kommer til fotballen vil jeg sitere Aleksander Schau; "vi har bena våre planta langt i gjørma fra steinalderen!" Bare fordi hun er kvinne er hun liksom en dårlig kommentator. Hun eier både deg og meg. Bra av NRK og TV2 å satse på kvinner, vi trenger mer likestilling, særlig i fotballen.  
Hun er en av de smarteste når det kommer til fotball. Og selvfølgelig er også Arne selvskreven

Likar · Svar · 3 · 26. september kl. 21:06 via mobile



**NRK Sport** Digger dere!!! God sending :))) ☐☐

Likar · Svar · 26. september kl. 19:26 via mobile



**Geir Helge Nordvik** lise bør ikke være sidekommentator på denne kampen - hun passer bedre inn når det er damekamper.

Likar · Svar · 1 · 26. september kl. 19:12 · Redigert



**Svein Tore Olsen** Nr̄k er best, ferdig med det!

Likar · Svar · 27. september kl. 10:23 via mobile



**Ingrid Moe Larsen** Heia Molde

Likar · Svar · 26. september kl. 22:01



**Gerd Væstad** Det var synd, for i kveld er jeg LSK fan

Likar · Svar · 26. september kl. 21:56



**Terje Anton Gudmundsson** God kamp. Heiaa...

Likar · Svar · 26. september kl. 19:13 via mobile




**Glenn Remi Helgerud** Lise klavenes hurrra,fyttifysj grunn nok til og stå over

Likar · Svar · 26. september kl. 19:07



**Bodil Dyrdal** God kamp te dikka!

Likar · Svar · 26. september kl. 18:58 via mobile



○



**Unni Fladsrud Vold** Håper på Molde, men det ser dårlig ut!

Likar · Svar · 1 · 26. september kl. 21:40 via mobile



○



**Bjørn Isachsen** Dette kom opp som en nyhet i dag, kampen ble spilt i går. NRK er alltid for sent ute.. Jeg skal ikke røpe resultatet for NRK.....

Likar · Svar · 27. september kl. 14:34




○



**Unni Fladsrud Vold** Heia Molde !!! Flinke er dere alle !!

Likar · Svar · 26. september kl. 21:50 via mobile




○



**Unni Fladsrud Vold** Lise er flink !

Likar · Svar · 26. september kl. 21:41 via mobile



○



**Tor Arne Hoelstad** skal den helvetes fotballen ødelegge radiokvelden i kveld også? nå får de faen meg sjærpe dere med den hjærnedøde møkka der.

Likar · Svar · 26. september kl. 19:10 via mobile

## 10. Kodebok

### Kvantitativ innhaldsanalyse

---

Dag

månad

år

--	--	--

Lengde på program (Start – slutt)

--

Ankerperson

Mann

Kvinne


Anker taletid


Reporter

Mann

Kvinne


Reporter taletid

Mann


Kvinne


**Kjelde**

Mann

Kvinne


**Kjelde taletid**

Mann


Kvinne


**Anna**


## 11. Intervjuguide

Namn:

Alder:

### Bakgrunnsspørsmål

Kor lenge har du jobba i NRK?

Utdanning?

Korleis fekk du jobben i NRK?

Korleis viste du at du ville jobbe med sport?

Første arbeidsdag?

### Arbeidssituasjon

Ein vanleg arbeidsdag?

Kva er arbeidsoppgåvene dine?

Korleis er fordelinga av saker?

Forskjell på sportsjournalistikk og anna journalistikk?

Kva jobbar du som?

Kunne du tenkt deg å gjere andre ting i sportsredaksjonen, som du ikkje har gjort?

Kvifor/kvifor ikkje?

Føler du sjølv at du bidrar med noko i TV-sporten?

### Arbeidsmiljø

Tidleg mannsdominans? Merkbart?

Korleis er arbeidsmiljøet? Utvikling?

Dersom det hadde vore like mange kvinner og menn i sportsredaksjonen, trur du ting hadde vore annleis? Kvifor/kvifor ikkje?

Press/prestisje forskjell på menn og kvinner?

Trur du kvinner i sportsredaksjonar blir respektert like mykje som sine mannlege kollegaer?

Viktige eigenskapar som sportsjournalist?

NRK og likestilling?

Reaksjonar frå publikum om kjønn?

Fleire kvinner i sporten no enn før, forklaring?

Korleis vil du beskrive sportsredaksjonen i NRK?

### **Stofftilgang**

Kontakt med kjelder?

Forskjell på menn og kvinner?

Har NRK gjort nokre tiltak angående kjønn den tida du har jobba der?

Kjønn som tema på arbeidsplassen?

Fleire kvinner i sportsredaksjonar vil føre til meir fokus på kvinner i idretten?